

Sigrun Okkenhaug

Den vene skåla

bokselskap.no/OsloMet
i samarbeid med Nasjonalbiblioteket
Oslo 2023

bokselskap.no/OsloMet/Nasjonalbiblioteket, Oslo 2023

Sigrun Okkenhaug: *Den vene skåla*

Teksten følger 1. utgaven fra 1935 (Norli) og er basert på skannet og ocr-lest fil fra Nasjonalbiblioteket/nb.no.

Korrekturlest og tilrettelagt av OsloMet-studentene Arild Hillestad, Linnea Holmboe og Tore Audun Serkved, våren 2023.

Filen er lastet ned fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på bokselskap.no

BARNDOM

Mor

[7] Det var vinter og hálke. Tunet på Landsem låg blankt som ei glasrute og var ei fallgruve for kvar som ikkje var kjend.

Siste regnskura hadde teke med seg oska som var strødd frå kjøken trappa til fjøs og stall. Enno yrregna det litt. So det muna lite å strø ny oske før veret vart slik at ho festa seg.

Men all denne blanke isen var ei fårleg freisting for ei lita jente som gjekk og stulla og ikkje hadde noko å ta seg til med nett no.

Vesle Ranveig var på tridje året og stor nok til å passe seg sjølv ei stund, sa mor. Det same sa far. Og Petra og Mette.

Petra heldt til i kjøkenet. Mette var i fjøset. Men båe hadde hendene fulle.

Far var på kontoret. Han tok Vesla opp åt seg ein augneblink.

«So Vesla – no må du vera stor og flink jente. Du må finne på noko å tøle med sjølv no,» sa han. Og so sette han henne ned att. –

Vesla stod i gangdøra og undras om ho skulde våge seg over tunet til Mette? Det var to nye saulam i fjøset – og denne blanke isen måtte vera fin og morosam å gå på.

[8] Ho stabba i veg. Men det bar ikkje likare til – då ho kom fire-fem steg frå trappa, datt ho. Og ho kom seg ikkje opp att.

Ho låg og kravla og kravla og fekk ikkje tak korkje for hender eller føter. Men det var spanande og det var moro å ligge slik og gli på isen. Di meir ein freista koma seg opp, di verre var det mest – ein gleid berre lenger ifrå trappa. Men kanskje kom ein åt fjøset på denne måten og?

Med eitt var det noko stort fælsleg over ein. Eit gap – og Vesla kava med hendene og illskreik. Ei klokke singla ein stad, og det anda varmt og kvævande over hovudet hennar.

Ein mann tok henne i armane sine og bar henne inn. Han snåva ein gong og gleid – men straks etter låg Vesla i mor sine armar og skreik enno.

Mor var kvit i andletet. Ho tok henne hardt innåt seg og kviskra: «Å gud, å gud! – Å gud signe deg, Vesla, at eg har deg her!»

Vesla roa seg smått om senn og sovna til slutt hos mor. Men presten fekk hesten sin innsett, og vart på Landsem til kaffe.

Han sa elles det, at hadde ikkje hesten tverrstana, so hadde han køyrt over gjentungen. For han ansa henne ikkje før.

Lensmannen, far åt Vesla, trudde so gjerne det. Og han hugsa ei soge han hadde høyrte –. Med kvart kom lensmannen og presten bort i tobakksrøyk og sogor om kloke hestar. –

Men på soveromet låg Vesla og gret smått i svevne enno. Gong og annan skvatt ho til og kava og hadde hestekjeften over hovudet sitt. Men når [9] ho kjende handa hennar mor og såg smilen hennar, sovna ho til att. –

Dette var einaste personlege minnet Vesla fekk med seg ut i livet om mor si. Tri dagar etter døydde lensmannsfrua etter ein lang og vonlaus kamp. Men i vogga låg ein liten nyfødd gut og skreik. –

Seinare i livet undras Ranveig om ho verkeleg hugsa denne hendinga. Eller om det berre var det at ho hadde høyrte det fortalt so mange gonger at ho trudde det.

Ho kom til at det var eit røyndeg minne. Det kunde ikkje vera noko anna. Mor sine ord, redsla og gleda i augo hennar – alt var so levande, so sterkt. Det måtte vera røyndom. –

Det var og første gongen Vesla høyrde ordet «Gud» slik at ho sidan mintes det.

«Gud, å gud,» hadde mor kviskra. I redsle. Frå den gongen hang det visst att litt av denne redsla ved tanken på Gud. –

Som i ein draum hugsa Vesla gravølet og eit kvitt andlet i ei kvit kiste. Det skulde vera mor, sa faster. Men Vesla skreik og sa *nei* og brydde seg ikkje om henne i

kista.

Det var blomar og mykje folk. Og det var tindrande klårt om kvelden. Det hugsa ho. For Mette budeie tok henne med åt fjøset med kalvedrikke. Og då stana dei ute på tunet og såg på stjernone.

«Ja, der oppe er mor di no,» sukka Mette. Ho tok etter forklæsnippen og snufsa og tørka vekk eit par tårar.

Vesla trudde henne. Det var ikkje noko underleg [10] i at mor var der oppe. Venteleg sat ho og kika ned gjennom eit av desse blanke hola og vilde leike med Vesla.

Og Vesla rette seg opp og ropte mor alt det ho berre vann.

Men mor hørde ikkje. Og det var underleg. For det var vel inga meining i at mor skulde gøyme seg der oppe, når Vesla skulde legge seg snart og plent måtte halde i handa hennar mor når ho skulde sova?

Vesla ropte mor enno ein gong. «Mor, mor!» Men Mette budeie sa at «no må du styre deg no, unge!» Og ho rista opp henne då Vesla tok til å skrike og remja, og vilde opp til mor.

Men då dei kom åt fjøset, var det mest som Mette trega seg. Ho tok Vesla på fanget og sa «stakkars lita». Og då fortalde ho at mor var hos Gud. Der måtte ho vera lenge, sa Mette.

Vesla gruna litt på Gud. Det måtte vera ein streng mann å koma til.

Faster

Faster var der, og sa «Ranveig». Vesla kunde høve til namn på ei lita ku, sa ho. Men ei stor gjente skulde ha sitt eige namn. Og Vesla vart Ranveig.

Ein søndag var det mykje sol og varme. Det var so stilt som det kan bli ein somarsundag når slåmaskina tegjer og hestane er i marka.

Faster hadde lagt ned Ivarguten – han skulde ^[11]sova middag. Men Ranveig var pynta i kvit kjole, kvite hosor og skor med sløyfor og fine knappar.

«Ei stor lita dokke,» sa Petra. Mette slo saman hendene og måtte retteleg sjå på stasen.

«No må du fara fint med nykjolen din,» sa faster. Ho skulde ta imot prestefolket. Dei kom til middag.

Det var ingen som hadde tid til overs åt Ranveig meir. Ho gjekk frå rom til rom og var i vegen og måtte berre finne på noko å tøle med sjølve seg.

Ho stod ute på tunet. Og det var helg rundt i kring. Ei høne spankulerte framme ved fjøsveggen, prestehesten stampa i stallgolvet, og sola skein so urimeleg varmt.

Det låg ein sanddunge frampå tunet. Det var kvit fin sand som risla so lett millom fingrane. Den var god og varm å ta i, den var gild å grava i. Det kunde bli både hage og haugar der. Det kunde bli løyndegangar og elvar og mange land.

Ranveig visste ikkje rett kor det bar til. Men om ei stund sat ho i sanddungen og bygde vegar. Ho laga kyrkjegard, og der var grava hennar mor. Den skulde ho pynte med blomar.

Det stod ei diger løvetannrot borte ved låveveggen. Rundt den grov Ranveig med stein og med fingrar. Ho fekk opp rota til slutt og planta den på grava hennar mor i sanddungen. Tett ved kyrkjegarden skulde kyrkja stå.

Då var det nokon som ropte på Ranveig. Og straks etter vart ho lyft opp or sanddungen og rista slik at ho aldri gløymde det sidan. Faster var so ^[12]sint at ho

gret. Ho fekk ikkje skikkeleg ord for seg til å skjenne.

Og Ranveig måtte ta av seg den fine kjolen og hosone som ikkje var kvite lenger. Ho fekk ikkje gå inn og helse på prestefolket slik som faster hadde meint då ho pynta henne. Nei, ho måtte legge seg i senga si og ligge der heile ettermiddagen.

«No kan du ligge der og tenkje over om du ikkje heller vil vera snild ein annan gong. Og høyre etter *meg*,» sa faster då ho gjekk frå henne. Ho var streng i augo og rettferdig å sjå til.

Ranveig kunde aldri gløyme det.

Fritenkjar?

Ranveig hadde gått på skulen ei tid. Ho hadde høyrte eit og anna både om himmel og helvete.

Det var ikkje berre lærarinna som fortalde. Nei, lærdomen kom smygande inn alle stader ifrå. Frå fjøs og frå stall, frå kjøken og tun, i heimvegen frå skulen, i frikvarter og ved leiken elles. Kunnskap samlar ein alle stader. –

Det var i skulevegen ein dag.

«Er det sant at far din er fritenkjar?» spurde Anna, dotter til klokkaren.

«Fritenkjar?» Ranveig visste ikkje kva det var. Men ho skyna det måtte vera noko leidd.

«Ja. Når han ikkje trur på Gud –.»

«Trur ikkje far på Gud?»

«Når han er fritenkjar, so –.»

«Ja men kven har sagt det då?»

[13] «Det er mange, det. Mest alle. Og han er no aldri på møte. Det segjer far òg.»

«Nei, men –.»

«Fritenkjarane kjem ikkje til Gud heller dei.»

«Ne-ei.»¹¹

Det var ikkje meir å segja om det. Ranveig gjekk berre og kjende det som ei skam at far skulde vera fritenkjar. Ho vilde ikkje tru det, men når Anna sa det so visst –. Ho skulde allvisst spyrja far når ho kom heim.

Men Ranveig vart like klok om ho spurde – Lensmannen lo berre og tok henne innåt seg ein augneblink.

«Jaso – du trur eg er fritenkjar, du?»

«Er du ikkje det då?»

Han skulde kanskje ha teke seg litt i akt for dei vaktsame augo. I grunnen var det vel ingen ting å smile åt dette med å vera fritenkjar. Tvert om. Det var sers ålvorsamt når det bar til.

Ein fritenkjar er ein som ikkje trur på Gud – ein som ikkje har nokon ting med Gud å gjera. Og Gud – men kven var Gud, og kvar var han?

Det visste ikkje Ranveig. Men ho trudde på han. Ho kjende det alt med seg kor inderleg ho trudde på han. Det var reint so det gjorde vondt.

«Er du ikkje fritenkjar då, far?»

«Jau visst er eg fritenkjar, barn. Kva skulde eg elles vera?»

Ranveig spurde ikkje meir. Det var ikkje meir å spyrja om heller. Men hadde lensmannen visst kor tung ei bør han la på dotter si med dette halvt likesæle, halvt låttmilde svaret, då hadde han kanskje ^[14]set ålvoret i augo hennar og svara noko annleis. No gjekk han berre inn til arbeidet sitt og tenkte ikkje meir korkje på spursmål eller svar.

Men Ranveig stod att. Alt i verda gjekk under for henne. Ingen ting var som det hadde vore. Skamkjensla brende henne, når ho tenkte på kameratane. No gjekk dei og visste at far var fritenkjar. At han var ein utstøytt. Alt folk visste det sjølvsagt. Og snakka om det.

Det fekk endå våge seg. Det var verre med far sjølv. Han vilde koma til helvete. Han kom til å pinas slik at det ikkje var meining i det. Varmen vilde brenne han og tusen sår vilde svi. –

Då Ranveig la seg om kvelden, kom tankane att. Då kom redsla for far – han som var fordømd. Når ho let att augo, såg ho helvete for seg. Der var store kjelar med varme under, der var den vonde sjølv. Han stakk syndarane på ein høygaffel og heldt dei over varmen. Dei skreik og vreid seg.

Ranveig tykte golvet framfor senga gleid bort. Ho såg ned i all denne redsla. Ho heldt seg fast og torde ikkje lata att augo meir.

Ho bad til Gud. Ho tagg om frelse for far sin. Men Gud var rettferdig, og Gud var streng. Det var ikkje sagt han kunde hjelpe heller, når far ikkje trudde.

Men han skulde vel kunne, dersom han verkeleg vilde? Gud – som kunde alt. Som kunde skapa jorda og alt som til hørde – han måtte vel kunne frelse far?

Med eitt hørde ho faster Anna si røyst nokon stad ifrå – eit minne berre: «all synd må sonas, [15] Ranveig, når du har gjort noko gale, lyt du bera fylgjone. Elles må ein annan lide for di skuld.»

Dette hadde faster Anna sagt ein gong Ranveig skulde ha ris. Kva gale Ranveig hadde gjort den gongen, hugsa ho ikkje no, men desse orda kom smygande. Dei var faster sine. Og då var det slik. For faster laug aldri.

All synd må sonas! Då var det ikkje von for far. Dette med soning var noko over all forstand. Det var lagnaden sjølv, og den stod ikkje til å rikke.

Men dersom Gud verkeleg var allmektig, so måtte han likevel kunne gjera eit undantak – berre denne eine gongen. Dersom han vilde. –

Ranveig stira ut i romet og torde ikkje sova. Når ho let att augo, var helvete der straks. Då sleikte logane oppmed senga, og den vonde grein mot henne.

Om mor hadde levt? – straks var minnet om mor der. Det kvite andletet, armane som heldt henne fast, mor si røyst som kviskra «å gud, å gud!» I redsle.

Mor var redd Gud. Fordi han var rettvis og streng. Som faster. All synd må sonas –.

Elles må ein annan lide for di skuld. Elles må ein annan lide –. Der var løysinga! I det var det berging. Og von.

Ranveig knepte saman hendene. Ho var roleg att. Det var som Gud hadde høyrte henne. Elles må ein annan lide –. So kunde *ho*.

Korleis orda forma seg, hugsa ho aldri sidan. Ho bad med kvar tåg i seg. Heile ho var ei brennande bøn om frelse for far.

«Lat meg koma til helvete i staden hans,» bad [16] ho, og tårone rann varme og salte or augo, «eg vil lide i staden hans. Kjære Gud, lat det bli slik.»

Ho sovna til slutt. Og då drøymde ho noko underleg. Ivar og ho gjekk etter ein lang veg. Det var audt og ikkje eit menneske å sjå. Tre og buskar kom bort med kvart, og

til slutt var det berre gråe flata same kvar dei såg. Endelaust, utan brigde strekte denne gråe flata seg. Det såg ut som vegen aldri skulde ta ende.

Men brått stod dei ute på eit stup. Dei kom ikkje lenger. Over dei var stjernehimmlen, djup blå med tusental stjerner. Men under stupet var helvete. Dei høyrde jamringa derifra, dei såg logane.

Attende kunde dei ikkje koma. Og utfor stupet vilde dei ikkje. Som dei stod der og ikkje visste kva dei skulde gjera, høyrde dei einkvan rope.

«Dersom de vil opp til himmlen, må de ta øksa og hogge føtene av dykk ved knea!»

Då dei skulde sjå til, låg det ei øks frampå stupet. Ranveig treiv henne med ein gong og vilde gjera som røysta sa. For det var Gud som tala, skyna ho. Men Ivar vilde ikkje. Han vilde slett ikkje. Alt det Ranveig gret og bad, sa han *nei*. Føtene vilde han ikkje misse.

Ranveig måtte bruke makt. Ivar stridde imot alt han vann. Dei sloss frampå stupet. Det galdt so mykje. Alt måtte ofras, tykte Ranveig. Men best som dei sloss, fór dei utfor. Dei datt og datt. Og med det vakna Ranveig. –

– Det var mørkt. Ho låg på eit lite rom breiddmed faster og Ivar. Ho hadde vore so glad då ho fekk sitt eige soverom. Men no gret ho og ropte ^[17] «faster» i redsle. Gong på gong. Ho såg alt som vondt og fælsleg var ikring seg. Ho var våt av sveite og livredd, då faster endeleg kom med lampa.

«Kva er det som står på, barn?» Faster var både streng og redd.

Ranveig vilde fortelja. Men framfor desse rolege augo og lampeskinet kvarv skrymt og uvette og vart til inkjes. Ho stota berre noko som ingen kunde skyna.

«Du er då ikkje mørkredd?» vilde faster vita. No var ho arg og attåt.

«Ne-ei.» Ranveig var ikkje det, men –. Om ikkje døra inn til faster kunde få stå oppe likevel?

Faster meinte *nei*. Ranveig var så stor gjente no at ho måtte kunne sova åleine. Dette var berre tull.

Ho breidde godt ikring Ranveig, og gjekk med lampa. I døra snudde ho seg og nikka.

«Du vil då bli eit *kvinnfolk*, Ranveig – og ikkje ei sål' som er redd skuggen sin? –
Bed fadervåret ditt, barn – og sov.»

So vart døra attlaten.

Ranveig og far

Ranveig var med far sin til skogs ein dag. Dei skulde sjå etter sauene.

Det blåna av blåber i haugane, og på myra stod molta fullmogen. Somaren var på sitt høgste.

Rett som dei gjekk og tagde og tenkte kvar på sitt, tok far til å tala om mor.

[18] «Du blir so lik mor di med kvart,» sa han. «Ja, du hugsar ikkje mor di heller du, kanskje?»

«Jau, eg trur det. Det var ein hest som heldt på trampe på meg –.»

«Det var prestehesten, ja –.»

So tagde far ei lang stund igjen. Han tenkte kanskje på den dagen.

«Ho var so glad i moltor mor di,» tok han endeleg til att, «ho òg var med meg inn gjennom marka her ein dag. Det var før du var fødd, og moltone stod mogne som no. Eg måtte minnas det då eg såg du hoppa frå tuve til tuve i stad. Du var so lik henne, Vesla.»

Det gamle kjælenamnet! Stilla i skogen, og far – det var so høgtidsamt. Og mor var med liksom.

Ranveig smetta handa si inn i far si. Ho visste ikkje noko å segja. Men far skyna henne sakte. Han gav den vesle handa eit lite trykk. Og so gjekk dei tagale ei lang stund.

Dei kom til ei slette. Det stod ei einsleg furu der, og ei høybu noko lenger framme. Høybua var skakk og grå og taklaus mest, men furua var stor og vid og full av fine små konglor. Her hadde sauene halde til, såg dei. Men no var dei borte.

«Her skaut eg første tiuren min,» fortalde far, «den dagen var eg noko til kar, må du tru. Det var i solrenninga. Eg var berre guten og fekk vera med 'n farfar på speljakt. Vi låg her morgon etter morgon. Vi såg når sola gyllte berga og tretoppene. Vi hørde leiken.

Vi skaut. Og skot i skot hørde vi alle rabbane ^[19] bort etter. Det var som eit eventyr. – Men første morgonen eg stod med min eigen tiur i hendene – den eg sjølv hadde skote – jau, du kan tru eg kjende meg vaksen kar med eitt!

Eg tykte helst farfar tok det for roleg – det var liksom inga storhending for honom. Men då eg kom heim, gjorde dei augo. Då var eg kar. –

Åja, det var godt å vera gut. Eg trur mest det var sol stødt den tida.»

Ranveig gjekk berre og lydde. Høgtida var over henne. Og ho vilde ikkje segja eit ord som kunde skiple.

Det var so stilt i skogen. Sola skein i furua der borte og på høybua, tettegras og klokkelyst lyste opp bort etter sletta. Ein kunde godt tenkje seg alvane danse her høgstnattes, ein kunde gjerne vente å sjå ei huldrerumpe borti skogholtet der.

Annsemda, uroa og slitet som hørde kvardagen til, nådde ikkje hit. Her råde stilla. Og her var godt å vera. –

Men dei måtte vidare. Ei bekkesildre småsladra og smaug seg gjennom mosen. Ein krull med bekkblom lyste opp. Men ingen sauer. –

Dei kom dit granskogen mørkna. Det glisna millom tellone. Den eine kvite stubben lyste mot dei etter den andre. Og kvistdungar låg her og kvar.

Lensmannen tala ikkje meir. Andletet hadde mørkna, og tankane var ikkje lette.

«Var det her dei hogg i vinter?» vilde Ranveig vita.

«Ja.»

^[20] «Det ser ut som ær når ein ser stubbane slik –.»

«Det er ær.» –

So mintes Ranveig ord ho hadde høyrte og halve setningar. Nokon hadde gått ifrå garden sin –

«– og lensmannen var visst hardt borti'n,» hadde drengen sagt ein dag. Han hadde tagt då Ranveig kom. Og faster hadde vore meir enn vanleg streng og ålvorsam ei tid. Noko var det.

Ranveig var gamal nok til å tenkje sjølv og legge saman, om ho ikkje skyna alt. Kausjonsansvar hadde vore nemnt. Eit vondt ord, visste ho.

No hadde ordet nådd fram til lensmannsgarden. Til henne og far og Ivar. Og til faster.

Difor måtte skogen gå. Difor glisna det millom tellone.

Det er ær, sa far.

Ranveig gjekk og kjende på seg at det var ikkje berre ær – det var helst opne sår enno. Ho skulde lagt ei dulmande hand over desse såra. Ho skulde vore god med han far no.

So kunde ho berre tegja, for ho fann ikkje ord. Og ho visste ikkje ein gong om han skyna henne. Men ho vona det.

Dei gjekk der og tagde mest. Og tenkte kanskje kvar på sitt. Men likevel hørde dei saman på ein reint forunderleg måte.

Sauene fann dei ikkje den dagen.

Marknad

[21] Marknad! Kva for eit underleg ord er ikkje det. Glade folk i vegane, hestehandel og drykk. Telt som reiser seg til ein heil by og dreg folket åt seg med rike fargar.

Røykesild i kassor, drops og tynnor med eple. Paradiset når ein har skillingar i lumma.

Lengst borte på marknadsplassen er karusellen. Der er hestar og båtar, der er raude lykter og blå og grøne. Det store positivet spelar. Spelar og spelar. Det riksar og skrik, men det er herleg musikk. Den heng att i øyro lenge etter at ein har krope til sengs, den heng att i dagar.

Bortanfor karusellen er vokskabinettet. «Kom og sjå!» roper den tjukke dama som vaktar inngangen. «Kom og sjå! Napoleon og Dreyfus, Bismarck og dronning Draga, bra folk og mordarar. Alle får de sjå for fem og tjuge øre. Kom og sjå, godtfolk.»

Heile dagen står ho der og roper. Og straumen går ut og inn. Mange vil sjå.

I eit telt syng dei visor. Ei kjerring klær seg ut som feiar og som politi, som kokk og som sjøgut. Ho syng. Somtid klimprar ho på ein gitar, somtid halar ho i eit gammalt dragspel.

«Torvald, Torvald – har du set min Torvald her,» syng ho. Då er ho kokk. Og ho skjegler ned etter benkeradene og sender slengkyssar i fleng. Det er lått og løjje, det er berre moro.

Sorg og sut er lagt att heime. Her er marknad. Her er liv. Og det er godt å leva. –

[22] Ranveig har vore med mjølkekøyraren. Det er tidleg på dagen og tolleg roleg. Ho går i teltbyen og ser og ser, og blir aldri mett av å sjå.

Ho har fem og tjuge øre knytt fast inn i neven. Kva skal ho bruke den vesle blanke skillingen til? – Honningkaka freistar, dropsa freistar og dei raude epla i tynnene.

No skal ho bruke skillingen, meiner ho, no skal ho kjøpe – men so let ho det vera likevel. Ho *har* berre fem og tjuge øre, og det gjeld om å velja det likaste.

Ho går frå telt til telt. Ho får tilrop frå ty- og klokkejødar, frå godmette eple- og honning-kakekjerringar.

«Skal den lilla vakre gjenta inte kjøpe en finfin møssa til vinteren?»

Jøden held fram huva. Men Ranveig er alt ved næste telt.

«Ei honningkake, frøken? ekte honning!» Kjerringa tar eit stykke or kassa og byd fram. Ho har ein rykande kopp kaffe i andre handa, ho tygg og pratar og slurpar kaffen i seg. Og legg ned honningkaka att, då Ranveig ikkje svarar.

Det surrar ikring ein av prat. Og storparten er ikkje til å skyna. Men over alt skjer karusellen inn.

Skulde ho bli med karusellen ein tur? Det kostar berre ti øre. Ho står og ser på dei som er med. Det er lys dag, og dei kulørte lyktene er ikkje tende no. Men den droplute hesten har stasgreide på, og vogna er klædd med raudt klæde.

Ei gjente stig ut or ein båt. Ho er grøn i andletet ^[23] og ynkar seg. Ho svagar på føtene og held på skal stupe. Men ho lær lel. – Ho er både løgjen og stygg å sjå til. Nei, Ranveig vil ikkje vera med karusellen.

Ho kjem bortåt vokskabinettet. Dama står der og roper: «Berre fem og tjuge øre! Stig på! Bismarck og Dreyfus –.»

Dit gjekk Ranveig. Det kom so brått for henne at det måtte vera gildt å sjå desse ho kjende litt til. Som ho hadde lese om.

Ho fylgde straumen og kom inn i eit mørkt telt. Ei lampe hang opp under taket og lyste, ei til lenger inne.

Det var spent taug frå vegg til vegg. Det vart som gangar, og innom desse tauga stod voksfigurane. Der stod Bismarck og Napoleon side om side, der stod Dreyfus og ein dei kalla Jack ripper – det skulde vera ein stygging til å ta liv.

Ein mann gjekk og synte fram karane. Han var ikkje heilt stø i soga alltid; men det gjorde ikkje noko. Folk lo og tykte det var moro lel.

Ranveig tykte helst det var uhyggeleg. I denne halvskuminga såg voksdokkone reint levande ut. Det blinka i augo når ein såg dei på leida. Dronning Maria

Antoinette stod og nigja og smilte mot ein. Men når ein kom heilt bortåt, såg ein vel at det ikkje fanns liv.

«Det er mest som ei rekke påklædde daudingar», kviskra det bak Ranveig. Det var to vaksne gjentor som gjekk arm i arm og stakk hovuda saman og kviskra.

Med eitt kjende Ranveig at ho var åleine. Millom [24] alle desse folka og alt dette pratet var ho heilt åleine. Ingen å gå arm i arm med, ingen å kviskre eller læ saman med.

Det var ikkje ein som gådde henne og kjendes ved henne, ikkje ein som hadde ein smil eller eit lite ord til overs til henne. Og innanfor tauga stod berre daudingar og grein.

Ranveig vilde ut. Ho gjekk forbi ei som skulde ha drepe mannen sin og mor si og to born. Ho såg skygg til sides på henne og tykte mest ho rette ut handa –.

«Eg vil ut,» sa Ranveig og trengde seg framom dei som stod og hørde på denne fælslege soga. Dei skubba til henne og gav vondt frå seg. Ho ansa det ikkje. Berre ut, berre vekk frå alt dette vonde som vilde kjøve henne.

Då ho stod utanfor teltopninga, kjendes det som hadde ho sloppe unda ein fåre. Her ute var livet!

Her spela positivet, der kvein dei og lo – og framfor henne låg telt i telt med honningkakor og tyvaror. Eit lite telt med glasvaror hadde ho ikkje ansa før. Dit gjekk ho no.

Der var blomeglas og fløytstell. Der var glasasjettar og små koppar. Raude glas og grøne glas. Ei lita skål av pressa glas var serleg vakker. Det var små rosor pressa inn i glaset. Ranveig kunde ikkje få augo frå denne skåla.

«Skal ikkje lilla frøken kjøpe denne skåla?» smiska dama bak disken, «berre sjuttifem øre – reint røvarkjøp».

Berre fem og sytti øre! Og Ranveig åtte ikkje [25] det som heitte pengar. Hadde ho enda havt dei fem og tjuge ho kasta bort på vokskabinettet! Ho sette frå seg skåla.

«Eg har ikkje pengar,» sa ho.

«Pengar? – sjuttifem øre er då ikkje pengar å rekne for? – Men frøken har vel ein papa i minsto? Eg kunde sette til sides skåla ei stund.»

Og utan vidare sette ho skåla til sides. – –

Ranveig gjekk til losjiet og fekk tak i drengen. Han hadde funne kjenningar og tykte det var tidleg å fara heim.

«Når du ikkje får i veg i ettermiddag heller –.»

«Det veit ikkje du noko om. Og elles so er det det same for deg. Eg *må* heim no.»

«Men du har då ikkje set noko enno?»

«Eg har set nok. Og no vil eg heim.»

Ranveig tok på seg køyrekåpa. Og då var det ikkje anna å gjera enn å spenne for. Men Hans dreng var sint. Han murra noko om ungar og utidige påfunn –.

Ranveig ansa det ikkje. Ho hadde anna å tenkje på. Den fine glasskåla!

Om ho spurde far? Faster nytta det ikkje med. Men far? Hjarta banka ved tanken. Far var so langt unda. Han sat på kontoret og vart framand og høgtideleg. Men likevel – tanken lokka som eit lite eventyr. –

Hans tina opp med kvart og var ikkje sint lenger. Han prata og vilde vita kva Ranveig hadde set. Men Ranveig svara ikkje stort.

Ho sat og tenkte seg gangen innover til kontoret. Ho gjekk forbi Mo, lensmannsdrengen, ho stod inne [26] hos far –. Om ho fekk fem og sytti øre? – Nei, ho våga det visst ikkje.

Men då ho kom heim og hadde fått av seg køyrekåpa, gjekk ho likevel beint inn til far. Ho stod framfor han og var ikkje so verst redd heller. Han såg opp frå protokollen.

«Er det noko du vil, Ranveig?»

«Eg vilde so gjerne – kan eg få fem og sytti øre, far?»

«Fem og sytti øre? Kva skal du bruke dei til?»

«Det var ei glasskål på marknaden. Ho var so fin. Det var rosor rundt ikring. Ho kosta fem og sytti øre –.»

«Gjorde ho det, du? Det var ikkje drops i den skåla, veit eg?»

«Nei. Det var ei retteleg skål. Ho var ikkje so stor, men –.»

Då far fann fram pungen og leita i pengane, kjende Ranveig kor redd ho hadde vore lel – kor ho hadde grua seg. No det var over, hadde ho venger og kunde flyge.

Og flaug gjorde ho den lange halvmila nedåt marknadsplassen. –

Heimover gjekk det seinare. Ho stana gong og annan og såg på skåla. Og kjende ilingar av glede over at det verkeleg var hennar.

Dei fine rosone, blada som slynga seg om einannan – det var som ei ven lita soge, ein lys tone som song seg inn i hugen.

Det var først då ho såg husa heime, at ho kom i hug faster og at ho hadde sprunge sin veg uløyves. [27] Men det gjorde liksom ikkje so mykje likevel. Den vene skåla heldt unda dei vonde tankane.

Det var slik ei forunderleg skål. Ho var fyllt med glede. Om ein var sorgtung og modlaus, so måtte ein bli glad når ein såg noko so vent.

Slik kjende Ranveig det. Og det måtte vel gå an å få faster til å skyna det med?

Men det gjekk ikkje. Faster var streng i augo. Ho var hard i røysta, og ho brydde seg ikkje om skåla. Ho såg ikkje at det var noko anna enn ei vanleg glasskål. Og det var ingen ting å renne uløyves på marknaden for. Når ho hadde fått lov til å vera med mjølkekøyraren først òg!

«Og kven fekk du pengane hos?» sa faster til slutt.

«Hos far.»

Endå var det ei duld lita gleda i røysta. Far hadde skyna henne. Han vilde sjå kor ven den vesle skåla var. Han vilde sjå kor rosone blømde. Difor smilte Ranveig. Og augo var djupe av lukke trass i alt.

Men faster fælte for at Ranveig ikkje hadde skyna retteleg kva gale ho hadde gjort. Ho sette seg breiddmed henne og fortalde kor om å gjera det er at born er lydige. Dersom dei ikkje lærer seg til å bøyge viljen sin medan dei er små, blir det stridt sidan.

Og viljen må bøygjas. Først under Guds vilje sjølvsgt. Men dersom borna ikkje lærer seg til å bøyge viljen sin under menneskja, lærer dei ikkje å bøyge seg for Gud heller. Og då blir dei usæle.

«Trur du ikkje Gud såg korleis du let din eigen vilje rå' med deg i dag, Ranveig? Trur du han likte [28] det? – Han visste vel so godt som du at du sprang uløyves – og han fylgde deg heile vegen. Ver du viss. – Det er det med det, ser du, at sjølv om du kanskje tenkte å løyne dette for meg, so *kan* du ikkje løyne noko for Gud. Han ser *alt*. Han ser inste tanken din og kvar ei syndig lyst. Du skal hugse det, Ranveig, at for Gud kan du aldri løyne deg.»

Faster reiste seg. Ho var høgtideleg då ho tok den vesle fine skåla og læste ho inn i skåpet. Det var best for Ranveig, sa ho. Det vilde vonleg lære henne å bøyge den stride viljen sin ein annan gong.

«Eg må gjera dette fordi eg vil deg vel,» sa faster, «fordi eg vil du skal vekse opp til eit sant og lydig menneske.»

So gjekk ho. –

Gråte? Nei. Men om ho kunde skrike eller slå. Helst slå so det sveid og brotna rundt ikring –.

Men Ranveig slo ikkje. Ho sat kurende still. Ho sokk og sokk ned gjennom eit endelaust djup. Og aldri vart ho glad meir. Det kjende ho.

Den vesle vene skåla

Det var det med faster at ho hadde so lite fantasi. Ho gjekk på jorda, sa ho gjerne sjølv.

Men ein ser ofte so lite då. Og når ein ikkje ser, so skynar ein ikkje heller.

Som no med den vesle skåla hennar Ranveig. Der Ranveig såg blomar og blad og fine små roseknappar som raudna – der såg faster Anna berre [29] vanleg pressa glas – nokre figurar pressa inn i glaset.¹² Det kunde gjerne vera rosor; men kva hadde so det å segja?

Når Ranveig tykte den vene skåla var fylt til randa med glede, då såg ikkje faster anna enn at skåla freista til ulydnad og trass. Og slike fårlege kjenslor må ikkje nøras.

Difor vart skåla sett i skåpet og læst inne. Dermed var den soga ute, meinte faster.

Men for Ranveig gjekk det ikkje so lett. Ho gløymde ikkje skåla fordi om ho var innlæst. Ho stod framfor skåpet. Og der innom døra var sjøelve gleda. Der var det ei lita glasskål som var hennar.

Kva rett hadde faster til å gøyme den vesle skåla? Kva rett hadde ho til å preike om det ho ikkje såg eller skyna?

Ranveig stod framfor skåpdøra og hadde eitt ynske i verda: den vesle skåla med rosone.

Ho fekk tak i ein nykel og freista få opp døra. Det var ikkje den rette, men det kunde hende han gjekk.

Han gjekk ikkje. Han sette seg fast i låsen og var ikkje til å rikke meir – korkje att eller fram.

Då smaug Ranveig seg ut. Ho hadde ikkje meir her å gjera. Og faster kunde få rasa frå seg åleine først. For no vart ho ikkje blid – det kjende Ranveig på seg.

Og den gongen kjende ho rett. Det vart ålvor. Først stod faster og fikla med nykelen ei lang stund og skyna ingen ting. Låsen vilde ikkje opp. Og då det bar til, var det ein galen nykel. Men kvifor? og kven?

[30] Faster tok til å rekne og legge saman. Ho såg ei lita gjente som vilde trasse seg til sitt utan omsyn. Ei som ikkje gjekk av vegen for noko, ikkje for tjuving eingong – når ho berre kunde få det ho vilde.

Ho såg ikkje skåla, såg ikkje lengten etter gleda – ho såg berre den trassige eigenviljen som måtte tuktas i tide.

På nytt lag tok faster Anna Ranveig for seg og tala ålvor med henne. Om ho ikkje skyna det var reine brotsverket ho vilde gjera med å bryte seg inn i skåpet med ein framand nykel?

Det var simpelt tjuveri, og det var slikt ein vart straffa for. Det skulde Ranveig vita – ho som var dotter åt lensmannen.

Men Ranveig brydde seg ikkje større om tjuveriet. «Det er mi skål,» sa ho berre. Ho meinte det. Og faster kom ingen veg med henne. –

Det er ikkje greidt å vera i mor sin stad. Ein strevar og slit og gjer sitt beste. Og so ein vakker dag står ein der likevel og møter ikkje anna enn trass og motvilje.

Dette med glasskåla og denne snarturen ned til marknaden utan lov – det var so lita ei sak, det var ingen ting i grunnen.

Men det vaks og vaks. Det vart ein mur av trass og eigenvilje som faster rende hovudet imot gong på gong.

Og glasskåla der innom skåpdøra vart alt det Ranveig ynskte seg. Den blømde i tanken og var full av skinande glede. Og var det ikkje Ranveig si eiga? Hadde ikkje ho fått pengane av far? –

[31] Då faster til slutt henta far for å få ein ende på striden, såg Ranveig på han med so truhjartige augo. Far vilde skyna henne, det visste ho.

«Du skulde ikkje sprunge uløyves,» sa far. Han heldt med faster. Men det gjorde ikkje noko. For det *måtte* han sjølvsagt gjera. Det skyna Ranveig òg.

«Og no vil ho plent ha skåla,» sa faster, «men eg synes ikkje det er rett slik utan vidare. Ho får vente og vise at ho vil vera lydige og snild gjente først. Det er no mi

meining.»

Det var no det kneip. Ranveig såg på far – og det var otte og tru i augo. Vilde han skyna?

«Kva skal du med den skåla då, Ranveig?»

«Eg vil ha 'a hos meg. Ho er so ven.»

«Er ho det, du? Då skulde vel eg òg set henne?»

So måtte låsen opp likevel. Noko gjekk sundt. Men det ansa ikkje Ranveig.

Far stod med skåla i hendene. Og han sa ingen ting. Han smilte ikkje ein gong, slik som då han gav henne pengane. Han var ålvorsam, og mest sorgtung å sjå til.

«Det var ei ven skål,» sa han endeleg.

Men han såg ikkje på skåla. Han såg på noko langt borte eller langt inni seg. Det kom brått for Ranveig at no tenkte han på mor.

Ho våga ikkje segja noko. Ho kjende berre kor hjarta hamra og blodet banka i årane. Det var ei underleg stund.

«Men er du no viss på at skåla er verd so mykje, at du vil gjera eit menneske vondt for den si skuld? slik som du gjer mot faster di no – og mot meg med?»

[32] Far sa ikkje stort anna. Og orda kom so stilt. Men dei banka inn i øyro om kapp med blodet som banka. Dei fyllte romet og ropte mot henne.

«Er ho no so mykje verd? – Er ho no so mykje verd?»

Det kunde ikkje Ranveig svara på. Ho stod der og sa ingen ting. Ho kjende berre at dei vaksne skyna henne ikkje.

«Du skal få ha skåla likevel – denne gongen,» sa far med eitt. Og gjekk. Det var nokon som vilde tala med lensmannen.

Men Ranveig stod att med skåla i hendene. Ho hørde ikkje kva faster sa – anna enn eitt og anna ordet som gleid forbi.

Men ho kjende at noko hadde vorte annleis. Den vesle glasskåla var ikkje fyllt til randa med glede lenger. Roseknuppene levde ikkje og raudna. Det var berre ei vanleg lita skål av pressa glas ho heldt i hendene sine.

Og den var ikkje verd mest nokon ting. No lenger.

Bøker

Ranveig var glad i bøker. Frå ho vart sopass ho kunde lesa reint, var bøkene beste venene hennar!

Ho las og levde med. Ho las og dikta vidare i sine eigne draumar. Bøkene og draumane var med og gjorde barndomen hennar lys og god.

Det var so mangt som kunde vera vondt. Verst var saknaden etter mor. Serleg når ho var glad.

[33] Når noko tok henne heilt og sjølv livet var lukke, då var det vondt at mor var borte. Då sprengde kjenslone på – – og faster skyna henne ikkje.

«Overspente gjentungar,» sa faster berre. Og snudde seg ifrå. Ho gjekk på jorda med so trygge steg. Ho såg ikkje at ho trampa på eit skjelvande lite hjarta.

I slike stunder kunde saknaden koma som eit skred. Og einsemda kom sigande etter. Då var bøkene gode å ty til. Det lærde Ranveig heilt tidleg.

Ho hadde lett for å lære. Og ho var ikkje gamal før ho tok etter andre bøker enn leksone. Med kvart leita ho seg fram til dei som fanga henne mest – til dei som heldt henne fast, i spaning.

«Røvarbøker,» sa faster og gøymde dei kvar ho kom over dei. – Men Ranveig fann dei att – eller ho fann nye. I boksamlinga hans far, eller i folkeboksamlinga. Di fælare og meir slitne bøkene var, di meir spanande var dei òg. Det skyna ho snart.

Faster grein og skjente for desse fæle bøkene; men endå verre var det at Ranveig gjerne luska unda arbeidet for ei slik bok.

Når «Rosen på Tisteløen» låg og venta, var det ikkje godt å halde henne fast ved oppvasken eller ved bundingen. Såg ho sitt snitt til det, var ho straks borte. Og faster skjente.

Ranveig skulda på leksone somtid. Ho sat på romet sitt tidast. Der fekk ho sitte i fred. Og då sat ho gjerne med saga eller uttydinga budd.

Når¹³ so far kom – eller endå verre faster – stakk ho romanen til sides og hadde uttydinga oppslegen framfor seg.

[34] Og Ranveig ramsa i veg: «eg Herren din Gud er ein nidkjær Gud –.»

«Det er rett, Ranveig,» nikka far til henne, «lær leksone dine til gagns –.»

So gjekk han vidare mot kontoret. –

Men det hende han strauk Ranveig over håret når han gjekk framom slik.

Då vart Ranveig veik, og det kjendes som svik når ho då hadde stukke til sides moroboka straks før.

Då las ho gjerne lenge og vel på leksone etter at far hadde gått òg.

Men hugen og tankane var hos «Rosen» eller ei anna kjærleikssoge. Og når det leid om ei stund, var augo der med. Ho måtte sjå korleis det gjekk. Og verda fekk svive som ho vilde for Ranveig.

Klokkar-Anna

Klokkar-Anna var ei lita visdomskjelde å ause or. Alt visste ho.

Far hennar var emissær og reiste mykje. Og all som tidast var det framandfolk i klokkargarden. Eitkvart snakka dei om. Og Anna høyrde somt av det.

Ranveig og ho hadde fylgje frå skulen. Dei plukka blomar i lag. Første blåsymra om våren – prestekrage og liljekonval seinare, etter som dei vaks til.

Dei bar med seg blomar åt lærarinna – seinare åt læraren. Dei leita fine runde steinar som dei kasta med. Og somtid prata dei berre.

[35] Ein dag snakka Anna om synd. Det var små synder og store synder. Dei sette seg som flekker på sjela. Some vart store svarte flekker som det mest ikkje var råd å vaske av.

Men ei synd var verre enn andre – synda mot den heilage ande. Den fanns det ikkje tilgjeving for. Jamvel om Gud *vilde*, kunde han ikkje tilgjeva den synda. So stygg var ho, og so fårleg. [u4](#)

Men korleis var den synda då, vilde Ranveig vita.

Anna visste det ikkje. Ho hadde spurt far sin ein gong, men ho hadde ikkje fått noko retteleg svar.

Dei gjekk arm i arm, gjentone. Dei dreiv etter vegen og hadde god tid.

Ranveig gav seg ikkje. Ho vilde ha greide på denne synda som var verre enn alle andre synder.

Var det å *banne* den heilage ande, tru?

Nei, Anna visste ikkje. Men ho òg hadde tenkt på om det kunde vera det?

Dei stira inn i noko løyndomsfullt – noko over alt vit. Og banninga forma seg i tanken hennar Ranveig.

«Eg bannar den heilage ande, eg bannar den heilage ande – Nei. Gud, du veit eg meiner det ikkje – eg vil det ikkje.»

Men på nytt lag forma banninga seg.

«Eg bannar –.» –

Men kunde det verkeleg vera so fårleg? Desse orda berre? Når ein ikkje meinte det og ikkje vilde det – når orda berre kom sjølve seg fordi ein gjekk og tenkte på dette eine.

Ranveig undras. Ho spurde Anna. Og Anna såg forfælt på henne.

[36] «Du må ikkje tenkje slike tankar, Ranveig. Det er synd. Og dette er den verste synda av alle.»

«Men trur du det er å banne heilaganden som *er* synda då?»

«Eg veit ikkje. Men det *kan* vera det.» –

Lenger kom ikkje Ranveig med Anna. Ho tenkte spyrja far om denne løyndomsfulle synda som det ikkje fanns tilgjeving for. Men ho kom seg ikkje til.

Ho tenkte på faster òg, men slo det ifrå seg som rådløst. Faster sa ein skulde halde seg til Vårherre og gjera kvar mann rett og skjel. So fekk ein fred.

Men denne synda mot den heilage ande hadde ikkje noko med det å gjera. – Den leika i hugen som det løyndomsfulle gjer. Under leik og under arbeid dukka tanken på dette opp. Den var ikkje til å koma ifrå.

So tok Ranveig til å lesa i bibelen ein dag. Ho fann so mykje vent. Og so mykje stygt. Men sjølve det stygge var annleis enn alt anna ho hadde lese. Det var høgtidsamt. Og orda beit seg fast.

«Thi det had hvormed han hadede hende var sterkere end den kjærlighed hvormed han havde elsket hende,» stod der.

Underlege ord. Ikkje til å skyna. Men dei hang att i minnet.

Om synda mot den heilage ande fann ho ikkje noko. Ho hadde tenkt å lesa bibelen frå perm til perm. Men han vart for dryg. Og det var andre bøker som drog meir. –

Ein dag hørde ho far og presten tala om ei [37] bok som heitte «Jesu liv». Det var ein franskmann som hadde skrive boka, skyna ho.

«Den argaste fritenkjar,» sa presten.

«Kan so vera,» sa far; «men likevel har ingen gjeve meg eit venare og rikare bilete av Jesus.»

«*Mennesket Jesus*, ja.»

«Kan vera det.»

Far sa ikkje anna. Men han smilte so underleg mot presten. Dei sat og røykte og prata – og no vart dei var Ranveig. Då tagna ordsiftet. –

Men Ranveig kunde ikkje gløyme desse orda. So snart ho såg seg høve til det, fann ho fram «Jesu liv» av Renan. Ho stod i bokhylla inne hos far.

Det var ei keidsam bok. Ho måtte ha bibelen breiddmed seg for å kunne fylgje med. Det vart arbeid. Det vart ikkje dikt og draum lenger.

Men likevel var det noko dragande i dette å leite etter sanninga om Gud og Jesus. Ranveig tok til å tvile. Renan vilde prove at Jesus ikkje var Gud. Sjølv sagt hadde Renan rett. –

Og då klokkar-Anna og Ranveig møttes ein dag igjen, tok Ranveig til å legge ut om meiningsløysa ved jomfrufødinga. Mirakla plukka ho sund til ingen ting. Ho brukte ord so ho kunde slå i hel ein vaksen ein.

Anna freista legge imot. Men Ranveig var ikkje til å stagge.

Til slutt sa Anna heilt stillferdleg og mest sorgtungt: «Har du vorte fritenkjar du òg no?»

Med det gjekk ho heim.

Men det var vondt å sjå ryggen hennar, då ho gjekk bort etter vegen. Ho var so lita og fatigsleg. –

[38] Den kvelden sette Ranveig Renan inn i bokhylla att. Og bibelen la ho til sides. Ho las «Lodsen og hans hustru», og tykte livet var tungt. Men fritenkjar var ho. Trudde ho.

Sverre

Det kom ny dreng til Landsem ein dag. Han heitte Sverre, og var i tjugeårsalderen.

Han var ven. Det mørke håret krølla seg kring panna. Og augo var det ikkje botn i. Han hadde so lett til låtten og dei kåte ord. Og Ranveig skjemta han med frå første dagen.

Ranveig gjekk i sitt femtande år den gong. Og verda var underleg å leva i. Det vakna tankar som ikkje var tenkte før. Sæle draumar sveiv i hugen. Og ingen måtte kjenne dei løynlege tankar og ynske.

Sverre var ikkje som andre. Han kunde godt vera ein forklædd prins – som han i eventyret. Han som fekk prinsessa med seg og ikkje gav seg til kjenne før ho mjukna og lengta etter prinsen.

Eller om han ikkje var prins, so kunde han vera eitkvart anna stort. Han hadde berre reist ut i verda og vilde sjå og lære. Og no var han her.

Ein dag tok han Ranveig med seg kanskje. Dei budde i ei hytte og gjekk igjenom det utrulege av naud og saknad. Men aldri klaga Ranveig.

Og ein dag kom han og sa at no skulde all liding vera slutt. No skulde dei heim til hans, til slottet eller ættegarden. Og livet var berre lukke. –

Slik drøymde Ranveig. Men når Sverre lo mot ^[39] henne med dei mørke augo sine, då drøymde ho ikkje. Då banka hjarta tungt og frygdefullt. Tanke og draum var ikkje meir. Det var godt å vera til. –

Sverre var finare enn dei andre. Det fanns ikkje råskap hos han, korkje i ord eller faktor. Når karane kom med dryge vitsar og gaplo åt nærsagt alt, heldt han seg gjerne unda. Han var ikkje med på alt. Det merka ein snart. –

Den våren og somaren var det godver stødt. Og dagane flaug. Sjølv faster var velnøgd. Ho trong ikkje be Ranveig vaske koppar etter middagen. Ranveig gjekk i kjøkenet sjølvmint. Og ho song og lo og var som ein annan ungdom. Du skal sjå det blir arbeidsmenneske av henne, tenkte vel faster og var glad. –

So var det ein dag i høyberginga. Ivar køyrde imillom. Og Ranveig var på lasset. Dagen var varm, og høyangen sterk og tung.

Dei fekk inn det høyet som var tørt og gamalt nok då det leid ut i kveldsøkta. Etterpå bar det på låven.

Ranveig og Ivar hoppa om kapp frå takbjelken og ned i høystålet. Det kildra i magen. Det var som å sleppe livet med same ein fór i veg. Men det var moro.

Sverre var òg med. Han rette ut armane ein gong og tok imot Ranveig. Ein augneblink heldt han henne innåt seg. Det tendes noko i augo. Og Ranveig lo ein lukkeleg liten lått der ho kleiv opp på nytt lag.

Ivar vart snart leid heile kappinga – dei såg ikkje meir til han. Då tagna låtten hennar Ranveig med kvart. Det kjendes fårleg å vera her.

[40] Men endå ein gong hoppa ho. Sverre tok imot. Og no slepte han ikkje. Dei sat i det mjuke høyet. Og det var berre dei to. –

Med eitt kjende Ranveig handa hans famlande innpå kroppen sin. Ho skyna ikkje straks, og flytta seg. Men han kom etter, og heldt henne fast. Og kviskra –.

Ranveig sleit og vilde koma seg laus. Ho kjende anden hans i andletet sitt. Og ho bad i redsle: «Slepp meg – slepp meg, høyrer du.» – Men han slepte ikkje.

Då beit ho. Sette tennene i halsgropa hans og beit det ho vann. Og med ein stygg eid slengde han henne frå seg.

Ranveig tumla ut or høystålet. Fram over bruene og ut i lyset. Ho såg seg forvilla ikring. Ho skalv på hendene, då ho kosta av seg høyrusket. Og redd og usæl smaug ho seg opp på loftet sitt. –

Ingen hadde set henne. Ingen måtte sjå henne heller. Men om ho hadde ått eit menneske å gå til no! Ei som kunde hjelpe og trøyste. For no hadde Ranveig det vondt.

No gjekk det under alt ho hadde trudd på og drøymt om. No vart det stygt og vondt. Og kjærleik fanns ikkje i verda, når han kunde vera slik.

Til slutt losna gråten – ei sår og hjelpelaus jamring. Ho kjende seg sulka all igjenom. Draumane frå før var ikkje til å finne att. Og Sverre tolde ho ikkje tenkje på. Berre namnet hans vekte mothug. –

Nokon leita etter henne, hørde ho. Faster vilde ha henne til å hjelpe seg på kjøkenet. Men då Ivar [41] endeleg fann henne på loftet, orsaka ho seg med hovudverk. Ho hadde lagt seg.

«Det er vel varmen,» sa faster. Og gav seg til tols med det.

– Men dagane etter fekk faster skilleg grunn til å skjenne på Ranveig att. No var det bøkene først og sist igjen – og kunde ho nå til med det, heldt ho seg unda kjøkenet og arbeidsfolket. Det måtte vera måte med å vera lunefengd, meinte faster.

Ranveig svara ikkje. Noko hadde gått sund. Verst var det at ho kunde ikkje lata vera å tenkje på det som *kunde* hendt den dagen. Om ho ikkje hadde bite.

Ho vilde ikkje. Men tanken kom att gong på gong. Det var inga lett bør å draga på.

Prestegonga

Det vart so Ranveig gjekk til presten, endå ho hadde tenkt hardt på å lata det vera. Ho hadde ymta frampå om det til faster ein dag – mest som i skjemt. Men då vart faster både forfølt og sint. Ranveig måtte roe henne med at ho meinte det ikkje so hardt.

Ein dag seinare nemnde ho det til far. Om det ikkje var slik at konfirmasjonen var ei friviljug sak?

«Jau,» sa far, og såg på henne. Meinte ho noko sers?

Faster var der. Og no tok ho ordet.

«Der ser du,» sa ho, «du trur ikkje alle dei underlege [42] ideane dine har noko å segja, du. Men no kan du berre sjå! Der har gjentungen lege og lese ukristelege bøker frå ho var ein neve stor. Berre lat henne lesa, segjer du. No får du kanskje sjå fylgjone no.

Finns det meining i at ein barnsunge skal lesa bibelen? Det skal sterkt hovud til det – og Ranveig er ikkje av dei sterke, kan eg fortelja deg. – Men driv berre på! so skal de sjå kvar det ber av til slutt.»

Ho gjekk. Og slo døra att etter seg. Men ho hadde ikkje sagt siste ordet enno, ho kom igjen. Og no var det meir som ho bad for seg.

«Du vil då ikkje stette barnet i dette, Ole? Kva trur du mor hennar vilde sagt? Du får hugse på vi har ansvar. Og kva trur du Ranveig sjølv vil segja når ho får vit på det?»

«Det er nett det eg undras på.»

Anna sa ikkje far. Og Ranveig fekk aldri vita kva han tenkte den gongen. Han spurde berre om det var ålvoret hennar at ho ikkje vilde konfirmeras.

Då Ranveig ikkje svara større på det, sa han at ho burde gå til presten i alle høve. So kunde ho velja – og vita kva ho valde – når so langt leid. Med det vart det.

Det var ein usiger. Ho hadde lese mykje, og skulde liksom ha vit på kva ho meinte. No var ho berre barnet likevel.

Ho hadde kanskje havt ein liten uklår tanke om at ho skulde stå saman med far – han som var fritenkjar og ikkje hadde noko med Gud å gjera.

[43] No var det som han ikkje vilde ta imot den handa ho rette fram. Det gjorde vondt. Ho vart so åleine. Og ingen skyna henne. –

So sat Ranveig på bedehuset kvar onsdag frå ti til eitt, og budde seg til konfirmasjonen. Ho las om Isak og Jakop, om Johannes og Jesus, ho las bodorda og sakramenta. Det var leksor ho skulde lære. Og det meste kunde ho før.

Ein dag hadde dei det sjette bodordet. Ranveig vart høyrd. Og ho kunde leksa si. Det var mange ord. Noka større meining hadde dei ikkje denne dagen meir enn andre dagar. Borna halvsov.

Då spurde presten om Anna kunde nemne eit bibelord som høvde til dette bodet?

Jau, ho kunde. «Hvo der ser på en kvinne for at begjære hende, har allerede bedrevet hor med hende i sit hjerte,» song klokkar-Anna opp. So var ho ferdig med det.

Men orda hang att i øyro hennar Ranveig. «Hvo der ser –.» Ho tenkte på Sverre.

Minne og tankar kom veltande. Måtru om nokon annan hadde vore borti noko liknande? Om Anna til dømes? Nei, det hadde ho vel ikkje.

Ranveig kjende seg vaksen. Dei andre sat og sa alle dei høgtidsame orda og tenkte visst ikkje større med dei. Berre ho skyna –.

«Hvo der ser på en kvinne –.» So streng var Gud. Korleis kunde det gå an å leva som han vilde. Fanns det noko menneske som gjorde det, tru?

Ranveig såg på presten. Om han –? Ho raudna og vart redd sin eigen tanke. Presten var gamal og snild, og han var visst Vårherre sin trugne ven. Men [44] den tid han var ung? Som Sverre hadde han vel ikkje vore?

Gong på gong leita tanken attende til den dagen i høystålet. Om det hadde vore Anna – hadde han vore slik mot henne tru? Eller elska han Ranveig?

Elska? Det var so kravfullt eit ord. Det gjekk ikkje skikkeleg an å segja det. – Eller var det berre dette «hvo der ser på en kvinde –,» dette uklåre, synda mot det sjette bodet?

Spursmål og svar gleid forbi. Somardagen var varm. Og tankane tok på vidåtta. Det gjekk i surr alt til slutt – fargar og ord – og måtru kor mange klokka var no? Om dei ikkje slapp fri snart? –

Anna og Ranveig gjekk i lag heimover. Dei kom forbi Korsbakken der Mette budeie budde no. Mette hadde flytta frå Landsem for fire–fem år sidan. Ei stund etter fekk ho ein liten gut.

Ranveig hadde vore inne der mange gonger. Den vesle guten heitte Gunnar. Det var ein lyslett liten krølltopp som det var moro å leike med.

Denne dagen gjekk dei ikkje inn. Gunnar sat ute på bakken og kasta småstein. Gjentone stana litt og prata med han.

Då dei gjekk vidare, sa Anna med eitt:

«Er det ikkje underleg å tenkje på at Gunnar er halvbror din?»

«Gunnar?»

Ranveig stana og trudde ikkje ho hørde rett. Anna raudna og likte seg ille.

«Eg – trudde – du visste det,» stota ho.

«Visste? – kva skulde eg vita?»

[45] «Nei, det var ikkje noko. Eg har berre høyrte det –.»

«Kva har du høyrte?»

«Dei segjer det er far din – som er far hans Gunnar òg. At det var difor Mette slutta hos dykk.»

«Kven segjer det?»

«Nei, eg veit ikkje – alle mest –. *Eg* kan då ikkje gjera for at dei segjer det –.» – –

– Sola skein visst endå. Og verda var kanskje den same. Nei, det var ho ikkje lel. Alt var annleis. Det fanns ikkje meining i noko, dersom dette var sant. At far – nei, det kunde ikkje vera sant. Det var ikkje sant.

«Eg trur det ikkje,» sa Ranveig.

«Kva for noko?»

«Eg trur det ikkje. Det er ikkje sant det du sa.»

«Nei, det kan gjerne vera. Eg veit ikkje *eg*, kan du vita.»

Kvifor la ikkje Anna imot? So kunde Ranveig fått segja det ho meinte – det ho retteleg skulde sagt. No var det ikkje meir.

Det kan gjerne vera det, sa Anna, og brydde seg ikkje meir med det. Men Ranveig kjende sjølv at det var sant. Lel. Ho mintes småting ho ikkje hadde ansa før – no vaks dei.

Ho kjende kor dei prata kring i bygda, kor dei stakk hovuda saman og kviskra. Om far og Gunnarguten. Om Ivar og henne. –

På kyrkjegarden stod steinen over mor. Kvar preikesundag gjekk ho og far framom og la blomar på grava. Og far fortalde eit og anna om mor.

Fy! og fy! Nei, det kunde ikkje vera sant lel, ^[46] det måtte ikkje vera sant. Alle andre – det gjorde ingen ting for dei. Men ikkje far. Nei, ikkje far. –

Ranveig ansa ikkje om ho sa farvel til Anna. Ho sprang skoglenges heimover. Ho vilde ikkje møte nokon. Ho vilde visst ikkje heim heller.

Ho som hadde trudd so visst på far. Og på far sin kjærleik som noko med det vakraste og finaste i verda. Far og mor.

No var det ikkje meir. Ingen ting vart som det hadde vore. Etter dette.

Utrygg

Frå den dagen var Ranveig utrygg. Ingen ting var som ho hadde tenkt seg det.

Ho gjekk med far til kyrkja. Han – fritenkjaren – gjekk gjerne til kyrkje. Og Ranveig hadde vore glad i desse turane. Dei gjekk om grava hennar mor med blomar. Det hadde vore høgtid.

Då lensmannen no vilde gå til grava, gjekk Ranveig vidare. Ho hadde vore der med blomar laurdagskvelden sa ho, so det var ikkje turvande no. Ho raudna litt. Og ho såg til sides då far såg på henne.

Han sa ingen ting. Han òg gjekk vidare utan å gå om grava. Og på heimvegen var det han og Ivar som prata saman.

Det var om ver og vind, om skulen og hendingar i bygda. Ivar gjekk og kjende seg heil kar fordi faren snakka mest med han, skyna Ranveig. Men far var ikkje glad.

[47] Det var ikkje Ranveig heller. Endå ho hadde handla rett, meinte ho. Kva hadde han ved mor si grav å gjera – han som hadde svike? Kvifor gjekk han der og less minnas – han som hadde gløymt so grundig at han elska ei anna – ei Mette budeie? Nei, aldri kunde ho gå til grava hennar mor saman med far meir. Det kjende ho. –

Ein dag kom far og spurde korleis ho hadde tenkt det med konfirmasjonen?

Tenkt det? Nei, Ranveig hadde ikkje tenkt noko sers.

«Du spurde ein gong om ikkje konfirmasjonen var ei friviljug sak?»

«Å det –.»

«Det er ei friviljug sak. Det var berre det eg vilde fortelja deg.»

Han sa ikkje meir. Ranveig kjende seg brydd og ulukkeleg. Dei ålvorsame augo sa henne meir enn mange ord at dette var ålvor. No fekk ho ta ansvaret ved valet sjølv.

Han stod som han venta. Men ho fekk seg ikkje til å segja noko. Vilde han like det, tru, dersom ho sa at ho ikkje vilde konfirmeras? Venta han det? Ho var huga til å

spyrja, men våga det ikkje. Tanken på faster kom, og alt styret. Ranveig sa ingen ting.

«Eg vil berre du skal vita at konfirmasjonen er ingen leik. Det er ein lovnad som skal gjevas, ein lovnad som skal haldas. Det må du bu deg til. Vårherre let seg ikkje narre med tome ord og faktor. Det skal du hugse.»

Far gjekk. Og sidan nemnde han ikkje konfirmasjonen meir.

[48] Faster bad om pengar til utstyr, til skor og slikt som skulde vera nytt. Ho spurde kven dei skulde be til konfirmasjonsgilde.

Han gav henne det ho trong, og sa dei fekk styre plent som dei vilde. Kvinnfolkstellet la han seg ikkje borti. Han heldt seg mest mogeleg på kontoret.

Ranveig tenkte på om ho skulde snakke med han om konfirmasjonen? Om Gud og om lovnaden? Tru om han vart glad? Han var visst ein einsam mann i grunnen.

Ho var utrygg. Ho visste so lite. Alle bøkene ho las var berre bøker. Og faster gjekk det ikkje an å snakke med om slikt som ein tenkte på. –

Ho hadde ikkje vore i fylgje med far til kyrkja sidan den dagen ho ikkje vilde gå om grava hennar mor. Ikkje visste ho om han hadde vore i kyrkja sidan heller. Det var lite truleg. Og det gjorde vondt.

Ho gjorde seg ærend inn på kontoret til han. Det kunde vera for å syne fram ein kjole, eller takke for eit par skor.

Han nikka berre og såg opp som snarast. So sat han med nasen i bøkene att. Med kvart vaks det opp ein høg mur millom far og Ranveig.

Og mor kom bort. Det var far som hadde gjort mor levande for Ranveig. No fekk ho ikkje tak i henne lenger. Ikkje som når ho gjekk og høyrde på far – på dei små sogone og dei gode orda.

Skyna ikkje mor at Ranveig aldri hadde tronge henne som no? Kunde ho ikkje skyna det? Var ho nokon stad i det heile? Og kvar var ho?

Ranveig tumla med tunge tankar. Ho stira ned [49] i svarte djup – og ho rygde attende. Ho torde ikkje tenkje.

So las ho. Ikkje Renan meir. Ikkje bibelen heller. Men spanande bøker som døyvde uroa og tankane – som fekk henne til å drøyme lyse draumar.

Det var helst om kjærleik. Om to som elska og ikkje kunde få kvarandre. Som leid vondt og stridde hardt og vann over all motbør til slutt. Og vart endelaust lukkelege.

Ranveig tumla millom mange tankar og mange kjenslor den somaren. Ho var som ei av dei flisene ho sende i veg som båtar på dammen den tid ho var lita og leika skipper.

Dei òg kantra hit og dit etter som vinden bles. Aldri visste ein kvar dei hamna.

Tru og tvil

Ranveig og Anna heldt lag som dei alltid hadde gjort. Om det gjorde vondt dette Anna fortalde om Gunnarguten, so leita dei likevel saman eit par dagar etter. Ranveig hadde ingen annan.

Ranveig sa ikkje noko om det som hadde hendt. Anna sa heller ikkje noko. Med kvart vart det til at Ranveig heldt ein og annan tanken for seg sjølv – meir enn før.

Og ho undras om det var like eins med Anna? Om ho òg gjekk og gøymde på tankar og hendingar som Ranveig ikkje kjende?

Det var mest utruleg. Anna var so lita og truskuldig. Ein kunde liksom ikkje tru at ho tenkte [50] anna enn det ho sa kvar gongen. Ho var so endefram at det nytta ikkje å tala med henne om alt.

Men dette med trua på Gud kunde dei tala i trumål om. Det låg so nære til, fordi dei gjekk til presten. Og fordi Anna høyrde til lesarane.

Og so var det so spanande når Ranveig skyna kor redd Anna var. Anna, stakkar, trudde på kvart ordet presten sa – alt var sanning. At nokon kunde hyse andre tankar eller meiningar, var for henne noko av ei dødssynd.

Ranveig vart litt viktig av dette. Somtid sa ho ting som ho ikkje meinte heilt. For dette med Gud var i grunnen ikkje so beint fram – anten ein trudde soleis eller annleis.

Faster og Anna hadde sitt på det reine. Dei *visste* at Gud var rettvis og god og miskunnsam. Dei bad fadervåret sitt om kvelden og la seg trygt i Jesu namn.

«Det er ikkje sagt vi skal skyna alt heller,» hadde faster svara ein gong Ranveig freista tala med henne om tri-eininga. Med det måtte ho nøgje seg. –

Med kvart slutta Ranveig å be. Ho skyna ikkje kva det skulde vera godt for. Og tanken på Gud kom bort meir. Sjølv helvete som ho hadde vore so redd den tid ho var lita, vart berre meiningsløyse.

«Bibelen er full av motsegjingar,» sa ho ein dag ho hadde lese og tenkt utruleg mykje; «som no dette med Guds son. Kvifor er det Josefs ætt som er opprekna frå David til Jesus? Jesus var då ikkje son hans Josef? Kan du segja meg det?»

Anna kunde ikkje. Ho var ulukkeleg for det, men ho skyna det ikkje.

[51] «Og so dette at Jesus måtte ofras. Synes du det finns meining i det? Når Gud er allmektig, so kunde han vel frelse oss utan dette. Eg synes det er meiningslaust, eg.»

Ho sa det so visst. Nakken var høgreist og kry. Men likevel var det som ho vilde sjå seg om. Det stod vel ingen og hørde på og merka seg orda? Ein ho ikkje såg?

For inst inne hang trua i – både på allmakta og det meir. Om han var der og var allmektig? Om han hørde henne, og vilde hemne seg ein dag for alle orda?

Gud ser og høyrer alt. Han ser tanken i hjarta. Det kunde koma som ei frysing over Ranveig når ho kom i hug det.

Og helvete kunde vel finnas på eitkvart vis – pina kan visst vera mangeleis.

Konfirmasjonen

Arvid Berge, son til presten, hadde kome heim. Han skulde bli ingeniør. Han var so glad ein gut.

Ein haustdag møtte han Ranveig på heimveg frå landhandlaren. Og såg henne. Det hadde han ikkje gjort på lange tider. Arvid var fire-fem år eldre enn Ranveig.

«Goddag,» sa han, «korleis lever du?»

Ranveig kjende seg heidra ved at han rekna henne med. Ho kjende seg vaksen gjente snart.

Då ho kom heim, tok ho spegelen og såg lenge på seg sjølv. Ho tenkte på det Arvid hadde sagt.¹⁵

[52] Det var ikkje stort. Litt om veret, om kor stor ho hadde vorte. Og om tytebera i Småhaugane. Det var berre so det raudna enno, hadde han sagt. Om dei hadde plukka inn nok tyteber i lensmannsgarden?

Ranveig visste ikkje. Det vart vel aldri for mykje tyteber?

Nei, det trudde ikkje han heller. Og det var for gale bera skulde stå der uplukka.

Det vart ikkje sagt stort meir. Men neste dag tok Ranveig spann med seg og vilde plukke tyteber i Småhaugane. Då ho kom dit, var Arvid der òg.

Det raudna ikkje plent av ber. Men litt fann dei. Og meir prata dei.

Arvid fortalde so mange hendingar frå skulen. Han fortalde om livet i byen og om bøker han hadde lese. Mange ting hadde han tenkt over – verkeleg ålvorlege ting –, og Ranveig sat still og hørde på. Ho skyna han so vel!

Ho fekk seg ikkje til å segja det beint fram, men sakte kjende han det. For då dei skildes, sa han det hadde vore ei oppleving å møte henne att.

Om dei ikkje kunde møtas ein og annan gongen og talas ved? Han skulde vera heime til over jul. Og her var so få det var umaken verdt å tala med.

Dei tala om konfirmasjonen ein dag. Arvid fortalde at han hadde tenkt hardt på å nekte heile greida det året han skulde gå og lesa. Men av omsyn til foreldra fann han det best å vera med på notane.

Denne lovnaden som skulde gjevas, kunde i og for seg vera verdfull nok. Ein kunde alltid lova seg sjølv å bli eit godt og verdfullt menneske. Og [53] det kunde ha noko å segja. For ein lovnad batt alltid.

Dette skyna Ranveig. Slik var det. Ho hadde berre ikkje funne ord for det sjølv. Men med dette vart konfirmasjonen ei innvigjing til livet likevel. –

Ho var glad då ho stod på kyrkjegolvet konfirmasjonsdagen. Far hadde set på henne med spyrjande augo eit par gonger. Og ho hadde møtt hans med sine tindrande glade. Då hadde far smilt og stroke henne over håret.

«Vesla,» hadde han sagt.

Ho kom på gråten. Og ho ynskte ho kunde fortelja far korleis ho kjende det no. Kvifor ho var glad og trygg.

Kanskje hadde ho gjort det òg. Men det leid so langt at dei måtte fara til kyrkje. Og stunda gjekk forbi.

– Det var høgtid i kyrkja. Med lovnaden òg. Det var ikkje plent som ho hadde tenkt seg det, ikkje so trygt. Det var denne kjensla av at nokon usynleg var til stades og hørde – ikkje berre orda, men tanken i hjarta.

Ein som visste at ho stod der og gav lovnaden meir til seg sjølv enn til Gud. Det uroa litt.

Men det var høgtid lel då presten sa: «So gjev meg handa på det.» Det var mange som gret då.

Altargangen var verre. Det var ikkje til å skyna dette med Kristi lekam og blod. Det vekte mothug når ho vilde tenkje tanken til endes.

Det var òg eit anna ord som kom so sterkt for henne – det om å eta og drikke seg sjølv til doms. Det song i øyro og gjorde henne redd. Til slutt åtte [54] ho berre ein klår og fullt medviten tanke: til altars vilde ho ikkje gå meir.

Ho var bleik og ålvorsam då ho møtte far og faster utanfor kyrkja. Det tok tid før høgtida seig av henne. –

Men då ho kom heim og såg middagsbordet festleg duka, alle gåvone og blomane – då smilte ho. Og då faster fortalde at der skulde far og Ranveig sitte, der Ivar og presten sine og litt lenger nede Arvid – då vart gleda levande i henne. Høgtida frå kyrkja vart blidare og minder kravfull med kvart. –

Presten heldt tale for konfirmanten. Far òg heldt tale. Det var vin på bordet. Og det vart skåla. Mor vart nemnd.

«Di gode vene mor, som måtte døy so alt for tidleg,» sa presten, «henne vil vi minnas i dag.» Han reiste seg og skåla for mor.

Då gret Ranveig. Ho våga ikkje sjå på far. Ho kjende at no hadde han det vondt.

«Takk prest,» sa han berre.

Det såg ikkje ut som presten tenkte på nokon annan enn mor. Men Ranveig måtte tenkje på Mette med. Kanskje var det difor òg ho gret. –

Men då Arvid lyfte glaset sitt mot henne, tok ho opp att lovnaden frå i dag i kyrkja. «Eit godt og verdfullt menneske,» song det inni henne. Og no var det korkje uro eller redsle ved det.

UNGDOM

Ungdom

[57] Dei siste par år hadde Ranveig lese til millomskule-eksamen med Anna og endå eit par¹⁶ granneborn.

Ho kunde litt tysk. Og ein dag fekk ho låne Heine sine songar av Arvid. Dei fall tunge å lesa straks, men det gjekk. Og då Arvid tala med henne om boka, vart songane levande.

Ingen hadde sunge om kjærleik som Heine. Det vart dei snart samde om. For Ranveig opna det seg ei ny verd av kjenslor. Den verda var som ein draum.

Det var som å gå i mjuke mosen og plukke angande blomar kvar ein gjekk. So ven var kjærleiken, so trufast og sterk. Ingen ting i verda kunde liknas med den.

Somtid måtte ho tenkje på far. På Gunnarguten og Mette. Ho undras om Arvid hadde høyrnt noko om dette? Kva han meinte om far? Ho var huga til å spyrja. Men det vart lenge før ho våga seg til å nemne det.

Ein kveld dei kom frå stasjonen og hadde henta post spurde ho likevel. Det var mørkt, so han kunde ikkje sjå kor raud og usæl ho var.

Jau, Arvid hadde høyrnt det.

Om det ikkje var fælt?

[58] Rett var det sjølvsagt ikkje, men –.

Men? Han kunde då vel ikkje orsaka far? Eller Mette?

«Du veit – orsaka kan ein vel ikkje plent –.»

«Men eg skynar ikkje – eg meiner, det er so uskynleg at han kan elske Mette,» gruna Ranveig. På nytt lag var ho glad for mørkret.

«Men det gjer han vel ikkje heller, sjølv sagt.»

«Gjer han ikkje?» Ranveig stana litt. «Men då –.»

Ho kom ikkje lenger. Ho vart heit og ynskte seg langt vekk. Ho hadde køyrt seg fast, og no visste ho ikkje meir å segja.

«Du veit, det er ikkje so greidt å tyde dette,» sa Arvid uviljugt og dreiv vidare. «Dette med Mette har sjølv sagt ikkje noko med verkeleg kjærleik å gjera. Men – ja, du må då skyna at far din er eit mannfolk lel.» –

Ranveig skyna det. Men difor turvte han ikkje svike mor.

«Det har han vel ikkje gjort. Mor di er då ikkje meir, ho.»

«Men minnet om mor då?»

«Minnet om mor di er vel like vakkert og reint for dette – anna tarv du aldri tru.»

Ranveig spurde ikkje meir. Ho kom til å tenkje på Sverre dreng. Ho tok til å ane at dette med kjærleik, det var ikkje so endefram. Det var mange flokar. Og ikkje var det sagt at alt var so vent som hos Heine.

Dei gjekk tagale eit stykke. Noko leidt hadde kome imillom. Arvid gjekk og slo med ein pisk i vegen og likte seg kleint.

[59] «Det er berre ein ting eg undras på,» sa han med eitt.

«So?» Ranveig visste ikkje om ho våga spyrja.

«At dei ikkje hindra det –.»

«Eg skynar ikkje –.»

«Visst gjer du so. Eller du vil koma til å skyna det. Det finns då so mange rådgjerder, meiner eg. Dokteren hadde visst hjelpt dei, dersom far din hadde spurt.»

«Kva skulde *han* hjelpe med?»

«Med å bli kvitt barnet vel, for svingande,» sa Arvid heilt desperat. Det måtte vera måte med å vera tungnem. –

Ranveig sokk og sokk. Ho gjekk ikkje på blomeangande mosebotn. Ho gjekk på jorda. Og jorda var kald og framand.

«Skynar du meg?» sa Arvid.

«Eg trur det.» – Det var berre sovidt han hørde det. Måtru om ho ikkje gret òg?

«Nei men Ranveig, du er då verkeleg det mest – det mest toskne gjentebarn eg kan tenkje meg. Du er då vaksen no. Du må då vita at dette er ålment – at det ikkje er so fårleg. Du har då lese om det i avisone i minsto?»

«Ja-a.» Det kom like stilt og rådlaut.

«Ja, for du skynar – eg meiner at – eg veit mest ikkje korleis eg skal få sagt det, men –. Det er då ansvarslost imot Gunnarguten i alle høve, og mot deg og Ivar og – og so når det ikkje hadde vore turvande heller. At Gunnarguten kom, meiner eg.»

«Ne-ei.»

«Kjære deg, Ranveig, kan du ikkje segja noko då? [60] Det er då ingen ting å ta seg nær av dette, kan du vita. Livet *er* slik. Du må då vita det. Og so kjem det då ikkje oss ved i alle fall.»

Dei hadde kome heilt fram til lensmannsgarden. Ranveig stana.

«Nei, ikkje gå inn enno,» bad Arvid, «gå med meg eit stykke du no.»

«Eg kan ikkje.»

«Berre for dette tøyset.»

«Nei, ikkje for det, men –.»

«Det er ikkje for noko anna. Du har aldri vore tverr før.»

«Nei, men –.»

«Når eg segjer deg, eg tregar so at eg sa alt dette. Eg meinte ikkje so mykje med det heller. Og eg skynar i grunnen ikkje korleis vi kom til å snakke om slikt tull.

Det er då faktisk ingen som tenkjer på dette med far din og Mette meir. Ingen som dømer han for det. Eg synes elles han har bore seg realt åt, eg. Og Mette kan sanneleg vera glad til – sit der sutelaus i stova si både ho og gutungen.»

Kvart ord var ei pine. Kvart ord fekk henne til å raudne og kjenne seg skamfull. Ho lengta etter loftet sitt og fred til å tenkje. Men ho gjekk med eit stykke lel – ho vilde syne han at ho ikkje brydde seg større om dette «tøyset». –

Men praten vilde ikkje koma i gang som før. Det vart berre ord utan meining, ord som måtte segjas so togna ikkje skulde tala. Då dei endeleg baud farvel, kjende baa det som ei lette. Det òg gjorde vondt. –

[61] Ranveig hadde fått mykje å tenkje på. Ho fekk ikkje Sverre or tankane. Slik var far altso mot Mette. Nærsoeken.

Ho likte ikkje å tenkje på det. Far vart so låtteleg – so lite fin. Ikkje slik som ho hadde kjent han.

Og Sverre –. Såg han på Ranveig som ei slik Mette. Var det difor? Hjarta krympa seg ved tanken. Var det noko ved henne som fekk honom til å tru –? Var det difor?

Han hadde aldri våga seg til seinare. Han hadde mest ikkje snakka til henne. Og no var han longe sidan reist. Som vel var. –

Dette med å hindre – kvifor gjorde dei ikkje det når det fanns råd. So hadde ingen visst noko. Men då hadde ikkje Gunnarguten vore til. Då hadde dei drepe han. – Nei, det kunde ikkje far gjera. Det skyna Ranveig.

Men når dei ikkje hadde set guten? Når dei ikkje visste korleis han vart? Det måtte vera synd det ògⁿ⁷ – for han var vel vesle Gunnarguten frå første stund? Lenge før han kom til verda?

Ranveig låg ogⁿ⁸ stira ut i romet. Ho skulde sova, men det var uråd no.

Og korleis kunde Arvid segja det so sjølv sagt då? Som var det rettaste løysinga og noko heilt daglegdags? Nei, aldri kom ho til botnar i dette. Den eine tanken slo den andre i hel. Ho fann inga løysing alt det ho gruvla og tenkte.

Berre ein ting skyna ho. Og trudde på. Det om mor.

At far bar med seg minnet om mor som ein heilagdom. Det hadde ho kjent so mang ein gong. [62] – Men då skyna ho likevel ikkje dette med Mette. Ikkje heilt. Tanken på Sverre kom for henne igjen. Og ho vart heit.

Men slik var ikkje Arvid.

«Det kjem då ikkje oss ved,» hadde han sagt.

Det hugsa Ranveig no. Og ho tenkte på mor – so fin og elskeleg, slik som far tala om henne. Om Ranveig kunde bli ein slik heilagdom for Arvid? Ei som han elska som far elska mor. So trufast og fint.

På nytt sveiv Ranveig på blomeangande mosebotn med Heine sine songar om kjærleik. Dei fylgde henne heilt inn i svevnen.

Åsa

Om våren var Ranveig i byen og skulde ta millomskule-eksamen. Då vart ho kjend med ei gjente frå grannebygda. Åsa Svendsen heitte ho, og var dotter åt ein brukseigar. Ho budde hos moster si i byen.

Åsa var einaste dotter saman med tri brør. Og det var ikkje til å tru på alt ho åtte og alt ho fekk.

Ranveig hadde aldri fått meir enn det ho trong til kvar tid. Då ho fekk sjå kjolane hennar Åsa, underklæda og slik ho slengde det ikring seg utan tanke på å vera redd for noko – då hadde Ranveig ei underleg kjensle av fatigdom. Mest som då ho var lita og stod framfor ei skål med rosor pressa inn i glaset. Ho vart tagal, og fann seg lite til rettes første gongen.

[63] Med kvart vande ho seg til det. Åsa var den ho var – trass i kjolar og hattar. Ho hadde so mykje å tru seg til Ranveig med. Ho vilde bli kunstnar. Vilde spela, eller helst synge. Men venteleg var røysta hennar for lita, var ho redd.

«Å nei då,» sa Ranveig. Ho tykte Åsa song som ein engel. Ho hadde aldri høyrte noko so vent.

«Når du berre får skule,» sa Ranveig og raudna litt. Ho var ikkje heilt stø på kva skule tydde i dette høve. Men ho hadde lært av Åsa å bruke mange ord – fleire enn ho retteleg kjende til. Det let bra når ein berre var modig til å legge i veg.

Åsa trudde likevel songarvegen var stengd. Men pianistinne kunde ho bli. Og det *skulde* ho bli, trass i far og mor og alle dei steinar som kom i vegen – dei kunde vera so store dei vera vilde.

«Far vil eg skal gifte meg, han,» fortalde ho. «Eg skal lære husstell og bli ei dugande husmor, segjer han. Men han skal vera fri. Trur han at han kan få binde meg til barnestell og grytor, so får han fint tru om att. Eg skal spela so han græt til slutt. Det kan han lite på.»

«Men om du blir glad i nokon?»

«Pytt sa'n. Slikt går over. Ein treng vel ikkje gifte seg for det.»

«Nei – eg veit ikkje –.»

«Jau, det veit eg då. Høyrer ein elles anna enn gale frå dette velsigna ekteskapet. Anten slær mannen kona si og drikk og denger henne og ungane – eller han piner henne, knip med pengane og grin for ingen ting. Tegjer som muren om ikkje anna. Fint skulde ein vera so dum å kaste seg bort i slikt.»

[64] «Men det er då ikkje alle –.» Ranveig tenkte på far sin. Han hadde aldri slege mor eller tagt som muren eller pint henne. Det var ho viss om. Men so kunde det vel vera eitkvart der òg – tanken strauk sovidt Mette.

«Nei, ikkje alle sjølvsagt,» sanna Åsa med; «men storparten tenkjer eg. Er ikkje eitt gale, so er det gjerne noko anna.»

«Men dersom du vart glad i nokon.»

«Dersom? Det hender ikkje. Det veit eg. Musikken er det einaste for meg – og den jag svikter ei nei nei, og den jag svikter ei,» song Åsa. Ho var alt ved pianoet og slo an nokre akkordar.

Ranveig sat i ein djup stol med ei sogebok i fanget. Moster og mannen var borte, og gjentone var toeine i stovone. Dei skulde nytte ettermiddagen til å lesa soge. Men dei hadde so lett for å gli bort i prat. Venskapen var so ny.

Men no las verkeleg Ranveig nokre linor om den politiske stoda i Noreg i 1814. Ho las om president Christie, og ho hadde kome seg tolleg godt inn i lesnaden – då ho skvatt til med ein dundrande sluttakkord på pianoet. Åsa snudde seg og såg på henne.

«Er du forelska, du?» spurde ho.

«Eg? – Nei, korleis kan du tru det?»

«Du talar so mykje om kjærleik.»

«Gjer eg?»

«Visst gjer du det. Om eg vart glad i nokon, segjer du gong på gong.»

«Ja men det er vel ikkje urimeleg det? Eg treng då ikkje vera forelska om eg gissar på at du vil bli det?»

[65] «Sjølvsagt ikkje, men –. Det kom for meg slik lel. At det var nokon viss du tenkte på?»

Åsa kom heilt bortåt Ranveig og sette seg på stolarmen hennar.

«Kan du ikkje segja det, Ranveig? Berre til meg? Eg segjer ikkje eit steins ord veit du.»

«Men det er ikkje noko.»

«Eg er viss på det er. Eg ser det på deg. Eg synes mest det er tarveleg av deg –.»

«Ja men det er verkeleg ikkje noko vidare –.»

«So er det noko lel då? Kan du ikkje fortelja det, Ranveig?»

«Ta meg i hand på at du tegjer då.»

Dei sette seg tett saman og tala lågt. For dette var dyre løyndomar. Ranveig fortalde om Arvid, kor staut han var og gjennom fin.

Nei, han hadde ikkje sagt noko. Ikkje fridd beint fram. Men Ranveig trudde han likte henne. Det var so mange døme som kunde tyde på det. Og breva hans var slik at – ja, for dei skreiv til kvarandre – og Åsa kunde ikkje tenkje seg kor gilde brev han skreiv.

«Ikkje kjærleiksbrev, skynar du, med «høgt elska» og slikt tull. Nei, han skriv om arbeidet sitt og tankane sine. Det er mest som han gjev litt av seg sjølv –.»

«Då er han veldig glad i deg, Ranveig.»

«Trur du?»

«Om eg trur! Du kan vita han er det. So lukkeleg du må vera.»

Ranveig svara ikkje. Men det var sant – ho *var* lukkeleg. Dette med Arvid var som ei gåve. [66] Ingen kunde skyna det som ikkje hadde røynt det.

Dei sat tagale ei heil stund. Ranveig tenkte på om ho skulde fortelja om far og Mette. Berre for å høyre kva Åsa meinte. Men ho kom seg ikkje til. Ikkje no.

«Spel åt meg,» bad ho i staden, «spel noko vent.»

Og Åsa spela.

Kanetur

Det var vinter. Ranveig var beden til Åsa sist i jula. Åsa skulde ha ball.

Arvid Berge var og beden. Men elles var det helst sambygdingar og so nokre kjenningar frå skuletida i byen. Arvid skulde skysse Ranveig dit. Men Ranveig skulde vera igjen hos Svendsen sine nokre dagar.

Heile jula hadde Ranveig gledd seg til dette. Då dagen kom, gjekk ho frå det eine til det andre, pakka slikt ho måtte ha med seg – og pakka det ut att når ho kom på at det ikkje var turvande å draga med seg alt. Tida snigla seg fram.

Ballkjolen var ny. Lys grøn med små roseknuppar i halsringninga. Skorne og hosone var kvite og lette. Gong på gong måtte Ranveig sjå på det, stryke det lette tyet, lyfte på skorne og kjæle for dei fine hosone.

I kveld skulde ho ha på alt dette, i kveld skulde ho danse. Augo hans Arvid skulde sjå henne – skulde tindre mot henne i dansen.

Men kom han ikkje snart? Åsa hadde bede om [67] at dei måtte vera ute i god tid. Langfaringane måtte få ei roleg stund før dei andre kom. Tid til å skifte skulde dei ha – og det var snart tri timar køyring.

So fint ver dei fekk! og føre! Sol og snø. Det skulde bli ein gild tur. – Ranveig var borte ved vindauga att. No hadde ho pakka alt. Yterklæda hang ved omnen og vart varme. No skulde dei vore i veg.

Der høyrde ho prestegardsbjøllone – no kom han. Og no kom faster og far og skulde sjå henne vel i veg.

«Du må ha på deg til gagns,» sa far, «det blir ein lang køyretur må du hugse.»

«Det er finveret, lensmann.» Det var Arvids lyse røyst som song opp.

«Det er so. Men det er rart med det når ein køyrer so langt. Ta denne ulsteren lel du, Ranveig.»

Ranveig vart tulla inn i ulsteren. Far knepte att og pakka henne inn. Det var utruleg kor lang tid det tok før han fekk det til bra nok.

«Eg skal no ikkje til Nordpolen,» varde Ranveig seg og lo lukkeleg.

Endeleg var dei ferdige.

«Far *vel* no,» sa far.

«Lensmannen kan vera trygg.» –

So bar det i veg. Ranveig løyste litt på ulsteren og sette seg godt til rettes.

«Eg må få puste,» lo ho.

Sola skein. Det var berre dei to. Ingen sa noko. Berre dumbjølleklangen singla ikring dei og vart eitt med solskinet. Det var stilt so lenge at det tok til å bli fårleg.

[68] Då kjende Ranveig handa hans Arvid kring si. Ho såg opp, og augo møttes. Ei ørlita stund – ei heil lita æve.

Ein køyrar kom imot dei. Den kvelle klangen av hestebjølla skar gjennom dumbjølleklangen. Arvid helsa med det same dei for forbi. Og Ranveig spurde kven det var.

«Eg såg det ikkje,» sa Arvid.

Til dette lo dei litt, og det var godt og trygt å kunne læ.

«Det er god skikk å helse, synes eg.»

«Det segjer far òg¹⁹ –.»

«Det er far min som har sagt det til meg.»

«Det kan eg tru. Far din er so – elskeleg. Han *er* kristendomen liksom.»

«Segjer du det?»

«Ja. Det trur eg alle synes anten dei tenkjer over det eller ikkje. Alle folk er glade i gamlepresten.»

«I grunnen er dei visst det. Han fortener det òg, det torer eg trygt segja – om eg er son hans aldri so mykje.»

«Ja, det var vel om du ikkje skulde –.»

«Elles er han no ikkje borte lensmannen heller.»

«Å, han er no lensmann då –.»

«Men ein god lensmann. Han er for god av seg, sa far ein dag.»

«Sa han det?»

«Ja. Stødt skal han hjelpe einkvar.»

«Er ikkje det bra heller?»

«Visst er det bra, men –.»

«Men?»

«Nei, det var ikkje noko.»

[69] Dei små kvardagslege orda var so gode å ty til. Ein gøymde seg bak dei. Men ein kunde køyre seg fast i dei òg. Ranveig gav seg ikkje.

«Det var noko,» sa ho, «trur du ikkje eg høyrde det?»

«Du kunde ikkje høyre anna enn det eg sa. Men elles so – du får meg alltid til å segja slikt eg ikkje skulde.»

«Kva var det du ikkje skulde segja no då?»

«Ikkje anna enn at eg er redd far din hjelper so lenge til det går ut over han sjølv. Han har tapt mykje på kausjonsansvar til dømes.»

«Eg veit det.»

Ranveig sa ikkje meir. Ho hugsa skogen som glisna, ho tenkte på fjøset der kyrne kom bort med kvart. Og ho tenkte på far slik han var når det kom ein stakkar til gards og bad for seg og heimen sin. Skulde han ikkje hjelpe? Jau, so sanneleg.

«Eg er glad far er slik han er, eg.» Ranveig sat rett opp og ned i sleden. Og det loga til i augo. «Eg er glad far hjelper – meir enn han duger til kanskje. Det finns ikkje verre menneske enn slike – egoistar, som berre tenkjer på seg sjølv. Det er mi meining, so mykje du veit det.»

«Det er mi òg. Du må berre ikkje tru nokon kan sette far din høgare enn eg gjer. Men –.»

«Har du endå fleire men'ar?»

«Nei. Eg tenkte berre på deg – og Ivar og –.»

«Du tarv ikkje bry deg. Eg vil mykje heller gå heimanfrå som ei fatiggjente og vita at far min er ein *god* mann, enn eg vil leva i rikdom og vita at han er ein – flåar.»

[70] Ho slengde ulsteren til sides. Det vart varmt. Arvid såg på henne. No hadde han vore ute med toskeskapen sin igjen, og sagt ting han ikkje hadde noko med. Det var noko meir han skulde sagt òg. Men han gløynde det.

«Du er vakker,» sa han i staden – reint uviljande. Det let som var det no først han ansa det.

«Kva er det du segjer?» Ranveig gapte. Kva meinte han?

«Det er sant,» sa Arvid berre. – Då bar det i låtten med baa to.

Dei var unge. Snare til ålvor, snare til skjemt. Og dagen var lys og god.

«Ein kunde gjerne synge,» sa Arvid. Han var glad Ranveig hadde blidka seg att.

«Å nei. Ikkje her i granskogen lel,» bad Ranveig. Til dette lo dei att. Men Arvid sanna med.

«Du har rett,» sa han. «Det høver ikkje med song i slik stor tung granskog.»

«Nei. Stilla høver best.»

«Skal det vera sneidord?»

«Nei, slett ikkje.»

Men med kvart tok stilla dei. Sola nådde ikkje fram millom desse høge tellone. Det var berre dei kvite snøplogskavlane som lyste imot dei i det endelausa fram etter.

Då dei kom or skogen og grannebygda låg helgeklædd framfor dei, tok Ranveig smått til å sulle ein tone lel.

«Veit du kva du syng?» undras Arvid.

«Det gjer eg vel – korleis då?»

«Brøllopssongen hans Bjørnson.»

[71] «Det tenkte eg ikkje på. Det var «strålefryd» som kom for meg då eg såg siste skimten av sola. Men eg kan godt tegja.»

«Eg vil gjerne du skal synge brøllopssongar.»

«Du tøyser so mykje.»

«Tenk, det har eg ikkje merka. Elles vil eg helst prata.»

«Tenk, det trur eg mest eg har merka.»

«Helst av alt vil eg sitte her og berre sjå på deg.»

«Hahaha. Då køyrer du snart i grøfta.»

«Er det so fårleg, trur du?»

«Nei, no får du gjeva deg. Det må vera måte på tull òg. Kan ikkje eg få køyre ei stund?»

«Er du viss på det ikkje ber i grøfta med oss då?»

Ord. Berre leik med ord. Men sjølve leiken og alle dei små orda var lukka i dag. Dei var ungdomen og gleda.

Ball

Det var ball hos Svendsen på Lund. Lysklædde gjentor trippa inn i dei store stovone. Svartklædde kavalerar blanda seg med dei og gjorde det lyse endå lysare. Det eima granbar og jul. Det var fest og glede.

«Eg vilde so gjerne de skulde gå kring juletreet og synge dei gamle julesongane,» sa brukseigaren, far hennar Åsa.

[72] Det var nokre som grein litt. Dei hadde ikkje stunder for dansen. Men når verten ynskte det –.

So vart julelysa tende. Unge og eldre tok saman i ring. Og song.

«Glade jul, heilage jul –.»

Det var høgtid. –

Men snart spela musikken opp. Det vart dansa og flikra.

Det var ein landbrukslærling til stades. Han hadde fiskeaugo tykte Ranveig. Ho kjende seg uvel kvar gong han såg på henne.

Han var mykje i lag med Åsa. Det såg ut som dei likte kvarandre. Men då skyna ikkje Ranveig kvifor han glodde slik på henne.

Ho dansa med han eit par gonger. Han var smeiken i ord og åtferd. Dette baud henne imot. Og samstundes var det noko dragande ved det òg.

Han fekk henne med seg inn i ei av småstovone og fekk tak i ei flaske portvin.

«No skal eit glas vin gjera godt, frk. Landsem.»

«Takk – eg skal ikkje ha.»

«Eit lite glas berre. Versogod!»

Han skjenkte. Og ho tok glaset, endå ho vilde ikkje. Men ho vilde endå mindre stå her og ordskiftas.

Ho var so lite van med sterkt. No kjende ho det straks, og vart utrygg. Dei var toeine i romet. Ho kjende augo hans på seg heile tida. Dei var vonde. Dei visste so mykje. Og røysta hans var fårleg nær og sløra no.

«De har eventyraugo, frk. Ranveig. Ein kunde drukne seg i dei. Ein får hug til å kvile –.»

[73] Ranveig kunde ikkje svara. Ho var nomen. Ho vilde ut, vilde vekk frå dette som trollbatt. Men han heldt henne fast på eitkvart vis.

«Drikk ut, Ranveig. Sidan skal vi danse.» Han lyfte glaset sitt mot henne igjen. –

Då var Arvid der. Bleik og ålvorsam.

«Eg trur ikkje du skal drikke meir av denne vinen, Ranveig – han er sterk.»

Utan vidare tok han glaset frå henne og sette det på bordet.

«Elles har du lova meg denne dansen, hugsar du.»

Ranveig hugsar ikkje det. Men det var som å koma ut i dagen og sola att å vera saman med Arvid. Det var trygt og godt at han heldt henne innåt seg.

«Han var ikkje nærsøken mot deg denne fyren vel?» vilde Arvid vita.

«Nei – er du galen?»

«Nei. Men han såg meg ut til noko av kvart. Liker du han?»

«Nei, det gjer eg ikkje. Eg skynar ikkje Åsa –.»

«Ikkje eg heller.»

«Eg er mest redd han, eg.»

«Det er bra. Berre akt deg for slike.»

«Kva meiner du?»

«Ein kan aldri tru dei. Dei er som kongrova – dei spinn og spinn, med fagre ord og faktor. Til slutt syg dei ut dei stakkars flugone. Du må tru eg har set dei før. Det er ei forbanna rase.»

Ranveig måtte læ, ein liten skjelvande lått.

«Du bruker slike ord, at –.»

«Eg segjer berre det eg meiner.»

«Du plar gjera det, har eg merka.» –

[74] Par etter par sveiv rundt dei. Kvar hadde nok med seg. Musikken spela.

«Du Ranveig?»

«Ja?»

«Eg vilde ynskje –.»

«Kva?»

«Nei, det var ingen ting i grunnen. Eg skal køyre heim i natt. Åleine. – Nei, eg kan ikkje bli over. Eg *må* reise i morgon – det lid mot eksamen, veit du. Blir du her i mange dagar?»

«Eg veit ikkje enno.»

«Eg vilde ynskje du ikkje fekk sjå den fyren meir.»

«Pytt sa'n. Han gjer meg ikkje noko.»

«Det er ikkje so visst det.»

«Nei, veit du kva, Arvid. Eg er då ingen barnsunge lenger.»

«På mange måtar *er* du det.»

«Vil du fornærme meg?»

«Nei. Men du skynar – du *trur* for godt – alle saman. Det er det eg er redd.»

«Han trur eg no allvisst ikkje – ein slik råstamp!»

«Det er han. – Korleis veit du elles det?»

Arvid såg endå uroleg ut. Ranveig måtte frygde seg ved det.

«Eg veit ikkje. Men eg *kjenner* det. Og no vil eg ikkje snakke eit ord meir om den fyren.» –

Dei dansa til dårande valsetonar. «En vals jeg engang har kaldt for din –» song det i hugen hennar Ranveig. Det var eit gamalt vers som flaug henne i minne.

«Du Arvid?»

[75] «Ja?»

«Når du køyrer heim, skal eg passe på ved gardsleet. So fylgjer eg deg eit stykke på veg. Vil du?»

«Om eg vil? – Men torer du?»

«Javisst. Det er då måneskin og lyst mest.» –

Snart var dansen forbi. Og kvelden var ikkje meir. Kvar skulde fara til sitt.

I måneskin

Nedmed gardsleet stod Ranveig og venta. Ho hadde snøskor og ei varm kåpe på. Og Åsa skulde passe på so ho kom usedd inn.

Arvid pakka sledefelden godt ikring henne.

«Du var gild som vilde vera med på vegen.»

«Det var vel det minste eg kunde gjera når du skyssa meg hit.» –

På nytt lag singla dumbjøllone ikring dei. Men no blanda dei seg med måneskinet. Og stilla var djupare fordi det var natt.

«Du får ein lang tur heim.»

«Det gjer ikkje noko. Når ein først har havt ein gild kveld.»

«Ja, det var gildt. – – Eg kunde gjerne køyre med heilt heim no.»

«Vilde du verkeleg, Ranveig?»

«Eg trur det.»

Ho kjende armen hans ikring seg. Ho såg inn i augo hans. Brunen fekk dilte i veg som sjølv han vilde.

«Bli med meg heim, Ranveig.»

[76] «Men eg kan ikkje. Kva trur du Åsa vilde segja? Eg har alt vore med for langt.»

«Eg snur og køyrer deg attende eit stykke. Du? – no er det berre du og eg.»

«Berre du og eg.»

«Eg kjem til å lengte etter somaren.»

«Enn eg trur du. Du må skrive.»

«Du òg.»

«Arvid?»

«Ja?»

«Er du mykje glad i meg?»

«At du kan spyrja. – Ranveig?»

«Ja?»

«Lat meg kviskre i øyra ditt. – Eg elsker deg, du – eg elsker deg –.»

«Åh –. – Men no må eg visst gå, Arvid.»

«Ja. Men eg kan ikkje sleppe deg.»

«Du må.»

«Du kan ikkje sleppe meg du heller.»

«Men eg må. – No blir Brunen utolsam. Godnatt, Arvid.»

«Godnatt, kjære.»

«Nei – no *må* eg gå.» –

So stod ho att. Åleine. Dumbjøllone singlar, lenger og lenger vekk.

Ho stod ved ein holveg, og greinene var tunge av nysnø. Det glitra og glinsa mot henne frå tusen ørsmå soler. Og måneskinet fløynde utover all verda.

Ranveig stod som fjetra og såg inn i eit eventyrrike av venleik. Det tok henne slik at ho vilde gråte.

Ho seig i kne. Ho *måtte*. I ordlaus bøn og takk. I denne stunda *kjende* ho Gud. Og ho trudde på han.

Dans på låven

[77] Det var ikkje råd å fortelja det som hadde hendt. Ikkje til Åsa ein gong. Åsa spurde og grov, men Ranveig orsaka seg og sa ho var trøytt. Ho måtte sova.

Ho la seg og let att augo. Men ho sov ikkje. I tankane levde ho opp att heile dagen. Arvid sin dag. Langt inn i svevnen høyrde ho bjølleklngen og røysta hans Arvid. No køyrde han gjennom storskogen, no over moen. Og endå var det langt heim. Men då sov Ranveig. –

Dagane på Lund gjekk fort. Svendsen fann på so mykje til tidartrøyte. Det var kanetur og skeiserenn, det var skitur øvst i bygda, med faklar heimover om kvelden. Og kaffelag kring gruva. Det var fest kvar dag.

Ranveig tenkte på laga heime i lensmannsgarden – stille og keidsame mot alt dette. Ho tenkte på faster og kjende ein liten styng i hjarta – ho skulde vore heime og hjelpt henne no. Ho tenkte på far – han sat vel med hovudet i bøkene. Og brått lengta ho heim etter kontoret og dei lange gangane.

Men det kom nye festar, ny moro. Det vart ikkje stunder til å lengte. Ein måtte berre vera med. Til dans og kortlag, til improviserte konsertar og vitjing i grannelaget.

Ranveig hadde aldri vore med på noko liknande. At dei hadde tid? Det måtte ho undras på somtid.

Landbrukslærlingen var med dei fremste i laget. Han heitte Leif Jæger og var student. No vilde han [78] ofre seg for landbruket. Han doserte fedrelandskjærleik og jordhunger – attende til jorda preika han.

Han kunde vera sjarmerande. Sjølv Ranveig måtte sanne det. Svendsen sjølv kunde mest ikkje vera han forutan, såg det ut til.

Det var elles ein underleg jordhunger. Drive dei andre til arbeid og sjølv sitte på kontoret eit par timar om dagen. Og sidan danse, drikke og spela kort.

Ranveig hugsar far og skogen, og kvar jordbiten på Landsem – korleis dei høyrde saman. Og korleis arbeidsfolket heldt av far.

Her hadde ikkje sjølvfolket noko med arbeidsfolket å gjera. Best å ha kvar sitt, tenkte dei vel. Åsa kjende knapt karane som gjekk i arbeid hos far hennar.

Det kunde og koma av at Svendsen hadde kjøpt Lund saman med verket. Han hadde ikkje vakse opp her og vorte eitt med jorda og skogen. Han dreiv bra. Og han måtte tena godt, slikt hus som han førde. –

Laurdagskvelden kom Åsa på at dei skulde gå på dans. Arbeidarane frå verket og bygdeungdomen samlas gjerne på den gamle låven med dragspel og fele gong og annan. Der var vølt om og fint, so det gjekk godt å danse der borte.

Åsa fekk tidast ikkje lov til å gå dit. Men ein og annan gongen lura ho seg i veg. Og der var moro for pengane kunde ho fortelja.

I dag skulde Svendsen og frua til byen so det høvde nett. Åsa hadde fått Jæger til å vera med. –

Det *var* moro. Ranveig dansa polsk og reinlendar, [79] ho var ikkje av golvet med' det let i dragspelet. Ho vart kjend med alle, ho prata med dei og lo til alt.

«Åh,» stunde ho etter ein rivande vill polsk. Jæger bukka og baud henne opp til valsen etterpå. «Eg veit sanneleg ikkje om eg orkar meir, eg.»

«Det ser ikkje ut til at De orkar so reint lite,» sa Jæger. Litt surt.

«Nei. Men dette var moro. Eg ser visst ut som ei lurvehette reint –;» ho strauk til håret og nikka. «Dersom De er reide, so –.»

Han dansa godt. Men Ranveig likte seg ikkje. Måten han heldt henne på og såg på henne –. Huff! ho kjende seg avklædd og brydd. Slik var ikkje dei andre karane.

«Held De på og går klar?»

«Eg? Nei –.»

«De lær ikkje lenger?»

«Ein kan vel ikkje læ stødt?»

«Eg vonar det ikkje er eg som jagar vekk låtten?»

«Nei, kor kan De tru det? – Kvar er Åsa?»

«Ho gjekk i stad. Hadde vondt i hovudet.»

«Og sa ikkje noko til meg?»

«Ho tykte vel ikkje ho vilde skiple moroa.»

Det let naturleg nok. Men likevel hændande, trudde Ranveig. Ho såg på han. Og lo med eitt. Det var rimeleg at denne jordhungermannen ikkje likte moroa saman med jordtrælane. Dei hadde jorda på hendene og i treskorne, dei, i staden for i hovudet. Dei hørde ikkje til adelen. Helledussen for ein fedrelandsven!

«Kva lær De av no?»

«Noko eg tenkte på.»

[80] «Kan eg få høyre kva det var.»

Ranveig lo endå meir.

«Det er visst ikkje rådeleg, trur eg. – Elles so tenkjer eg på å gå til Åsa no.»

«So skal eg fylgje.»

«Takk.» –

Dei gjekk gjennom hagen. Det var mørkt. Og Ranveig var glad ho ikkje var åleine.

Då kjende ho armane hans kring seg og munnen hans mot kinnet sitt.

«Endeleg har eg deg åleine,» kviskra han.

«Kva vågar De?»

Han kom so brått på henne, ho sat som i ei skruvestikke.

«Eg har lengta etter dette heile vika, Ranveig. – Vi går opp til meg.»

«Vil De sleppe!»

Han hørde ikkje. Han kysste henne og kviskra ord ho ikkje skyna heilt eller hørde. Ho kjende seg veik og vart dregen med eit stykke.

Ho hugsa måneskinsnatta og Arvid. Ho hiksta til i redsle og sleit og vilde laus. Men han heldt henne fast. Ho kjende kinnet hans mot sitt, kjende munnen leitande og den heite anden hans –. Då skar eit minne til gjennom tankane. Sverre. Og ho beit. Alt ho vann – og det var visst ikkje lite.

Men ho kom seg då laus. Og inn. Ho møtte ikkje nokon, som vel var. Åsa spela i stova. Gudskjelov!

Ranveig stiltra seg opp på loftet. Vrengde av seg klæda og kraup til sengs. Ho gret. Ho vilde heim. Straks. Ho vilde –.

[81] Ho visste ikkje sjølv kva ho vilde. Tankane var kaos, og alt var vondt og stygt. –

Då Åsa kom opp, less ho som ho sov. Ho orka ikkje snakke med henne no. Det var so vondt. Sverre den gongen. Og denne no. Kva var det som gjorde det? Kvifor var dei slik? Var dei slik mot alle? Mot Åsa òg?

Ho kunde ikkje spyrja heller. For kva måtte ikkje Åsa tru då? –

Dagen etter reiste Ranveig heim. Det kom so brått på. Fru Svendsen undras om ho ikkje likte seg?

«Eg har aldri vore heimanfrå so lenge før,» sa Ranveig, «eg *kan* ikkje vera lenger. Kan ikkje Åsa heller få koma til meg ei tid?»

Det vart til det. Ranveig baud farvel med alle. Jæger såg ho ikkje. Han hadde rive sund seg, fortalde ei av gjentone; han måtte halde seg i ro eit par dagar.

Det var ikkje noko å gjera med det – dei måtte berre helse. Men Ranveig løynde ein liten smil. Den skaden kom han vel over snart. Men jamen hadde han ærleg fortent eit lite ær i minsto.

Til somaren kjem eg att

Gamlepresten døydde om våren. Stilt og fredeleg som han hadde levt.

Ranveig var med i gravølet. Og det var vondt å vera til. Det var so mykje godt og vent frå alle åra som kom bort med presten.

[82] Ingen – utan far – var so fast knytt til minnet om mor. Ingen annan til kveldane heime og til far. Stødt fylgde det fred med han, og tryggleik.

Ranveig stod ved den opne grava saman med far sin.

«Han var meg ein god ven,» sa lensmannen stilt. Då måtte Ranveig gråte. –

Arvid var heime. Men det var berre desse par dagane. Og dei var tunge av sorg.

«Mor blir i prestegarden over somaren,» fortalde Arvid. Då først hugsa Ranveig at det var ikkje berre presten som kom bort. Men alle hans.

Ho såg redd på Arvid.

«Du reiser då ikkje ifrå meg?»

«Vil du ikkje det?»

«Nei. Eg orkar ikkje tenkje på det ein gong.»

«Kjære du.»

«Til somaren kjem du att?»

«Til somaren kjem eg att.» – – –

– – – So var det somar ein dag. Lufta var varm av sol og full av liv. Det kvitra og song og surra, det anga hegg og syrén.

Arvid og Ranveig møttes i Småhaugane, i prestegardsalléen, i lensmannshagen. Dei hadde so mykje utala. Og meir dess tidare dei møttes.

Det hende ein gong at somaren var f arleg og song i blodet. Han tok makta fr a dei. D a gret Ranveig.

Men Arvid kysste t arone vekk fr a augo, han kviskra sm a gode ord, han bad om orsaking. Og han var like us el som ho. Ei stund.

Men det som hadde hendt, batt dei saman, sterkare, rikare enn f or.

[83] «Du m a aldri svike meg, Arvid.»

«Nei.»

«For d a m atte eg d oy, trur eg.»

«Kj ære –. Du er ikkje sint p a meg, Ranveig?»

«Ikkje no lenger.» –

Den somaren gjekk som ein draum. Eit og anna var vondt. Som d a Ranveig fekk trulovingskort fr a  asa og J ager.

Ranveig var glad i  asa. No trega ho at ho ikkje hadde fortalt henne korleis J ager i r oynda var. At han ikkje var til  a lite p a. Det kunde ikkje bli noka lukke av dette.

Ho tala med Arvid om det. Skulde ho skrive til  asa no, tru?

Arvid r adde ifr a.

«Du gjer ikkje noko godt med det,» sa han. « asa vil ikkje tru deg. Enno vil ho tru Leif J ager meir enn nokon annan. Det skynar du vel?»

Ranveig skyna det. Om nokon sa eller skreiv noko vondt om Arvid – det kunde vera ein engel fr a himmelen – ho vilde ikkje tru han. Men Arvid var ikkje som J ager heller.

D a lo Arvid.

«For  asa er han den ho held av – mykje finare og betre enn eg, f ar vi tru.» –

Ranveig fekk brev fr a  asa ein dag. Det var fullt av lukke. Ingen i verda var som Leif. Men Ranveig m atte ikkje tru ho hadde gjeve opp musikken for dette. Nei, no skulde ho spela som aldri f or. No skulde ho til Oslo, til konservatoriet, til konsertane – til *livet*. Leif skulde g a eit landbrukskurs der inne. Og brukseigaren hadde gjeve lov.

[84] Tralala, livet det er då det likaste lel, slutta Åsa brevet sitt.

Ranveig var glad ho ikkje hadde sagt eller skrive noko om Leif Jæger. –

Det såg mørkare ut for Ranveig. Arvid var ferdig med eksamen, og ein god eksamen hadde han fått. Men denne vonlause arbeidsløysa låg som ei mare over alt og alle. Det var stengt same kvar ein vende seg.

Arvid sat ein dag med Ranveig sine hender i sine og tala om det som plaga han, – om framtida.

«Det er ikkje noko å gjera her i landet for ein fatig ingeniør,» sa han. «Eg har søkt alle dei postar det kunde vera tale om. Men det er hundradtal attåt meg som søker.»

«Det er ikkje so lenge sidan du vart ferdig heller,» meinte Ranveig.

«Eg veit det. Men eg har ikkje stunder til å vente. Eg kan ikkje legge meg til heime hos mor no. Og so er det vi to – vi skulde vel helst gifte oss –.»

Ranveig raudna. Ho gøymde andletet sitt hos han og kviskra at det var ingen fåre. Enno. Men best var det sjølv sagt om han fekk arbeid.

«Eg har tenkt på Amerika,» sa Arvid. Han hadde grua for dette. Men det måtte segjas – han såg ingen annan utveg.

«Eg har skyldfolk der som kanskje kan hjelpe meg. – Og so er det alltid lettare å få arbeid heime her når ein først har vore i utlandet,» la han til litt beiskt.

«Men det må då vel finnas noko.»

Det kom som eit naudrop. Augo hennar Ranveig var mørke av otte.

[85] «Du tenkjer då ikkje for ålvor på å reise?»

«Eg har skrive til fetteren min. Meir veit eg ikkje enno. – Du må ikkje tru eg er noko vidare glad eg heller –.»

Då svelgde Ranveig gråten og smilte gjennom tårone.

«Det veit eg du ikkje er. Kjære.»

Dei sat tagale ei lang stund. Og tenkte kvar på sitt.

– «Og elles so er det ikkje so langt til Amerika lenger no,» sa Ranveig med eitt. Det var slutten på ei lang tankerekke.

Haust

Somaren var over. Arvid hadde flytta med sine til Oslo. Ivarguten skulde konfirmeras. Og Ranveig hadde hendene fulle.

Ein dag fekk ho brev frå Arvid. No hadde han fått svar frå Amerika. Der var von om arbeid. Fetteren bad han koma.

«Det er best for oss,» skreiv han; «det er betre at eg kjem meg i arbeid, og at du kjem etter *snart* – enn at vi skal gå her heime og vente år etter år. Og ender og då stela oss til ei lukke som kanskje kan bli ei ulukke, dersom vi ikkje kan skapa den heimen som er grunnlaget for lukka. Du skynar meg, kjære?

Det er ikkje vigjinga og presten og alt dette eg tenkjer på. Men det er ansvaret for dei vi trass i alt vil skal koma. Kjære Ranveig, du er so ærleg [86] og god, du er det heilaste og reinaste eg veit – difor kan eg skrive dette til deg. Og vita at du skynar meg. – Eg kjem heim ein tur før eg reiser. Enno ein gong skal eg halde deg i armane mine, enno ein gong skal du smile mot meg. Og so bed eg til Gud at skilnaden ikkje må bli lang. Din Arvid.»

Ranveig tok brevet med seg og gjekk frå baking og vasking og sylting heime. Det var haust no. Lauvskogen tok til å gulne. I Småhaugane raudna tytebera. Der sette Ranveig seg.

Gong på gong las ho brevet. Gråte måtte ho anten ho vilde eller ikkje. «Eg vil vera sterk,» kviskra ho, «eg vil vera sterk.» Men når ho tenkte på at til vinteren var Arvid langt borte over havet, då gret ho lel.

«So bed eg til Gud at skilnaden ikkje må bli lang,» skreiv Arvid.

Han meinte det. Det var ikkje ord og talemåtar berre, det var livsens ålvor. I hjarta hennar eige forma bønna seg: «Lat det ikkje vara lenge. Kjære Gud, lat det ikkje vara lenge.»

Ho hadde vore tvilar ein gong. Og ho kjende vel ikkje meir til Gud no enn då. Men noko hadde tvinga henne i kne ei ovfager vinternatt. Noko av det same tvinga fram bønna no. Gud, lat det ikkje vara lenge. – – –

Ranveig undras på Ivar. Han var bror hennar og berre tri-fire år yngre. Men ho kjende han ikkje. Han var ein flink og bra gut. Det hørde ho av andre.

Tenkte han noko over konfirmasjonen, tru? [87] Hadde det noko å segja for han utom det reint tilvande?

Ho hadde hug til å spyrja han ein dag, men ho kom seg ikkje til. Det var underleg, men ho tykte ho sakna mor meir for Ivar si skuld enn ho nokon gong hadde gjort for si eiga.

Ho gjekk og sleit med ei kjensle av godhug for denne morlause bror sin. Nokon skulde ha vore retteleg god med han i denne tida.

Ivar hadde alltid vore faster sin gut. Men kunde ho skyna han? Ho hadde aldri skyna Ranveig. Var det annleis med Ivar? –

Ranveig freista ein dag å tala i trumål med Ivar. Det var denne Gunnarguten som sprang ikring der nede på Korsbakken. Ranveig nemnde han.

Ho såg at Ivar visste kven han var. Men han beit henne berre av. Han vilde ikkje ha noko snakk om det.

Ho nemnde mor. Då gjekk Ivar frå henne. Ikkje der heller hadde han noko utala med henne. Ranveig sat att med ei lita sår kjensle av einsemd.

Men framvekstringane var gjerne sky og vare for kjenslor og slikt. Hadde ho ikkje vore like eins sjølv, tru? Ranveig slo seg til ro med det. Ho let guten vera i fred. –

Og so kom Arvid nett no til konfirmasjonen. Han skulde ta avskil.

I tri dagar vart han der. Han var ein snartur i prestegarden og helsa på den nye presten. Elles heldt han seg i lensmannsgarden. Helst heldt han seg der Ranveig var.

Dei gjekk til alle dei plassar som åtte minne. [88] Dei prata om fortid og framtid og levde i notida. Dei la planar og velta dei over ende. Og ikring dei blømde seinhausten.

«Eg elsker deg,» kviskra Arvid.

«Eg elsker deg,» svara Ranveig.

Sjølve dei høgtidelege orda var heilt naturlege. –

Den kvelden Arvid reiste, var lensmannen underleg ålvorsam.

«Eg lit på deg,» sa han.

«Det kan du trygt gjera,» svara Arvid. Han gav handa si til eit traust handslag. Han meinte det han sa av hjarta. Båe tenkte på Ranveig. Og båe visste det. Endå ingen hadde sagt noko. Det trongs ikkje enno, var dei einige om. –

Ranveig gjekk med eit stykke på vegen. Det var haust – og hausten og ho var eitt denne kvelden. Dei blussa og blømde i fargar og rikdom. Snart var det ikkje meir.

«Eg kan ikkje sleppe deg,» sa ho med eitt. I otte. Ho kunde ikkje døyve gråten.

«Om eit år,» sa Arvid, «om eit år kjem du etter. Eit år går snart.» –

Ei stund etter stod Ranveig att, medan toget skar seg fram sørover med alt det dyraste ho åtte.

Far

Det var slik ein fin kveld. I lensmannsgarden hadde dei ete og var ferdige med kveldsstellet. Faster hadde lagt seg. Og Ivar sat venteleg på loftet sitt med ei bok.

[89] Lensmannen undras om ikkje Ranveig hadde tid til å sitte inne hos han og prata ei stund. Og det hadde ho vel tid til.

Det var so lenge sidan faren hadde bede om noko slikt, at ho kjende det mest som heidra han henne på eitkvart vis.

Då Ranveig seinare tenkte etter, kom ho til at det var visst ikkje sidan før konfirmasjonen hennar – sidan før den sundagen Ranveig ikkje vilde gå om mor si grav. Før Gunnarguten kom inn i livet hennar. So åleine hadde faren gått der med alt sitt desse åra. – –

Ho sat i den djupe skinnstolen inne på kontoret – den som gamlepresten pla sitte i når han vitja lensmannsgarden ei kveldstund og filosoferte over livet og livsens meining. Ho måtte læ litt fordi ho var so lita endå. Ho kom mest bort i den store stolen.

Far sat i kontorstolen og røykte smått og togg på snadda. Han hadde utruleg mykje å tala om.

Først om mor, om alle dei gode minna. Han fortalde somt nytt, drag som synte henne klårare fram for henne som sat og lydde.

«Eg vilde so gjerne du skulde minnas mor di som det gode og elskelege mennesket ho var,» sa far.

Det let so høgtidsamt. –

Far minte om konfirmasjonen, om den tida tvilen var levande i henne. Og alt var sjølvsgagt og heilt visst.

«Eg skyna du hadde din store strid den tida, Vesla. Men eg kunde so lite hjelpe deg, tykte eg.»

«Det var ikkje so mykje å hjelpe med heller, far. ^[90] Eg leid ikkje noka naud den gongen. Allvisst ikkje soleis – religiøst, meiner eg.»

Ho såg ikkje opp. Dette var i grunnen vande ting å tala om. Men ho måtte likevel læ litt når ho tenkte på kor ho hadde skræmt klokkar-Anna med talemåtane sine mange gonger.

Ho fortalde litt om det til far no. Og fekk han til å læ med.

«Men – orsak at eg spør slik, Ranveig – men det er so mykje med ungdomen no i dag som eg ikkje skynar heilt. Korleis – kva trur du om Gud *no*, til dømes?»

Eit underleg spursmål, vanskeleg å svara på. Ranveig sat lenge og tenkte seg om.

«Eg skal fortelja deg noko som hende meg fyrre vinteren, far. Det har ikkje noko med tru og slikt å gjera heller. Men eg synes det har litt med Gud å gjera. Det har allvisst vore slik for meg.»

Stilt og vart fortalde ho far sin om den måneskinsnatta ho fylgde Arvid på vegen frå Lund. Då venleiken og stordomen i skaparverket tvinga henne i kne.

Til ingen annan hadde ho fortalt dette. Ikkje til Arvid ein gong. Men denne kvelden var det som ho *måtte*.

«Du skynar det, far,» sa ho til slutt, «at bøker og meiningar og alt det vart ingen ting. Sjølve salig Renan og Luther og alle dei andre vise vart berre ei av dei tusen ørsmå tindrande stjernone som glitra imot meg. Men over det alt var Gud. Han *song* liksom gjennom sjølve stilla og månelysset og meg og alt i hop. Og det var det som galddt.» –

^[91] Lensmannen pussa nasen sin sterkt eit par gonger. Han strauk Ranveig over håret.

«Takk, Vesla,» sa han. Han var ikkje heilt stød i målet då han sa det.

Dei sat der ei stund tagale og tenkte kvar på sitt.

«Første gongen eg heilt medviten møtte Gud,» sa lensmannen endeleg, «var då du låg i armane åt mor di og eg visste det vart til liv med dykk båe. Ho hadde vore so klein, og eg hadde vore so redd.

Men då alt var over, og ho smilte mot meg lukkeleg og takksam – då *kjende* eg Gud. Eg tenkjer meg – slik som du, Ranveig.

Og sidan den gongen – du har vore so mykje for meg, barn – eg vilde so gjerne få takke deg ein gong –.»

Det såg ut som kjenslone heldt på å vinne over han. Ranveig vart redd.

«Nei, far –,» bad ho for seg.

Då smilte han mot henne og var roleg att.

«Du tarv ikkje vera redd, Ranveig. Eg har vore ein einsleg mann og er lite van – med å prata. Men det gjer godt ein gong imillom, trur eg.» –

Ranveig reiste seg og vilde gå. Det var seine kvelden. Men lensmannen var ikkje ferdig enno.

«Du hugsar Mette som var her? Mette budeie?»

Brennande raud svara Ranveig ja.

«Eg ser du veit – du kjenner til Gunnarguten?»

«Ja, far.»

Då smilte lensmannen barsk.

«Og kva tenkjer du om det?»

«Eg tenkjer ikkje noko – no.»

[92] «Men ein gong dømde du –?»

«Ja. Men eg har trega det mange gonger. Eg – eg har berre ikkje fått til å snakke om det.»

«Du skal ikkje trega, Ranveig. Domen var naturleg for deg. Den gongen. Og du har aldri gjort meg verkeleg vondt. Det skal du hugse. – Men denne vesle guten er allvisst utan skuld. Det meiner du òg?»

«Ja.»

«Vil du vera snild mot han? Vil du hjelpe han når det trengs?»

«Ja.»

«Som bror din? Som du vil hjelpe Ivar?»

«Ja, far.»

No hende noko underleg. Ranveig måtte læ. Ikkje høgt. Men låtten låg i augo, og han leika kring munnen. Det var berre ein tanke som gjorde det.

Ho syntes tydeleg høyre gamlepresten si røyst ved brurevigjingar, høgtideleg: «Så giver hverandre hånden derpå.» Med det same gav ho far sin handa.

Lensmannen såg litt undren på henne.

«Du lær?» sa han.

«Ja.» Ho fortalde kva ho hadde tenkt på.

«Barn,» sa han berre. Men han smilte. –

So gjekk Ranveig, ung og glad til sitt. Ho låg og tenkte på far ei stund – kor inderleg ho heldt av han. Meir enn av nokon annan – næst etter Arvid. Men det vart på ein annan måte med han. Og som vanleg sovna ho inn ved tanken på han som var langt borte no.

Ivar

[93] At eit menneske kan vera saman med eit anna menneske og vita so lite om det! Kjenne det so lite. At ein kan sitte ein heil kveld, koma ein annan so nær – og endå ikkje vita nokon ting, ikkje kjenne at det er siste gongen.

Er vi so åleine alle når det ber i einherdinga? Inst inne so heilt åleine?

Ja, jamra Ranveig, so åleine er eg no. Det finns ikkje sjel på jorda som kan nå fram til meg.

Ho levde oppatt og oppatt denne siste kvelden med far sin. At ho ikkje hadde skyna? Det var då ikkje naturleg for far å tala slik. No såg ho det, no høyrde ho det – no, når det var for seint. Heile tida sat han der og tok avskil. –

Han hadde teke børsa tidleg om morgonen og gått bort i marka. Det pla han gjera ofte, so ingen ansa større etter det. Men då han ikkje kom heim utpå ettermiddagen, bar det til å leite etter han. Då dei fann han, hadde han alt vore død i mange timar.

Vådeskot, sa dei. Han hadde vel snåva med børsa –. Men Ranveig visste straks, at noko vådeskot var det ikkje. No visste ho det. No skyna ho alle orda. No.

So hadde han vel gått der om morgonen før òg med børsa og tenkt det same dag etter dag. Til han ikkje såg nokon annan veg. – –

Snart trudde ingen på vådeskot. Endå anna vart aldri sagt offentleg. Det var ugreste i rekneskapen [94] etter lensmannen, der var hol fleire stader og ingen ting å tette dei med.

Han hadde vore for god i seg, kunde lite segja nei når nokon bad om hjelp. No såg han vel ikkje å koma seg utor floken meir. So gjekk han.

Men orda han sa den siste kvelden vart levande. Dei ropte mot Ranveig kvar ho gjekk og stod. Det skal du hugse, ropte dei.

Ord for ord tok ho fram. Minne for minne kjælte ho for. Det skal du hugse – det skal du hugse. Ho kom visst aldri til å gløyme nokon ting meir. –

Revisjonen arbeidde, kommunen sine fremste menn arbeidde – det vart sett lås og slå for alt i lensmannsgarden. Gravølet var det tyngste Ranveig hadde levt.

Ingen sa noko vondt. Ingen dømde so ho høyrde det. Men sjølv denne stilla var full av redsle.

Presten hadde berre fatige ord, og utan trøyst. Han var ein framand og hadde lite å [n10](#) segja. Men om det hadde vore gamlepresten no! Han vilde ha teke far innåt seg i orda sine. Han vilde ha tala om dei som var trøytt og trong kvile. *Han* hadde skyna. –

Ivar gøymde seg bort. Faster sat helst stille og skyna ingen ting.

«Han Ole,» sa ho og rista på hovudet, «han las for mange gudlause bøker. Han *tenkte* for mykje i staden for å tru.»

So reiste ho seg gjerne og gjekk ein runde. Og visste lite kvar ho skulde gjera av dei annsame hendene sine. –

[95] Dagane gjekk. Ranveig hadde vorte fullvaksen med eitt. Det var ho som måtte gjeva greide og svara der svar kunde gjevas. Ho rettleidde og hjelpte der ho kunde. Ho letta arbeidet for dei som skulde ordne opp.

Det vart stridt åt henne. Ho vart bleik, og augo vart store og ålvorsame. Folk ynka henne og tykte helst ho tok seg vatn over hovudet.

Dei tenkte mindre på at arbeidet gav kvile. Det fekk dagane og timane til å gå. Det heldt tankane vekk frå mykje anna som var vondt.

Og dette arbeidet måtte gjerast so godt som mogeleg. Fordi det var siste hjelpa Ranveig kunde gjera for sin. –

Det var andre ting òg som kravde omtanke, som valda uro og gjorde dagane utrygge. Kvar skulde det bli av Ivar og faster? og Ranveig sjølv? På Landsem åtte dei ikkje heime lenge – det skyna Ranveig snart.

Ho freista tala med Ivar om det ein dag. Ho leita han opp på loftet der han sat med ei bok. Han las visst ikkje stort. Men boka tente i minsto til å løyne seg bak.

Ranveig kom ingen veg med han.

«Det kan vel vera til morbror kjem,» sa han då ho nemnde framtida hans.

Men som ho sat der, kom ho i hug at ho hadde mest ikkje tala med Ivar sidan faren kom bort. Det hadde vore so mykje anna. Og faren sitt namn hadde ikkje vore nemnt dei imillom.

No vilde ho gjera det godt. Ho vilde fortelja litt om far deira – om siste kvelden hans. Ho vilde [96] på eitkvart vis freiste mildne det som var gjort gale. Det som var vondt.

Men då vart Ivar reint frå seg.

«Eg vil ikkje høyre noko,» ropte han, «stødt har det vore du og far. Far og du. Alt *du* gjorde var bra, alt *du* nådde fram til var han glad for. Meg såg han ikkje.

Til deg gjekk han stødt. – Eg vil vera fri for deg, for far, for alt. Eg har halde av Landsem eg som du, som han. Men de ansa det ikkje. No hatar eg kvar flekken her heime. Alt roper om skuld, alle eg møter, ynkar meg. Eg vil ikkje bli ynka – eg hatar det. – Nei, du skal tegja. Eg vil ikkje høyre noko. Eg vil ikkje.»

Han skreik mot henne. Han trampa i golvet og truga med hendene. Andletet hans var forventd av innestengd gråt.

«Gå,» ropte han, «gå. Eg vil ikkje høyre noko.»

Ranveig gjekk. Ned og ut or tunet. Ho gjekk i ørske. Gjekk som ho var jaga. Ho gret ikkje. Ho berre gleid og gleid utfor eit botnlaust djup av redsle og sorg. –

Ho møtte visst einkvar som helsa. Ho ansa det ikkje. Augo stira inn i noko ukjent, vondt.

So vondt hadde Ivarguten havt det! So lite hadde ho visst! Ho hadde tenkt ein gong at stødt fekk Ivar gjera som han vilde. Stødt heldt faster med *han*.

Snilde gode faster! Ho hadde meint alt so vel. Både skjenn og gjølord. Livet sitt hadde ho ofra for dei to morlause borna. So hadde ho òg kanskje gått der åleine med sitt? Gått og lengta etter litt godleik og skynsemd? Kva visste Ranveig.

[97] Ho gjekk og gjekk. Tankane fylgde. Og minna. No tykte ho dei hadde gått der kvar for seg alle desse fire som hørde heime på Landsem. I alle år kvar med sitt, framande for kvarandre.

Om dei hadde sete kvar på sin haug med avgrunnen imillom, utan von om å høyre – det kunde ikkje vore lenger imillom dei. Fanns det då ikkje ord som nådde fram? som batt?

Berre far og ho hadde nådd fram til kvarandre. Dei hadde høyrte saman og kjent det slik, baa. Det vilde ho tru. Det måtte ho tru. No. Men det òg vart urett mot Ivar.

Og samkjensla var ikkje so sterk at ho kunde hjelpe far heller. At ho *kjende* han trong hjelp då han mest bad om det. Må eit menneske stødt bli åleine i dei tyngste stundene?

Mette

Ranveig hadde kome fram til Korsbakken. Der stana ho og tenkte seg om. Var det eit tilfelle berre? Eller sat det nokon og styra stega ho tok? Var det nokon *med* henne?

Ein vilje sterkare enn hennar eigen? Kvifor hadde ho plent gått hit?

Det fekk vera som det vilde med det. No gjekk ho inn. For hit var det vel meininga ho skulde no. Her òg ¹¹¹ hadde ho noko å gjera for far sin. Ei helsing å bera fram. –

Ho hadde ikkje vore inne på Korsbakken på ⁹⁸ mykje over fire år. No stod ho her og banka på og visste lite kva ho skulde segja. Men det kom vel. –

Mette såg opp frå arbeidet sitt, og nikka. Ho talde opp maskor på ein bunding. Då ho var ferdig med det, sette ho fram ein stol.

«Er det du som er ute og går,» sa ho, «versogod og sit ned.» –

Ranveig sat der som ei skamfull lita gjente og venta på skjenn. Men det kom ikkje. Mette gjekk berre stor og sterk og stulla med sitt. Ho sette til rettes eit og anna. Når det kom slike storframande, so –.

«Det var vondt med far din,» sa ho endeleg, og sa det som måtte segjas.

«Ja,» kviskra Ranveig. Ho sat og svelgde og fekk ikkje skikkeleg ord for seg. Andletet hennar var so lite og bleikt i skuminga nede ved døra.

«Han – han var ein god mann.» Mette leita litt etter orda.

«Ja. – Han bad meg – vera snild – med Gunnarguten.»

So var det sagt. Men no kunde ikkje Ranveig meir. Ho gret. Ho gret sårt og hjelpelaust. Utan tanke, utan von.

Mette sa ikkje noko. Ho strauk Ranveig over håret. Vart. Kanskje mintes ho ei lita gjente som leita etter mor si bak stjernone? Kanskje tenkte ho på han som gjekk sin veg?

Allvisst kjende ho, at no trong Ranveig eit *menneske* attmed seg. So sat ho der roleg og trygg, og gav av sin eigen tryggleik. Og let Ranveig gråte ut. –

[99] Då ho endeleg fekk roa seg, såg ho på Mette og smilte stakkarsleg.

«Du må vel tru eg er rar,» sa ho.

«Eg trur du har havt det vondt,» svara Mette stillsleg.

«Eg har det vondt.» På nytt vilde gråten fram.

«So. No segjer vi ikkje meir om det. No skal eg koke kaffe. So spring Gunnar til bakaren etter ferske kringlor. – Set deg i denne stolen, so kviler du betre.»

Mette sette til rettes ein gamal korgstol. Ho prata om arbeidet sitt. Om all bundingen som ho mest ikkje vann med. Litt ståk var det alltid med kua og grisen, og hønsa var ikkje til å snakke om! Dei kravde stell, skulde dei gjera rett for seg. Det fekk ein snart sanne når ein skulde bala med dei. Mette stulla og prata. –

Ranveig drakk kaffe og åt kringlor. Det smaka godt med mat. Og det hadde det ikkje gjort på lenge.

Ho prata litt med Gunnar om skulen og leksone. Ho sat der og vart glad i den vesle halvbror sin. Og det var inga tung bør å vera snild mot han.

Ho fekk ein dâm av raudlet i kinna att. Og augo var ikkje tunge av gråt. –

«Korleis er det? Får de bli i ro på Landsem?» Det var Mette som spurde. Dette var òg noko som måtte segjas. Sjølv om smilen kvarv or augo hennar Ranveig.

«Vi gjer nok ikkje det. Eg veit ikkje enno –.»

«Det er ikkje fordi eg er nyfiken eg spør. Men eg har tenkt so mykje på dykk denne tida. Eg har tenkt so på faster – kvar ho skal gjera av seg?»

[100] «Eg òg har tenkt på faster. Det er i grunnen verst for henne. Men eg veit ikkje –.»

«Det er ikkje å vente det. Du har sakte havt nok lel.»

Mette tagde litt, og tenkte etter om det var rådeleg å segja meir. Ho sat ved bordet og la brett på brett på den nyrulla kvite duken. Ho glatta ut att og la nye brett. Det er ikkje lett å finne dei rette orda alltid.

«Det har vorte slik at vi har det bra her, guten og eg. Vi har godt om rom. Eg tenkte – det er ikkje sagt ho vil, men – og slett ikkje blir det som ho er van med det, sjølv sagt – men heller enn å koma på vidåtta, tenkte eg – for soleis må ein vel helst segja det blir?»

«Vilde du faster skulde koma hit?» Det var berre undring i den unge røysta.

«Ja. Dersom ho vil. Ho skulde få det godt her. So langt som eg kan rå for det.»

«Det tviler eg ikkje på, Mette. Men dette – det kjem so brått på meg. Dette hadde eg aldri kome på –.»

«So fekk ho vera i ro på heimetraktom, tenkte eg. Arbeid er her nok av òg, dersom ho vil. Det er so rart med den som er van med å hange i –.»

«Det har du visst rett i. – Men – kan du dette? Eg meiner – det er ikkje sagt faster kan betala noko vidare –.»

På nytt lag tenkte Mette seg om. Ho såg beint på Ranveig.

«Far din var ein god mann. Han var ein heidersmann – mot meg.»

[101] Då reiste Ranveig seg og rette fram handa.

«Takk for kaffen, Mette. Og takk for tilbodet. Eg veit ikkje kva faster vil. Men du skal i alle høve ha takk.»

«Det er eg som skal takke.» –

Ranveig var i heimvegen att. Ho måtte skunde seg – dei venta truleg på henne. Men gonglaget var lettare no enn då ho kom.

Det er langt til Amerika

No hadde Ranveig stunder til å tenkje på seg sjølv. Ivar var reist med morbror. Faster skulde til Mette. Sjølv tenkte Ranveig seg til Oslo – til industriskulen. Ho vilde lære mønsterteikning, kanskje kunstvevna.

Men ho hadde gått med ein ir dei siste par vikone – ein otte, som meir og meir vart til visse. Ho var ikkje åleine lenger. [n12](#)

Kvar gong tanken kom for henne, skuva ho han til sides. Ikkje no. Berre ikkje tenkje på det no. Alt anna måtte ordnas først.

Og no var det snart ikkje meir å ordne. No var det ikkje meir å vone eller tvile på heller. No vildra tanken frå det eine til det andre. Leita etter utveggar. Fann ingen – og leita på nytt etter andre.

Ho hugsa ein dag ho hadde tala med Arvid om far og Mette. Kvifor hindra dei det ikkje, sa han. Kvifor hindra dei ikkje at barnet kom. Sjølv for han var det naturleg – når barnet ikkje var velkome. [\[102\]](#) Når det helst ikkje burde koma. Kvifor hindra dei det ikkje?

Ho skuva tanken ifrå seg. Men han kom att. Sterkare for kvar gong. Dette at Arvid hadde sagt det, gjorde sjølv tanken meir naturleg.

Ho tenkte på Arvid. Ho lengta etter han. Kvar blodsdropen i henne skreik etter han. Og no var det langt til Amerika. Vonlaust langt.

Ho vilde skrive. Og ho skreiv. Brev etter brev – og brende dei. Det var ikkje meining i dei. Ein kunde ikkje rådføre seg med ein i Amerika om slikt. Havet var imillom – og dagane var dyre.

Dessutan vilde det gjera Arvid vondt. Det vilde skiple arbeidet for han. Og kva kunde han gjera? Ingen ting. Mindre enn ingen ting. –

Hadde gamlepresten lev! Eller far! Til dei kunde ho gått, tenkte Ranveig. No. – Ei stund tenkte ho på fru Berge, mor hans Arvid. Ho vilde sakte hjelpe.

Men det var ikkje meining i det heller. Ho hadde nok med sjølve seg og sine. –

Ranveig gjekk kvilelaus ikring og budde seg til Osloferd. Ho kjende seg kroppsleg uvel. Det òg auka otten og spaninga.

Gjev noko måtte hende, tenkte ho – noko godt og lyst som kunde hjelpe henne! Kanskje narra ho seg sjølv? Når ho kom seg til ro i Oslo, vilde alt syne seg å vera innbilling berre?

Ho hogg seg fast i denne tanken, ho tviheldt på han. Og ho tok til å tinge med Gud.

«Du som er allmektig,» tenkte ho, «du som kan alt – hjelp meg! Du kan gjera det slik at eg ikkje [103] er med barn. Du kan dersom du vil. – Eg vil tena deg heile mitt liv. Eg vil tru på deg og vitne om deg. Hjelp meg berre denne eine gongen.»

Ho tykte Gud *måtte* hjelpe. For si eiga skuld måtte han gjera det. Då vann han eit menneske heilt for seg.

Og kvifor skulde han ikkje hjelpe? Kva vondt hadde ho gjort som skulde straffas slik? Ho meir enn andre? Kvifor skulde barnet koma nett no – når korkje ho eller Arvid kunde ta ansvaret for det?

Ranveig pakka inn klæda sine og dei ting ho enno åtte. Tankane svirra rundt som flugor ein varm somardag. Alltid krinsa dei om dette same. Alltid om dette som måtte hende so alt vart som før. So denne redsla ikkje var meir. Underet som skulde gjera vissa om til inkje.

Ei kveldsstund gjekk ho og tenkte på om ho skulde tru seg til Mette? Ho var på veg dit ein gong, og to gonger. Men snudde att. Ho greidde det ikkje. Og Mette vilde knapt skyna henne.

For ho vilde ikkje ha barnet. Ikkje no. Ho vilde ikkje bera det fram i skam. Kvifor hindra dei det ikkje, kviskra det i hugen hennar. Kvifor hindra dei det ikkje? – So fanns det råd. Det måtte vera hjelp for henne òg. Ein eller annan måtte kunne hjelpe. –

Åsa? Åsa var i Oslo. Åsa *visste* so mykje. Ho vilde skyna. Og ho var kjend. Til henne kunde Ranveig tru seg. Åsa vart halmstrået ho klamra seg til. Åsa vart målet ho reiste imot.

Ein dag skreiv ho til Åsa og fortalde korleis det var. Ho bad henne hjelpe seg å få i husvære. Ho [104] fortalde om barnet som skulde koma. Nemnde ikkje noko anna.

Men kanskje skein det igjenom kva ho tenkte på. Kva ho sleit med.

Ho vilde ikkje noko gale. Ho vilde ikkje hindre noko liv i å leva. Ho vilde berre høyre kva Åsa meinte. So fekk lagnaden rå. Og avgjersla koma som den kunde. – –

Ranveig gjekk til Mette og bad farvel ein kveld. Faster hadde slege seg saman med Gunnar. Dei sat i omnskroken og spela mil. Lampa lyste på mange små ting som hørde ein *heim* til. Og sprakinga frå omnen gjorde det triveleg og godt å vera til.

Men Ranveig vart ikkje lenge. Det var uråd å sitte og prate om små kvardagslege ting, når lagnaden tok hand om hennar eige liv. No hadde Åsa brevet – no visste ho – no visste ho –. Ranveig hørde ikkje til her lenger.

Ho hørde ikkje til nokon stad, tenkte ho då ho sat på toget og det bar i veg. Alle andre hadde eitkvart å halde seg til. Nokon som venta. Ei omnskrå å varme seg i – ei lampe som lyste på små heimlege ting. Berre ho var heilt åleine.

Ånei. Ho hadde Arvid. Han venta. Men han var so langt borte. Og lenger bort kom han for kvar dag som gjekk. Var det verkeleg berre eit par månader sidan han reiste? Det kunde vera år.

Ar-vid, Ar-vid, Ar-vid kvein hjula mot skjenegangen. A-a-ar-vid susa vinden. Og dirra det gjennom toget.

Arvid, kviskra Ranveig. Og let att augo. Han kom henne nær då. Ho mintes ord og tonelag. [105] Ho kjende hendene hans kring sine. Ho såg smilen hans og dei varme augo.

Arvid, kviskra ho. Og augo rann fulle av tårer. Det var so endelaust langt til Amerika no.

Lagnaden

Lagnaden hadde tala. Lagnaden var Åsa i brun skinnkåpe og ein dårande hatt som stod til kåpa. Ho var på stasjonen og tok imot Ranveig den morgonen ho kom til Oslo.

«Eg har fått i rom åt deg,» sa ho og tok ein kuffert. «Men du må tru det var ikkje lett. I fjorde høgda, mor, so du får sanneleg halde deg i treninga. Ikkje tale om heis. Men vertinna såg ikkje verst ut. Og so er det eigen inngang. Det syntes eg vog mykje. Du får kaffe om morgonen og te til kvelds om du vil. Men det kan du alltid ordne med seinare.»

Åsa prata. Ho fekk tak i bil og ordna opp med reisetyet. Ho var her og ho var der. Ranveig fekk ikkje sukk for seg før dei sat i bilen og var ferdige med heile jarnbana.

Ho åtte berre ein klår tanke: eg må ikkje kaste opp no, må ikkje, må ikkje –. Ho var kvalm etter reisa, og byen mol som ei kvern i hovudet hennar.

Då dei kom opp på romet, måtte ho legge seg. Alt sveiv. Ho kunde ikkje ha teke si hand i ein kuffert om dei hadde piska henne til det.

«Ho er dårleg etter reisa,» sa Åsa til vertinna, og smilte og prata henne ut gjennom døra. –

So var dei toeine.

[106] «Er du mykje dårleg?» undras Åsa, og vilde legge Ranveig betre til rettes.

Ho fekk ikkje svar. Ranveig stridde imot det ho vann. Men ho *måtte* opp med alt ho hadde ete om dagen. Det var ikkje til å halde ut.

Åsa hjelpte slik ho kunde. Ho fekk Ranveig til sengs. Og flidde opp. Ho prata om laust og fast, ordna bort klæde og stelte.

«So får vi bli einige om korleis du best skal ordne deg,» sa ho. Og sette seg.

«Ja, den som visste det –.»

«Det veit vi sakte. Nokon industriskule blir det ikkje tale om før jul. Det skynar du. Elles veit eg ikkje om dei tar inn nokon midt i semestret slik heller.»

«Nei, dei gjer venteleg ikkje det.»

«So segjer vi du får ta til der på nyåret. Den stunda treng du til å ordne deg.»

«Ja men eg –.»

«Du må bli frisk først, kan du skyna.»

«Men det går ikkje so fort, det.»

«Det går som ein røyk, skal du sjå.» –

Ranveig let seg drive med. Ho låg berre og lydde og sa ja og ha. Åsa tala lågt no. Ho fortalde dei utrulegaste ting om den og hin, og om dei ein minst skulde tru det om. Det var minste kunsta i verda å bli kvitt eit foster etter som det høyrdes.

Synd? – Ikkje tale om.

«Det skulde berre mangle at du skulde gå her og få barn og vera brennemerkd for dette. Og attåt slite både for deg og det. Nei, veit du kva.»

Ranveig freista med ei lita stakkarsleg innvending om å bera fylgjone av gjerningane sine.

[107] Åsa bles berre.

«Eg synes du har bore fylgjor nok snart. Du ser ut som det eg ikkje vil nemne. Og Arvid – skulde ikkje han og bera fylgjone? Eg berre spør, eg?»

Ranveig kunde ikkje svara. Ho leita etter noko ho skulde sagt om Arvid. Noko til forsvar. Men det vart ikkje større med henne no.

Det var so godt å ligge her og bli stelt med. Ranveig var sliten, og takksam for kvila. –

«Du Ranveig,» sa Åsa litt tvikande, «eg har fortalt til Leif det du skreiv om. – Nei, du tarv ikkje bli redd – han segjer ikkje eit ord, kan du vita. Men han kjenner so mange. Og han veit av fleire som har gjort det same, skynar du.»

Ranveig skyna. Ho skyna det godt. Men det sveid so ho krympa seg ved å vita at dyraste løyndomen hennar var i hendene på Leif Jæger no.

«Han har ein ven som er medisinar,» heldt Åsa fram, «Leif meinte han vilde hjelpe deg. Du veit det er tryggare enn ei slik kjerring berre.» –

Ja visst var det tryggare. Når berre ingen fekk vita noko, so –. Ranveig dreiv med. Ho åtte ikkje vilje lenger. Ho åtte ikkje tanke for anna enn å bli fri. Bli seg sjølv, so ho kunde ta til å arbeide. So ho kunde kjenne seg menneske att. Alt anna var likesælt.

I Oslo

Det var ein endelaus dag før jul, med storm og snødrev. Ranveig hadde vore i Oslo ein månad snart.

[108] No sat ho på romet sitt med ei bunke magasin og venta på at tida skulde gå. Åsa og Jæger hadde bede henne med i teatret om kvelden. Det var første gongen ho skulde ut etter ho kom opp og var seg sjølv att.

Ho hadde ikkje lyst. Veret var ufyseleg. Og ho grua seg for dei tri lange trappene. Hadde det ikkje vore for Åsa – – men det var ikkje godt å segja nei lenger, so staut og hjelpsam Åsa hadde vore denne tida.

Ranveig bladde om og las – blad etter blad. Utan tanke, utan meining. Ho trekte sjalet hutrande kring akslene sine. Og vart sitjande og såg på dei tunne fingrane sine.

Dei var ikkje arbeidsslitne lenger, bar ikkje merke av mold eller vatn, bar ikkje merke av nokon ting. Ein liten ring med ei perle i hadde ho fått hos Arvid. Den slang på vinstre ringfingeren no. Åtte ikkje heime der lenger. Ho flytta han over på langfingeren. Der òg var han for stor.

Det kom brått for henne at ho kunde misse ringen ein dag – draga han av med votten kanskje. Det måtte ikkje hende. Det vilde vera ei ulukke.

Skulde ho få gullsmeden til å ta han inn? Skulde ho gøyme han til fingrane kom i arbeid att. Dei måtte vel bli levande, kraftige igjen? Ho såg redd på dei, og på ringen.

Den skulde vera teiknet på bandet som batt, hadde Arvid sagt. Han hadde mest ikkje fått ringen inn på fingeren hennar den gongen, so trong var han. Di fastare ringen sit, di fastare bind eg deg, sa han. No sat ikkje ringen fast.

[109] Dei hadde skjemma den gongen, hadde leika seg med ord. No kom orda att og skræmde.

Ho kasta blada. Ho måtte gøyme ringen, måtte ikkje misse han. I det vesle skrinet saman med brosjja etter mor og gullkrossen ho fekk til dåpen, var han vel trygg. –

Ho vart ståande og såg på snødrevet som klina seg inn i krikar og krær – som eit likklæde reint. Ender og då skimta ho toga som ylte og tuta mot henne.

Ho hadde utsyn til jarnbanetomtene, til ei kolbu og eit lager for skraphandel. Bak dette var Eikeberg og fjorden.

Men Ranveig såg ikkje dette no. Ho stira inn i eit minne om ei natt då det aldri tyktes bli morgon meir. Då noko reiv og sleit i kroppen hennar, og ordet om misgjerning vart sanning. Den natta måtte barnet hennar døy. – –

«Det var ikkje barn,» sa Åsa uviljugt, då Ranveig hadde gjeve seg over ein dag og klaga. «Det var i høgda ei von. Og ei vonlaus von måtte det vera.» –

Men Ranveig kunde ikkje sleppe dette barnet som ikkje var barn, denne vona som ikkje hadde vore von – berre otte og redsle. No det ikkje var der lenger, måtte ho tenkje på det stødt. Ho drøymde om det. Ho undras korleis det vel hadde vorte om det hadde fått leva. Når ho hørde småkarane skrike etter mor si, måtte ho tenkje på dette. Ho kom ikkje lenger. Ynske og voner var ikkje meir.

Ho hadde fått brev frå Arvid ein dag – sendt etter henne heimanfrå. Han hadde ikkje høyrte at lensmannen var død eller om flyttinga enno. Det [110] var underleg å lesa brevet. Det var som frå ei anna tid.

Han fortalde små hendingar frå reisa si. Han skreiv gode små ord som hadde gjort henne lukkeleg før – no fekk dei henne til å gråte.

Han hadde ikkje kome seg i gang med noko arbeid – det var mange om kvart beinet der òg – men det kunde ikkje vara lenge no. Ho måtte vera med godt mod.

Godt mod! Ranveig smilte sårt der ho stod og såg på snødrevet og hugsa brevet. Han kunde sakte skrive om godt mod. Kanskje hadde han det òg. Sjølv hadde ho korkje godt eller dårleg mod lenger.

Ho skulde berre leva vidare, skulde slite seg gjennom dagane. Sjølve vona om å koma til Arvid snart var død. Det var meir enn havet som skilde dei. Det var ei endelaus natt som ho ikkje kunde gløyme. –

Ho stod med klokka i handa. Venta og vog. Visarane flytta seg. Tida gjekk. Skulde ho legge seg for hovudverk og be vertinna ringe til Åsa?

Ho hadde gjort det før òg. Men so vilde vel Åsa koma drivande i morgon og skjenne og masa. Kanskje drog ho Jæger med seg. Det måtte ikkje hende.

Ranveig fann fram kjole og kåpe. Ho skunda seg. I trappa møtte ho fru Hansen, vertinna.

Dei sa dei par orda om ver og føre. Og gjekk so kvar til sitt. Men Ranveig vart heit. Ho kjende augo åt fru Hansen – spyrjande, halvveges vitande. Hadde ho skyna noko? Kva trudde ho?

Augo og spursmåla fylgde Ranveig til ho møtte [111] Åsa og Jæger. Då tok spaninga henne. Dei breide trappene i teatret, dei festklædde menneskja – det var som å koma or kjellaren fram i lyset.

Endå meir teken vart ho då teppet gjekk opp, og songen tona mot henne. Og fargane tona med. Det var «Faust» dei såg.

Og frå første stund levde Ranveig med. Ho var sjølv Margareta. Ho elska med henne, synda og leid med henne. Og sigra. Ho såg ikkje at Jæger og Åsa smilte til kvarandre.

I millomaktene dreiv ho med ut. Ho hørde Åsa prata om den kjolen eller hin frisyren – det var tome ord. Dei hadde ikkje bod til henne. Inne på tilet var livet. –

Ho ansa ikkje at Jæger kom borti henne, ikkje at handa hans strauk hennar og klemde til. Ho flytta seg berre til sides og trudde det var trongt. Ho skyna ikkje at nokon kunde tenkje på anna enn dette vedunderlege dei hørde og såg.

Då låtten åt Mefisto klang mot henne frå djupaste helvete, vart ho bleik, og redsla frå barneåra tok henne. Slik kunde berre den vonde sjølv læ.

Då ho såg Margareta i bøn til Maria møy, bad Ranveig med av fullt hjarta. Og då himmelen opna seg, tykte Ranveig det var ho sjølv som hadde fått tilgjeving for syndene sine. –

Klapping, blommar, rop og uro vekte henne so langt ho kunde vekkjas. Men det var uråd å sleppe dette ho hadde levt med i.

Åsa og Jæger kritiserte musikken og songen. Dei plukka sund og fann lyte både her og der. Ranveig skyna det ikkje.

[112] Jæger baud til å fylgje henne heim. Men ho nådde sovidt siste trikken. Og var glad då ho var åleine.

Ho vilde heim og drøyme. Ho vilde lata att augo og leva oppatt det ho hadde set. Musikken hang att i øyro, fargane og tonane båra i henne.

For første gong sidan ho kom til Oslo tykte Ranveig livet var verdt å leva. Kanskje kunde det ha ei og anna glede åt henne med.

Eit møte

Dagen etter møtte Ranveig Anna Jenssen – klokkar-Anna der heimanfrå. Det vart eit møte! Du her? og kva du held på med? og kvar bur du?

Spursmåla hagla. Dei var to sambygdingar som møttes ute i verda. Dei hadde hundrad ting å prata og spyrja om.

Anna gjekk på lærarskulen – siste året. Sjølv sagt visste Ranveig det. Ho hadde berre gløymt det i all striden.

Anna var lita og bleik og mørklett som ho alltid hadde vore. Og stillferdleg og var. Ho var som ei kjærkomen helsing frå elva og Småhaugane, frå lensmannsgarden og barndomen. Aldri hadde Ranveig set at ho var so ven før. Det var berre godt å møte henne.

Dei dreiv i gatone. Dei gjekk på restaurant. Ranveig gløymde kva ho var ute etter. Hugsar du? hugsar du? sa ho. Anna hugsar. Ho hugsar meir enn Ranveig sjølv når det bar til.

[113] Den siste syrgjelege hausten nemnde dei ikkje. Ingen hadde gløymt noko. Kanskje tenkte dei nett på den. Men det var ikkje noko å nemne i denne stunda. –

«I går kveld såg eg Faust,» sa Ranveig brått, oppteken av det nye som fyllte henne.

Anna svara ikkje.

«Eg har aldri opplevd noko liknande,» sa Ranveig igjen. Ho ansa ikkje at Anna tagde. «Har du set det?»

«Nei.»

«Men det må du sjå. Det er ikkje til å fortelja korleis det er –.»

«Eg kjem visst ikkje til å sjå det lel.»

«Men kvifor?»

Ranveig fekk ikkje svar no heller. Med kvart vann ho tenkje seg om og minnas eitkvart.

«Du vil då vel ikkje segja du trur det er synd å gå i teatret?»

«For meg er det synd.»

«For deg? Er det meir synd for deg enn for andre?»

«Kanskje. Når det dreg tankane mine vekk.»

«Meiner du Goethe synda med å skrive Faust òg?»

«Nei. Eller eg meiner ingen ting. Eg veit det ikkje.»

«Men korleis veit du det er synd å syne det fram då?»

«Eg veit ikkje det heller.»

«Men då skynar eg ikkje –.»

«Nei. Men når eg tenkjer på det livet skodespelarane lever, og *må* leva –.»

«Kva veit du om livet deira?»

[114] «Ikkje mykje. Men eit liv i lygn og tilgjersle *må* det visst vera –.»

Ranveig tenkte på Margareta. Ho såg henne for seg, hørde songen –. Det *var* ikkje lygn.

«Dersom eg kunde gjeva eit einaste menneske det Margareta gav meg i går kveld,» sa ho varmt og sterkt, «då vilde eg tru eg hadde nådd noko av det Vårherre vilde med meg. Slik kjenner eg det.»

Anna svara ikkje. Det hadde falle ein skugge. Det kjøla, og snart var det hundrad mil millom dei. Det gjorde vondt.

Ranveig hadde ikkje råd til å misse Anna no. Ho leita etter ord som kunde bygge bru. Ho lo litt.

«Dette òg minner om der heime,» sa ho: «hugsar du ordskifta våre om tru og synd? Aldri vart vi einige. Om vi møttes i ei anna verd ein dag, trur eg mest det bar i ordskifte med oss der òg.»

«Det kom vel an på om det vart høve til det der,» smilte Anna.

Skuggen var sovidt borte. Dei kunde allvisst skiljas og gleda seg til møtet neste gong. –

Ranveig gjekk heimover og tenkte på Anna. Kor sterk ho var i alt sitt einsyn. Det fanns ikkje faktor og store ord hos henne. Ho var som ein botnfast stein. Om straumen gjekk nokso strid, let ho seg ikkje rikke. –

Sidan møttes dei rett som det var. Det kunde vera mykje som skilde. Men det var mangt som batt òg. For Ranveig var Anna litt av heimen og heimbygda. Dei heldt av kvarandre på ein vår og stillferdleg måte. Og dei hadde hugnad av samværet – endå so ulike dei var.

I arbeid

[115] Ranveig hadde kome seg i gang med arbeidet. Kvar dag traska ho vegen til og frå industriskulen.

Ho var glad i arbeidet. Ho kjende kor laget til å teikne vaks med øvinga. Ho drøymde om nye mønster, ho såg linor og fargar – måtte ho berre få det til som ho vilde!

Om ettermiddagen sat ho mykje godt heime på romet sitt. Der brukte ho fleire fargar enn ho hadde høve til på skulen enno. Ho kunde lata att augo og sjå fjellviddene heime, i haustbragd. Ho hugsa det gamle lønetreet i hagen når hausten hadde måla med gull og blod. Det var ein fargerikdom som kunde gjera ein ør.

Ho drøymde om fargane og freista feste dei på papiret. Mykje vart rot. Men det hende ho fekk til brukbare ting.

Då tok ho smått til å sulle og synge litt. Ho kjende seg som menneske igjen. Modet vaks – og ho tok til å drøyme om framtida att.

Framtida var Arvid. No som før. No meir enn før. Ho vilde skrive og fortelja alt. Men fekk det ikkje til. Kanskje var ho redd for å legge for tung ei bør på han – kanskje grua ho seg for å leva opp att det ho hadde gått igjennom.

Ho visste ikkje. Ho vilde helst ikkje tenkje på det som hadde hendt. Ho orka ikkje skrive om det.

Hadde ho ei lita ledig stund so minna kom smygande, tok ho på seg og gjekk ut. Til Anna eller Åsa.

[116] Helst til Åsa. Dei gjekk på kino eller i teater. Dei gjekk på konsertar og såg mange menneske. Det var mest det same når ho berre fekk døyve dei vonde tankane.

Eller ho kasta seg inn i arbeidet. Dreiv på, utan stans. Med teikning og vevnad. Fargane smaug seg inn i einannan, mjuke og fine – som trådane i veven, som himmel og jord i synsrande. Ingen såg når den eine slutta og den andre tok til.

Somtid skreik dei mot kvarandre, sterke og kvasse. Her eg, der du. Inga blanding. Ingen mjuk overgang. Berre kvasse konturar.

Men alt var gildt. Det fanga hugen. Det tok tid og tankar. Dagane flaug. Det hende dei vart for stutte. Attåt las ho mykje denne tida. –

Innimillom kom det vonde dagar. Ein dag var Leif Jæger nærsøken igjen. Ikkje slik at ho kunde slå eller bite, det ho var mest huga til. Nei, berre sovidt ho skyna kvar ho hadde han.

Men når ho såg augo hans, vart ho redd. Han visste. Han kjende henne. Han dømde henne ut ifrå seg sjølv. Sjølvsagt gjorde han det.

«Du tarv ikkje gjera deg so heilag,» sa augo hans. «Eg veit kven du er.» Dei sa mykje meir. Dei sa ting som fekk Ranveig til å raudne og kjenne seg sulka.

Den dagen kjende ho kor alle orda var hole. Det var inga glede ved arbeidet heller. Gråten låg og skalv bak låtten. Ho reddas ved det.

Men ho lo likevel. Og døyvde tankane med prat. Berre ikkje tenkje på det som var vondt. Berre ikkje sjå nokon skugge. Var ikkje sola for alle?

[117] Arbeid og moro – moro og arbeid. Det var livet. Skulde alltid vera det. Det kom mange slike dagar. Dei jaga henne. –

Ein dag var ho på tur med Åsa og Jæger og eit par andre kjenningar. Dei møtte Anna Jenssen saman med ein lærar Hauge.

Ketil Hauge var eldre – allvisst verka han eldre saman med desse kåte ungdomane –, men han var pratsam og triveleg.

Anna kjende Ranveig sitt lag. Dei helsa og sa nokre ord om våren og den herlege lufta. Til slutt vart dei alle med heim til Åsa. Dei skulde høyre musikk. –

Åsa spela. Det gjorde ho tidt og gjerne. Men det var meir høgtidsamt denne kvelden. Dei to framande gjestene la døyvar på kjæta. Og Beethovens måneskinssonate høvde ikkje saman med lått og lögje.

«Er ho ikkje flink?» kviskra Ranveig. Ho sat saman med Anna og Hauge.

«Jau,» svara Hauge.

«Ho er berre musikk,» fortalde Ranveig og var kry av veninna si. «Ho har spela frå ho var yrende lita.»

«Ein merkar det. Ho har mykje teknikk.»

Det var Hauge som sa det. Ranveig vilde vita kva han meinte – det let ikkje berre som lovord tykte ho.

«Jau, det *var* lovord,» varde Hauge seg. «Det er godt gjort å ha so fin teknikk. Det ligg utruleg mykje arbeid bak den. Tru De meg.»

«Men det er vel ikkje berre arbeidet som gjer musikken?»

«Nei?»

[118] «Kva meinte De so?»

«Ingen ting i grunnen. Ho er so ung. Det er berre naturleg om ho har meir musikk i fingrane – enn i hjarta. Enno. Med all den øvinga.»

Då måtte Ranveig sjå på han. – Ho tenkte på far sin då ho gjekk heim om kvelden.

Somarferie

Då somarferien kom, reiste Ranveig til morbror sin og til Ivar. Dei budde nærast til. Reisa kosta minst. Og ho var huga til å sjå om morbrorfolket.

Ho grua seg litt for Ivar. Dei par breva ho hadde fått frå han, sa inkje. Men ho kunde ikkje gløyme utbrotet hans i fjor haust. Ho undras om han gjekk og bar agg til henne? Enno? –

Han møtte henne på stasjonen. Og helsa glad. Då stod Ranveig i sola og kjende kor skuggane kvarv. Ho var glad ho hadde reist hit. –

Ivar gjekk med henne rundt i prestegarden, skulde gjera henne kjend. Han hørde til her, skyna Ranveig. Ei lita sjuårs gjente gjekk med. Ho undras til slutt om Ranveig kunde mange eventyr?

«Eg heiter Gudrun, eg,» sa gjentungen, «og eg kan lesa om reven og hanen heilt åleine.»

«Det var då svært til gjente,» meinte Ranveig, «og du er syskinbarnet mitt. Veit du det?»

«Mor segjer at Ivar er bror min no,» sa Gudrun.

Då lyfte Ranveig henne opp åt seg. Ho kunde ikkje segja stort. Men ho var forunderleg glad. –

[119] Ranveig kjende seg snart heime i prestegarden. Der var ro og tryggleik. Ingen tenkte på noko vondt. Ingen visste noko leidt. Morbrorkona var eit lyslett lite menneske som ein *måtte* bli glad i.

Og Gudrun var ein gild kamerat. Ho vart aldri trøytt av å høyre eventyr. Ranveig fortalde dei ho kunde. Ho dikta nye til. Men Gudrun var like umetteleg.

«No kan eg ikkje meir,» sa Ranveig reint oppgjeven ein dag.

«Då er Ivar mykje flinkare enn du,» sa Gudrun og sette trut.

«Det veit eg han er,» sa Ranveig. Ho såg ikkje på Ivar. Og han sa ikkje noko.

«Men kanskje eg kan teikne til deg,» sa Ranveig igjen. Ho fann fram fargar og papir. Og teikna blomar og dyr. Ho teikna ei lita gjente i blå kjole.

«Du er flinkare enn Ivar til å teikne,» sa Gudrun.

«Kanskje. Men Ivar er mykje snildare enn eg.»

«Det er han.»

Gudrun sa det so visst. Dei måtte læ. –

Ein dag gjekk Ranveig og Ivar langs med elva og plukka blomar og prata. Det var Ranveig som plukka blomar.

Gudrun sprang med som vanleg. Ho hermde etter fuglane, ho kika etter fisken som spratt og krusa vassflata ender og då.

Ranveig var glad. Ho hadde ei kjensle av at Ivar og ho heldt på å finne fram til kvarandre. Eit stykke på veg i minsto.

Ivar vilde bli prest, fortalde han. Då måtte Ranveig sjå på han. Og undras.

[120] «At du vågar,» sa ho berre.

Ivar smilte litt. Han gjekk og vog ein prestekrage i handa. Han glytta bort på Ranveig.

«Det kan vel vera vågnad med å lata vera òg,» sa han stilt. Og kasta prestekragen på elva.

Då måtte Ranveig sjå på han endå ein gong.

Han hadde vorte so lang dette siste året, hadde vakse utor konfirmasjonsklæda sine. Og var grop og vaksen i mål, og i åtferd. Han var ingen smågut lenger. Ranveig merka vel det.

«Er det morbror som har talt deg til dette?» undras ho. Ho kunde ikkje anna – ho måtte spyrja.

«Nei.» Han gjekk eit stykke. So la han til, skjemtande. «Det er min eigen frie vilje – og eg har både vitet mitt og sansane mine.»

«Det treng du sanneleg òg.»

Ranveig måtte læ då ho hadde sagt det – og Ivar lo med. Sidan gjekk dei tagale ei stund og tenkte kvar på sitt.

«Ja ja lukke til då!» sa Ranveig med eitt og rette fram handa.

«Takk!» –

Dei var komne fram til fossen. Og no var Gudrun der med mykje prat. Ho skulde kappas med fossen i dur, sa Ivar og terge henne.

Men Gudrun let seg ikkje terge. Ho hoppa som ei erle, ho ropte og lo. Fortel meg om nøkken, bad ho Ranveig.

«Hyss. Der kjem han,» sa Ranveig.

Det dukka opp noko mørkt millom steinane. Ein mann. Han kom mot dei. Helsa. Det var Ketil Hauge.

[121] «Men du verda,» ropte Ranveig.

«De kan so segja,» lo Hauge. «Er De her?»

«Ja visst er eg her. Kvar skulde eg elles vera? men De?»

«Eg har somarferie.»

«Det skynar eg.»

«Morsætta mi skal vera frå bygda her. Eg vilde sjå om eg kunde finne skyldfolk.»

«Det var snålt –.»

Ranveig var still vorten. Dette med skyldfolket høyrdes bra. Men – –, ikkje anna ho hugsa hadde ho fortalt både Anna og Hauge om reisa si hit. Han hadde ikkje sagt noko om skyldfolk den gongen.

Ranveig måtte sjå på han. Hauge gjekk og prata med Ivar. Gudrun sprang imillom dei med blomar.

«Veit du, Ranveig trudde du var nøkken, ho,» lo Gudrun mot Hauge.

«Kanskje er eg det.»

«Kan du spela då?»

«På fele, ja. Eg var vel ingen nøkk utan.»

Gudrun og Hauge var bestevenner straks. Ho vilde ha han med heim til å prøve fela.

«Ein annan dag,» sa Hauge og drog på det.

«I dag,» sa Gudrun.

Ranveig og Ivar bad med. Han kunde vel sjå innom dersom han hadde stunder.

«Dette med fela høyres freistande,» sa Ranveig; «eg visste ikkje De kunde spela.»

«Eg kan diverre ikkje stort heller –.»

Men han kunde utruleg. Han fekk liv i den gamle fela. Ho lo og gret, ho song mot dei.

«Eg meiner De *er* nøkken, eg,» sa Ranveig.

[122] «Eg vil ikkje ynskje det.»

«So?»

«Han må ha det kaldvore –.»

Meinte han meir enn han sa? eller noko anna? Ranveig kunde ikkje bli klok på det. Ho måtte rett som det var lye etter noko *bak* orda. – –

Prestefolket frygda seg ved musikken. Dei bad Hauge koma att so tidt han vilde. Kanskje kunde presten rettleide honom med omsyn til ætter og skyldfolk. So han kunde ha utbyte av ein prestegardstur.

«Eg vil alltid ha det,» sa Hauge. Han var ikkje uhuga på å koma att som det høyrdes. –

Og han kom att. All som tidast kom han og slo av ein prat. Eller spela ei stund.

Ivar og han vart so gode vener. Dei gjekk lange turar. Somtid gjekk Ranveig med. Men det var helst dei to karane som heldt praten med lag.

Ranveig gjekk og lydde til. Eller tenkte på sitt. Ho måtte undras på Ivar gong på gong – kor mykje han visste. Kor tenksam han var. Hadde denne vonde vinteren

gjeve vokster med? Det måtte Ranveig undras på. – –

Ho kom på ho skulde veva ei pute åt morbrorkona si. Ho skreiv etter garn og leita etter mønster. Helst vilde ho laga eit sjølv. Ho drøymde om fargar.

På ein fjelltur ein dag stana ho opp og såg på ein krull med blåklokkor som hadde vildra seg opp i urda. Dei var so djupe og reine i fargen, dei lyste mot den grå mosgrodde steinen.

Der har eg motivet, tenkte Ranveig straks. Ho vilde ikkje gå lenger.

[123] Dei andre talde til, dei bad og skjente. Men Ranveig måtte heim. Mønstreet vaks fram i tankane, fargane lyste mot henne – ho måtte feste det på papiret. Straks. Det kribla i fingrane etter å ta til.

«Eg kan vera med lenger ein annan dag,» sa ho, «det er noko eg må gjera heime.» Og ho fortalde kva det var.

Morbrorkona lo og meinte det var ikkje so på livet med denne puta. Ivar sa ikkje noko. Men Hauge meinte det var rimeleg ho vilde heim.

«Eg gler meg til å sjå kva De kan få til,» sa han. –

So sat Ranveig i veven dag etter dag. Arbeidsgleda hadde tak i henne. Det mjuke garnet vart levande i hendene hennar. Det smaug og smetta seg millom renningstrådane, det vart fargar og liv. Blåkløkkemønstreet vaks fram, mjukt og fint. Det var ei frygd.

«Det blir ingen ferie dette,» sa morbrorkona og vilde ha Ranveig ut.

«Dette er gildaste ferien eg kan tenkje meg,» sa Ranveig. Augo lyste av glede. –

Bak ihugen og arbeidsgleda vaks draumane fram. Og framtidsvoner. Når eg er ferdig med skulen, når eg duger retteleg, når eg meistrar mønster og fargar til fullnads – då reiser eg til Amerika. Då reiser eg til Arvid. Då kan vi hjelpas åt. Eg skal veva so dei skal sukke i lengt etter putor og tjeld. Eg skal veva inn sjølve gamlelandet. Fargane skal lyse mot dei som morgonroden ein vårdag her heime. Eg skal veva so dei *må* kjøpe anten dei vil eller ikkje. –

Amerikarane skulde vera oppglødde for kunstvevnad, hadde Ranveig høyrte – dei skulde få stette trongen sin!

[124] Og Arvid og ho skulde bygge sin eigen heim. Si eiga vesle stove, med putor og tjeld. Med fargar frå heimegrendene, frå moserabbar og fjellvatn, frå gullgule åkrar og dørke granskogar.

Draumen vaks fram med blåklokkone i veven. Tok farge av dei, eller gav dei farge. Den dagen puta var ferdig, vakna Ranveig og var i verda. Ferien var snart slutt, og ho hadde ikkje høyrte frå Arvid på heile somaren.

Det var Ketil Hauge som stod der og såg puta, og kytte med vare og gode ord. Han hadde set blomane vekse fram i veven. Han var med i gleda over velgjort arbeid.

Og om kvelden spela han gamle folketonar so dei sat trollbundne og lydde til. – Han la brått frå seg fela og gjekk, mest utan å segja farvel. Ein underleg kveld.

Ei stund etter stod Ranveig på loftet sitt og såg ut over bygda. Ho kulsa og drog sjalet ikring seg. Ho var ferdig med draumane sine. Ferdig med ferien. Ei strofe av Margit Hjuksevisa hang att og leika i hugen: Det er eg som ber sorgi so tunge –.

Nøkken, tenkte Ranveig og kraup til sengs.

Han skreiv ikkje til mor si heller

Det kom brev frå Arvid straks etter ho kom til byen att. Nokre fatigslege og vonlause ord. Modløysa skein beinbert igjenom. Og Ranveig gret seg i svevn den kvelden.

[125] Dagen etter leita ho fram bileta ho hadde av han. Ho sette dei framfor seg på bordet. Ho skreiv til han. Skreiv om arbeidet sitt, om byen og små hendingar. Ho skreiv om somarferien og Ivar. Ho nemnde sovidt Hauge, men kjende seg utrygg ved det. Ho skreiv om alt, men lite om seg sjølv.

Ho kjende det. Men fekk det ikkje til annleis. Ho var ikkje den same lenger som då han reiste. Og han var vel ògⁿ¹³ ein annan? Ho sat og såg på bileta og freista halde han fast. Ho tok fram minna og kjælte for dei.

Men vinteren som gjekk, kasta skugge. Ho kunde ikkje skrive om det som hende då. Kunde ikkje leva det oppatt. Ho undras om det var slik med Arvid òg? Om han ògⁿ¹⁴ dulde noko? Om han hadde det verre enn han vilde vera ved t. d.? Når vi møtes, skal eg fortelja han alt, tenkte Ranveig. Når vi møtes –.

Det var ei fatig trøyst. –

Ho hadde flytta til ein annan hybel. Nærmare industriskulen orsaka ho seg, då ho sa opp hos fru Hansen.

Det var ikkje den røynelege grunnen. Ho vilde berre vekk frå desse veggene som hadde set og høyrte jamringa hennar i fjor vinter, ho vilde vekk frå alle mørkeloftsminne. Ho vilde vekk frå augo og smilen hennar fru Hansen, som kanskje visste –.

Ho vilde ut i sola. – –

Åsa var ikkje i Oslo denne hausten. Ho var ikkje frisk. Dokteren hadde rådd henne til å vera heime til over jul.

Ho likte det ille sjølv. Jæger skulde vera der [126] inne frå først i oktober og heile vinteren. Du får sjå etter han litt for meg, skreiv Åsa til Ranveig. Det skulde vera

skjemt. Var det vel òg. Men det let beiskt, tykte Ranveig.

Ho møtte Jæger ein dag. Han var fin gut. Pratsam og gladværug. Hadde nye helsingar frå Åsa og tidend frå heimebygda.

«No får du slå deg i lag med oss,» sa Jæger og hadde kjenningar og vener.

Ranveig var glad til. Ho hadde ingen no Anna var reist òg. Ho møtte Ketil Hauge ender og då. Men det var ikkje so stor hugnaden ved det her inne i byen. Han var tung og ålvorsam. Ho kunde ikkje læ saman med han.

Og no vilde ho læ. Ho *vilde* vera glad. Ho kunde ikkje berre gå og drøyme om ei framtid som var meir enn uviss.

Arvid skreiv mest inkje no. Det var vondt. Men kva visste ho? Det fanns andre gjentor i verda. Venare, klokare gjentor enn ho. Og Arvid var berre eit menneske.

Ho hadde venta på posten so mange gonger. Vona og venta. I morgon kjem det brev. I morgon må det koma. Ho las skipsmeldingar, visste når amerikabåtane kom – venta i spaning på brev, på tidend. Det kom inga.

Ho hadde vore hos fru Berge og spurt. Men han skreiv ikkje til mor si heller.

So fekk det vera. Ho var ung. Ho kunde ikkje gå i skuggen og sture. Ho vilde ut i sola, vilde synge og læ. Vilde leva dagen i dag. Det var vel ikkje synd mot nokon. –

[127] Ho vart med i Jæger-klikken. Der var mykje moro. Der var gjerne ordskifte. Og alle tala fritt frå levra. Ingen ting var heilag. –

Dei tala om kjærleik ein kveld. Kva er kjærleik? sa ein og flein. Seksualdrift i arbeid.

«Å,» svara ei gjente og drog litt på det, «når ei kjerring har ein unge annakvart år og slit frå morgon til kveld for å halde heimen saman, so neimen om eg trur det er berre seksualdrifta som arbeider.»

«Det er vanen attåt, morr, vanen –.»

«Eg trur ikkje det er berre vanen heller, eg.»

«Både-og, sa eg. Kva *trur* du elles? Og kvar har du grunnlaget for trua di? Kom med prov.»

«Heimanfrå. Mor hadde åtte born. Ho var *ikkje* noko seksualdrive vanedyr. Ho var ikkje noko luksusdyr til leik og gaman heller. Ho var eit godt og eit verdfullt menneske. Ho visste mykje meir om kjærleik enn nokon av oss som diskuterer seksualdrift og dårlege vanar. Det *veit* eg.»

Den unge gjenta var sint. Ho hadde kloke augo, og bar fram meiningane sine djervt og uredd. Ranveig likte henne.

Ho ynskte ho sjølv kunde gjera det same. Segja ifrå so hugheilt når det var noko ho mislikte. Men ho kjende seg brydd og utrygg. Ho skyna ikkje alt dei sa. Og somtid sa dei ting ho skjendes ved.

Då lo dei åt henne. Det gjorde henne meir utrygg, meir skamfull. So freista ho fylgje med so godt ho kunde. Ho lo med dei andre. Ho vilde ikkje vera noka snerpe.

Ho lærde seg til å halde ein sigarett millom fingrane, og ho brukte mange ord.

[128] Når ho gjekk heim frå slike lag, kjendes det tidt som ho hadde graut i hovudet. Dei mange orda gjekk rundt og rundt og mol som ei kvern.

Somtid skilde eit og anna ordet seg ut eller ei meining var noko utanfor det vanlege. Det var helst når den unge gjenta med dei kloke augo var ute med munnen sin. Ho var gjerne saltet i laget.

Ho gjorde kvelden meir verdfull. Det var ikkje *berre* tull og lått heller. – –

Ein kveld Jæger fylgde Ranveig på heimveg, la han armen sin om henne. Ho skvatt til. Men sa elles ikkje noko.

«No vart du redd,» sa han. Og lo.

Ho lo med. Det var straks tryggare med di han sa det slik, og lo. Det var vel ikkje so gale meint om han tok i henne.

Då dei skildes, kysste han henne. Ho vilde rive seg laus. Men han heldt fast.

«Det er deg eg har vore glad i stødt,» sa han.

Då sprang ho frå han. Kvifor var han slik no att? Kva var det med henne? Hadde dei rett som sa at kjærleik var berre drifter? Var Arvid òg slik? Var det difor han ikkje skreiv? Når han ikkje såg henne, når driftene ikkje drog – då gløymde han? Var det slik?

Var det då ei skam å vera kvinne?

Eller var det den natta som fylgde henne framleides? Redslenatta? Var det fordi han *visste*, at Jæger no våga seg til igjen?

Ånei, han hadde våga før òg. Det var berre ho som var godtruen att. Fordi han no hadde halde seg i skinnet so lenge. Eller var det noko med henne –?

[129] Eg har vore glad i deg stødt hermede ho i tankane. Enn Åsa? Sa han ikkje det same til henne òg?

Det var likevel ikkje tanken på Åsa som plaga Ranveig mest. Det var kjensla av at det ikkje baud henne so imot lenger, dette at han kysste henne og tok i henne. Ho fekk ikkje til å minnas det berre med mothug. Det gjorde henne redd.

Ho tenkte alt på neste gong dei skulde møtas. Ho tenkte på det med spaning. Kva vilde han segja då? Korleis vilde han vera?

Eg vil ikkje møte han meir, tenkte ho – eg vil ikkje. Men samstundes visste ho at det vilde ho. Nett det vilde ho. Spaninga ved det drog henne.

Og hadde ikkje ho same retten til å leike seg og vera ung som alle hine?

Ketil Hauge

Ein dag Ranveig skulde i kunstindustrimuséet, møtte ho Ketil Hauge. Han bad om lov til å slå fylgje, og ho kunde ikkje godt segja nei.

Det var vevnaden Ranveig skulde sjå. Hauge spurde henne litt om arbeidet, om vanskane ved det. Og gleda. Med kvart fekk han henne på glid til å fortelja. –

Det var uvant å fortelja om arbeidet sitt. Elles vart det helst prat om bøker og sams kjenningar. No gjekk ho og kjende små ilingar av glede ved dette arbeidet. Ho kjende kor rikt det var, og verdfullt for henne sjølv.

[130] «Når eg går og ser på desse gamle sakene, kjenner eg kor sterke banda er som bind meg til dei som arbeidde dei. Eg kan leva meg inn i tankane deira og hugmåla, synes eg. Arbeidet mitt er framhald av arbeidet deira. Eg er nyrenningen i dag, som har røtene mine hos dei. Trur ikkje De òg [115](#) det?»

«Jau. Vi er alle meir og minder bundne til gamlekarane.»

«Meir og minder berre?»

«Medvite, ja. – Ikkje alle *ser* –.»

«Det er noko i det. – Elles synes eg somtid vi mest held på og spring ifrå dei –.»

«Det kan sjå ut slik. Men dei er ikkje so lette å springe ifrå, gamlekarane. Trur eg.»

Ranveig tagna. Det var ikkje vevnaden eller fargane ho tenkte på lenger. Far hennar kom henne so sterkt i minne. Han var av gamlekarane. Han var bunden til dei med so sterke band, endå han kanskje hadde trudd han var fri mann ei tid. –

«Torer eg spyrja kva De tenkjer på no?»

«Eg tenkte på det De sa om gamlekarane. Eg trur De har rett.»

«Det var gildt. Alle kjenner reint beinveges skyldskapen med far og farfar sin. Dei ser ætteliskskapen t. d. Dei fleste veit litt om arv – han har godt å ættas på segjer dei. Men få tenkjer på kor notida heng djupt fast i tida som gjekk, er eit barn av

den – samstundes som ho fostrar nye tider. Samanhengen tenkjer vi lite på. Og ansvaret ved samanhengen.»

«Vi driv berre med, meiner De?»

«Ja. So lenge vi ikkje er vakne. Og mykje godt då med –.»

[131] Dei gjekk og tagde ei stund. Såg på ein og annan tingen. Og dreiv vidare. Ranveig såg, og såg ikkje. So lenge vi ikkje er vakne, tenkte ho.

«Eg trøytter Dykk visst?»

«Nei, langt ifrå. Vi hadde ein gamal prest heime. Han kom so ofte og tala livsvisdom med far. Og eg lydde. So eg er godt van, skynar De.»

«Det er vel ein grunn til at De kjenner taket frå gamlekarane då? sterkare enn vanleg ungdom?»

Ho måtte sjå på han. Gong på gong fekk han henne til å minnas far.

«De minner meg om far,» sa ho brått.

Han svara ikkje. Han hadde stana framfor eit tjeld. Maria møy ved krossfoten. Ein såg berre litt av krossen. Men Maria med hendene neste til bøn såg ein – og det bleike andletet lyft opp mot frelsaren i sorg, i tru. Ei tåre blenkte på kinnet.

Fargane var bleike. Teppet var slite i kantane. Eit gamalt tjeld som kanskje hadde prydd ei kyrkje ein gong.

«Kva meiner De om dette?» undras Hauge.

Ranveig stana og såg. Motivet tok henne, dei bleike fargane var underleg vedkjømelege.

«Meiner? Det er vent. Det er eit kosteleg tjeld.»

«Ser De ikkje meir?»ⁿ¹⁶

Kva meinte han? Kva kom det han ved kva ho tenkte – eller såg? Ho svara ikkje.

«Ser De ikkje ho som vov det? Ei ung mor kanskje – i bøn for son sin, for det kjæraste ho åtte?»

«Kvifor ei mor?»

«Fordi ei ung gjente kunde ikkje ha røynt so mykje liding som det ligg i dette.»

[132] Ranveig gjekk vidare. Ho vilde ikkje sjå, vilde ikkje høyre meir. Når ho vart åleine, vilde ho gå hit att. – No stana ho framfor eit teppe med rosor vovne inn i den saugrå botnen. Dei var som kasta ikring og lyste mot ein.

«Dette har sakte ei ung gjente vove,» sa ho og lo mot Hauge. Ho var litt bleik og kasta augo attende på Maria møy. Når eg blir åleine ein dag, tenkte ho.

«Kvifor ei ung gjente?» smilte han.

«Kan De ikkje sjå det? Ho har vore glad for noko – ho har kasta raude rosor ikring seg. Eg kan høyre låtten hennar og sjå augo lyse. Kvar tråd har ho smetta med glede, i von om noko gildt. Trur De ikkje?»

«Visst trur eg. Når De segjer det.» Han lo. «De er so ung enno,» sa han.

«Takk.»

«Og likevel kjenner De taket av gamlekarane.»

«Kor veit De det?»

«De sa det sjølv.»

«Det var merkeleg.»

«So?»

«Eg plar ikkje segja noko om meg sjølv.»

«Vi segjer alltid noko om oss sjølv – anten vi vil eller ikkje.»

«Når vi er vakne, meiner De?»

«Når vi søv òg. Men vi høyrer det først når vi er vakne.»

«De er altso vaken?»

«Somtid. Eller noko på veg.»

«Ingen er kanskje heilt vaken? Anna enn Vårherre då?» Det siste kom med ein snert av spott.

[133] «Det er mange som trur dei er klokare enn Vårherre.»

«Kanskje er dei det òg. Vårherre tar til å bli noko losliten trur eg.» Ho sa det mest for å terge.

«Han er sakte ikkje meir losliten enn at han når igjen nokon kvar av oss. Når timen hans kjem.»

«Kva meiner De?»

«Vi kan jaga i veg som vi vil – ein dag kjem vi ikkje lenger. Ein dag møter vi – Vårherre. Eller gamlekarane. – Men dette er mi tru – den kan ikkje ha større verd for andre enn meg.»

«Kvart menneske si tru har vel verd – utover òg?»

«Når ein som De er fritenkjar, trudde eg ikkje noka tru hadde større verd.»

«Kven har sagt at eg er fritenkjar?»

«Anna Jenssen nemnde det ein gong.»

«Det visste ikkje Anna noko om. Elles vonar eg alle menneske må bli fritenkjarar.» –

«No vart De sint.»

«Nei.»

Men ho vart det. Kva hadde Anna Jenssen med hennar fritenkjing? Kva hadde ho med å drøse om det ho ikkje skyna? I denne stunda likte ikkje Ranveig Anna.

«De skal ikkje døme Anna for dette. Eg sa ein gong det var underleg De lo berre med munnen. Ikkje med augo. Tidast då. Elles lær ein både med munnen og augo, veit De. Då fortalde ho De var slikt eit ålvorsmenneske i grunnen. Det var vandt å skyna at *De* kunde vera fritenkjar sa ho. Kvar ho hadde det ifrå, veit eg ikkje.»

[134] Ranveig visste det. Men det var det same no. Det kunde vera plent det same kva Anna meinte og sa. –

«Trur De på arvesynda òg?» sa ho brått.

«Ja.»

«De trur ikkje vi har nok med våre eigne synder?»

«Jau – meir enn nok. Men eins eigne synder kan vera ei fylgje av dei nedervde – av arvesynda. Trur De ikkje?»

«Kanskje. Samanhengen altso?»

«Ja. Noko slikt. Nett difor gjeld det om å vera vaken.»

«So?»

«Ein *ber* lettare når ein er vaken, trur eg. Når ein ser. – Og so kjenner ein ansvaret – for slektene som kjem. Ein vil vel naudleg auke børa for dei.»

«Korleis meiner De?»

«Det er kanskje ikkje so greidt å få sagt det. Eg skal likevel freiste. Gud og Mammon kjenner De til?»

«Sovidt.» Ranveig smilte brått. Ho lo mest.

«De lær?»

«Ja. Men ikkje åt Dykk. – Eg hugsa på ei kjerring heime. Staut og greid og eit skikkeleg menneske på alle vis. Men når verda gjekk henne retteleg imot – og det hende –, då sa ho noko som vi borna tydde som bannskap. Mammon regjere, sa ho. Og vi syntes det var snålt at ho som elles var slikt eit bra menneske, vilde banne.»

Hauge smilte med.

«De er so ung,» sa han igjen – det var som eit lite kjærteikn. «Men dette med Gud og Mammon, [135] med englekoret og djevlekoret, dei gode maktene og dei vonde – det er ikkje so greidt. Det gjeld om å vera med på den gode sida meiner eg, på vokstersida – opp og fram i lyset. Då hjelper vi slektene framover. Då bygger vi. Kampen millom Gud og Mammon er der alltid. Og somtid kan ein vel freistas til å segja med kjerringa – mammon regjere. Men dersom vi verkeleg let mammon regjere, då drep vi sjela vår – då øyder vi kreftene våre. Dei gode kreftene. Og Guds lov dømer den som drep sjela si. Det veit vi. Det ser vi.»

Guds lov dømer –. Orda song i øyro hennar Ranveig, dei sette seg fast i hugen, dei tona mot henne. Ho kom seg ikkje til å svara, ho hugsa ikkje meir på vevnaden. Guds lov dømer, tenkte ho, Guds lov dømer –. – –

Dei hadde kome seg ut att. No dreiv dei litt i gatone.

«Eg er so glad Anna fekk posten heime,» sa Ranveig med eitt – og hugsar at no hadde vel Anna Jenssen teke til med arbeidet sitt i småskulen i heimbygda.

«Ja, det var godt for henne. Ho var so heimekjær.»

«Ja, kven er ikkje det?»

På nytt lag kjende Ranveig eit lite stikk av uvilje mot Anna. Ho var so heimekjær, hermde ho i tankane, so heimekjær –. Det var godt ho fekk koma heim.

Enn eg då, tenkte Ranveig, enn eg? Det sveid i henne av lengt etter Landsem, etter tunet heime, etter faster og far. Kvifor er det ikkje godt at eg får koma heim?

[136] «De har rett,» høyrde ho breiddmed seg, «heimekjære er vi alle. Meir og minder. Sjølv eg som ikkje har ått nokon heim det eg minnes, lengtar etter ein. Meir enn mange som veit kva ein heim er kanskje.»

Ranveig svara ikkje. Denne rolege, litt tunglyndte røysta fekk opprørstankane til å tagne. Den fekk henne til å ynskje at ho kunde vera god med han på eitkvart vis, kunde stryke han over håret og kviskre gode små ord til han. Han vart brått ein liten heimlaus gut berre – ein som hadde lese og tenkt seg til mange vanskelege ord og meiningar.

Låtten vilde seg ikkje

Leif Jæger fylgde Ranveig heim frå teatret ein kveld. Dei hadde set «Gjengangere», og stemninga frå stykket sat i Ranveig. Ho sa lite.

Jæger var òg still. Og stilla vart fårleg med kvart. Den sa meir enn mange ord. Ranveig vart både heit og kald. Hjarta banka i spaning. Og tankane svirra frå det eine til det andre. Urolege.

Ho tenkte på Ketil Hauge. Ho hadde ikkje møtt han sidan den dagen i muséet. No leika orda hans i hugen igjen. Ho såg på Jæger.

«Trur du på arvesynda, du?» sa ho brått.

Jæger lo.

«Nei. Trur du det er arvesynda som dreg deg til meg – eller meg til deg, kanskje?»

Han tok henne innåt seg. Han kysste henne. Ho freista skuve han ifrå seg. Ho kviskra namnet hennar Åsa. Men han brydde seg ikkje om det.

[137] «Det er deg eg elsker,» sa han, «det er deg eg vil ha. No. – Åsa har ikkje vondt av det ho ikkje veit.»

«Men *vi* veit det –.»

Han lo mot henne.

«Kva veit vi?» sa han.

«Trur du ikkje gjerningane våre fylgjer oss?»

«Nei so menn. Det vilde elles vera eit forbaska brysamnt fylgje, synes eg.»

Ranveig sa ikkje meir. Brysamnt fylgje, brysamnt fylgje, murra det i tankane.

«Smil til meg, Ranveig. Kast frå deg fylgjet om du har noko. Kvar dag har nok i si plage, veit du vel.»

Då smilte ho. Og lo mot han. Ho let han halde handa si, ho let han kysse seg. Kanskje var ho glad ved det – ho visste det ikkje.

Men då han vilde vera med henne opp, bad ho for seg.

«Ikkje i kveld,» sa ho, «ein annan gong –.»

«Ein annan gong er ein skjelm –.»

Han vilde ikkje gjeva seg. Han bad. Han kviskra ord som fekk henne til å skjelve.

«Er det Arvid Berge du er redd for?» sa han til slutt.

Arvid. Ho hadde ikkje tenkt på Arvid. No kom namnet hans og vekte henne. Det singla som dumbjøllor, det lyste som stjernor ei vinternatt. Arvid. Kor kunde ho gløyme?

«Eg er ikkje redd,» sa ho, «eg er ikkje redd nokon ting. Men no vil eg ikkje meir. Og du blir ikkje med. Godnatt.»

[138] Ho sprang ifrå han. Opp trappene. Ho slengde av seg kåpa og gøymde det heite andletet i hendene. Ho var skamfull.

Ho hata seg sjølv. Ho hata kroppen sin og blodet som brann. Korleis var ho laga når ho kunde like flikringa hans Leif? Når ho kunde gløyme Arvid? Ho stunde.

Ho sette seg framfor varmen. Men dreiv opp att. Frå det eine til det andre. Ho fann ikkje ro nokon stad.

Eit bil stod ho og stira ned på gata og såg ein og annan natteranglaren baute seg forbi. Ein kar med ei fele under armen gjekk fort – mot eit mål. Heim og i seng venteleg – etter ein slitsam dag på ein eller annan restaurant.

Ei gjente kvein og lo tilgjort då eit par karar kleip i henne. Dei vart ståande ei stund – til gjenta gjekk med den eine.

Ranveig gjekk inn i romet att. Ho fraus, og la på varmen. Ho såg for seg den unge gjenta med dei høgraude lippone. Ho såg den fjonge hatten og skorne som var skeive og utsjaska.

Ein gong hadde ho vel vore ei skuldlaus lita gjente. Kanskje kom ho glad og undrande inn til byen – med mange lyse voner, med eventyret i hugen? Kvar hadde det no vorte av vonene og draumane?

Var det nauda som dreiv henne ut i dette? Var det svolten? Lite brød? Lite glede? Og det unge blodet hadde kanskje brusa og narra henne utfor?

Ranveig hustra. Stakkars gjente, tenkte ho, stakkars gjente –. Ho tykte mest det var seg sjølv ho ynka. –

[139] – Kvelden etter var klikken samla hos Ranveig. Ranveig hadde kjøpt med seg frukt og sigarettar heim. Kaffe hadde ho tanga på hos vertinna si.

Leif Jæger var der. Han gav handa hennar ein ekstra klem då han helsa. Han såg på henne – talande, spyrjande.

Ho tykte ho såg sigersmilen leike kring munnen hans. Snart er du mi, sa augo. Du og eg, sa smilen. Han umaka seg ikkje med å løyne noko. Han var heime her – og alle fann det sjølvsgt. Ranveig kunde ha slege han. –

Jæger hadde med likør til kaffen. Han hadde med ei flaske vin òg.

Dei skåla og drakk. Dei fekk tunga på glid. Ordsiftet gjekk leikande. Og orda fall lette og dryge.

Med kvart tina Ranveig opp. Ho vart raud i kinna og blank i augo. Ho lo med dei andre. Og det *var* sjølvsgt at Leif sat henne nærast. Han hadde armen sin kring akslene hennar og såg henne djupt i augo kvar gong dei skåla.

Alle var i godlag. Tobakksrøyken låg tjukk under taket. Ei ung gjente song ei vedkjømeleg lita kjærleiksvise.

Ranveig sjølv sat og leika med sigaretten millom fingrane. Ho smilte mot Leif. Ho hadde kasta frå seg fylgjet sitt. Ho levde *med*. Var ung. Ho vilde ha lov til å vera ung. Til å leva.

Då banka det på døra. Ketil Hauge kom inn.

Det vart stilt med eitt. Ranveig la frå seg sigaretten. Ho raudna.

«Vil De ikkje sitte ned,» bad ho. Ho måtte noko segja.

[140] «Nei takk. Eg kan ikkje no.» –

Ranveig undras kva han vel vilde? Ho var brydd. Og arg på seg sjølv fordi ho var det. Dei gjorde då verkeleg ikkje noko gale.

Hauge var ålvorsam, mest høgtideleg.

«Eg kjem med ei helsing,» sa han.

«So?»

Ranveig hadde reist seg.

«Anna Jenssen ligg på rikshospitalet. Ho bad om De vilde sjå til henne.»

«På rikshospitalet? Kva er det då som er tids?»

«Eg veit ikkje visst. Blodforgiftning trur eg. Ho har gått for lenge med eit sår ho ikkje vyrde.»¹¹⁷

«Det er då ikkje fårleg veit eg?»

«Det er lita von, er eg redd.»

«Ånei då!»

«Det er om å gjera at De kjem *snart*. Helst i morgon om De kan.»

«De kan vita eg skal koma.»

«Takk. – De må orsaka at eg kjem slik stupande med døra inn i stova på denne tida av døgret – men eg tykte eg måtte bera fram helsinga straks.»

«Takk skal *De* ha. – Har ho vore der lenge?»

«Nokre dagar. Eg veit ikkje visst når ho kom.»

– So var han ute att. Og det vart stilt. Nokon freista ta opp tråden frå før. Det gjekk ikkje. Hauge hadde teke med seg noko. Låtten vilde seg ikkje meir. Og dei mange sanningsorda frå før let hole.

Der er ein Gud –

[141] Dagen etter gjekk Ranveig på rikshospitalet. Ho hadde ikkje vore der før og møddes litt før ho fann fram. Det var ein heil liten by – i byen.

Som i draum såg ho hus og gator. I alle husa var det sjuke folk. Og no låg Anna her og skulde døy.

Ein augneblink undras Ranveig kvifor ho hadde kome heilt hit? Nokorleis hang det vel saman. Det var lang veg til sjukehus der heime – kanskje trudde dei det kunde vera større von her?

Ei syster fylgde Ranveig gjennom mange og lange gangar til eit lyst rom med fleire senger. Borte i ei krå låg Anna. Ho var mest ikkje til å kjenne igjen. Augo var store og strålande. Det var berre augo.

Ranveig vilde gråte då ho tok den vesle tunne handa i si.

«Takk for du kom,» sa Anna. Det var som tala ho langt borte frå nokon stad.

Ho var klar. Ho orka so lite no, låg berre og såg på Ranveig med dei store mørke augo sine. Det var som vilde ho sjå tvert igjenom henne. Ender og då gjekk eit drag av liding over andletet hennar.

«Har du mykje vondt?» spurde Ranveig.

«Å nei. Det blir snart bra no,» smilte Anna.

Ranveig svelgde og svelgde. Ho vilde ikkje gråte, men tårone kom lel.

«Du skal ikkje gråte,» sa Anna, «det var berre noko eg vilde segja deg. Du skal ikkje bli sint på meg for det.»

[142] «Nei – å nei.»

Anna låg heilt still ei stund. Ho samla krefter trudde Ranveig, og undras litt på kva ho vel vilde segja.

Til slutt kom det – forunderleg sterkt, viljande.

«Same kor det går deg i livet, Ranveig, same kor klok du blir, same kva du kan koma til å tru og meine – so skal du vita at det er ein Gud. Du skal hugse at eg som ligg her og skal døy no, eg kjenner det og eg segjer deg det: det er ein Gud over oss alle.»

Ho fall saman i putone. Ho let att augo. Straks trudde Ranveig ho var død, og vart redd. Men Anna såg opp att. Og dei augo gløymde ikkje Ranveig. Slik stråla dei.

«Takk for du kom,» sa Anna endå ein gong. Då skyna Ranveig at no måtte ho helst gå. –

Det var straks føre jul, og grått i grått. Sjølv snøen var grå.

Men Ranveig såg ikkje snøen. Ho såg ikkje byen. Ho såg Anna som lita gjente, ho såg henne som konfirmant, lita og ålvorsam og ærleg.

Ho såg henne heime i bygda, på Landsem og i klokkargarden, i skulestova og på kyrkjeveg. Alltid den same stillferdlege, alltid med ærlege augo ut i livet.

«For meg er det synd,» sa ho. Og gjekk av vegen. Gjekk sin veg.

Ein sann israelitt som det ikkje er svik i. Orda fall Ranveig i tankane. Dei høvde på Anna. Slik var ho. Slik er ho.

Ja, slik er ho. Og no skal ho døy. No skal ho ^[143]gå inn i det ukjende. Ikkje vera meir. Eller gå vegen vidare. Kven visste?

«Du skal hugse det er ein Gud over oss alle. Det *er ein Gud.*»

Orda song i Ranveig der ho leita seg heimover i snøslafset. Dei ropte mot henne, dei var der og gav ikkje fred.

I denne stunda kjende ho at dette var sanninga. Der er ein Gud over oss alle.

Gjeringane fylgjer

To dagar etter fekk Ranveig vita at Anna var død.

Ranveig sat i veven då ho fekk bodet. Ho smetta tråd for tråd, ho fekk tak i fargar og mønster reint mekanisk. Fingrane gleid millom trådane – levande, leitande. Arbeidet gjekk sjølv seg.

Men heile tida tenkte ho på Anna. Ho mintes barnedagane, leiken i lensmannstunet, i skog og mark. Ho stod med ei glasskål i hendene. Og skåla var full av glede. Trudde ho. Men då det bar til, var ho ikkje verd nokon ting.

Kvifor snerta tanken Leif Jæger med same? Hadde han noko med skåla å gjera? – Fingrane gleid ikkje so lett lenger. Tanken hefte.

Gleda, livsnytinga han baud henne – var den som skåla? Var det gleda ho lengta imot? Var det lukka ho trådde etter?

Eller skulde ho stå ein dag med hendene tome igjen og vita at det var ikkje verdt nokon ting det ho fekk? Mindre enn ingen ting?

[144] Anna Jenssen, Leif Jæger, Åsa og kameratane – dei sveiv i tankane, dei minte seg med ord, med hendingar.

Leif ung og glad – utan ansvar, utan tanke som stengde. Kom med oss, lo han, ver glad, ver ung, dagen i dag er vår. Og livet skal levas. –

For *meg* er det synd, kviskra Anna, for meg er det synd. Stillfarande ord. Sterke ord.

Dei ringde for øyro der Ranveig sat i veven og hugsa at Anna var død no. Ho var ikkje meir.

Men orda hennar levde. Orda hennar kunde ikkje døy.

Ranveig stira med eitt inn i ein forunderleg tanke. Orda. Vi slenger dei ifrå oss i tankeløyse. Dei pressar seg fram. Somtid i naud. I tru. I von og vonløyse.

Dei er der og lever livet sitt vidare, når dei eingong er sagde. So sterke er dei. Til signing. Til sorg. Og vi veit det ikkje. –

Ranveig la frå seg garnnøstet ho sat med. Ho hadde sete ei heil stund gjerandslaus. No reiste ho seg brått. Og gjekk.

Ho fekk tak i ein bundel kvite krysantemum og gjekk til Anna med. Dei skal du ha med deg heim, tenkte ho. Dei skal du ha med deg åt den gamle kyrkjegarden der heime – og du skal helse frå meg.

Ho fekk ikkje sjå Anna. Og det gjorde vondt straks.

«Vi var barndomsvenner,» sa ho.

Men sjukesystra ho snakka med, rista berre på hovudet.

«Då skal De helst ikkje sjå henne no,» sa ho berre.

[145] Men blomane kom då fram. Og Ranveig gjekk att. Ho smilte mest. Det kom so brått for henne at Anna var ikkje død. Ho hadde berre flytta – eller ho levde på ein annan måte enn før. Rikare kanskje. –

Om kvelden møtte Ranveig Leif Jæger. Han venta på henne då ho kom frå skulen. Han bad henne med på kino.

Ranveig sa nei takk.

Han freista overtelja henne. Han bad, han tagg; men ho vilde ikkje.

Då vilde han ha henne med seg ut lel.

«Vi går ein tur, går og driv ei stund og ser på juleutstillingane?»

Nei, Ranveig hadde ikkje stunder.

Fekk han vera med henne heim då?

Nei.

«Men kva er det med deg i dag? Eg har mest ikkje set deg so tverr før.»

Ranveig tenkte ei stund ho skulde fortelja om Anna. Men det var so vanskeleg å få sagt det ho vilde.

«Eg er ikkje tverr,» sa ho endeleg, «men eg vil ikkje dette. Du skynar godt kva eg meiner. – Eg orkar det ikkje. Og det er ikkje rett mot Åsa heller.»

«Åsa har ikkje noko med dette.»

«Jau, ho har. Og eg vil ikkje.»

«Men eg vil. Og i røynda vil du med. Trur du ikkje eg kjenner deg? Kva gale er det elles i at vi to liker kvarandre? Det rår vi då ikkje for sjølv eingong. Nei, lat oss ta imot det livet byd oss og vera glad til. Vi blir tidsnok gamle og sure.»

[146] «Kva vil du segja til Åsa?»

«Ingen ting. Kva skulde det vera godt for? Det ho ikkje veit, har ho ikkje vondt av.»

«Det er det same. Du får meg ikkje lenger. Om det knip, kan eg bite ifrå meg, må du hugse.»

Det siste skulde halvveges vera skjemt. Men det vart blått ålvor. Ho kjende kor sint han vart. Ho fraus reint ved det.

«Er det no i dag du har vorte so dygdefull?»

Det var iskald spott i røysta hans. Orda sveid som piskesnertar.

«Eg er ikkje meir dygdefull i dag enn eg har vore.»

«Då er det jamen ikkje stort å gjera seg til av.»

Ranveig vart kvit. Ho visste kva han tenkte på no. Ho kjende seg nomen. Ho kunde ikkje svara.

«Det skal bli moro å sjå korleis dei andre tar omvendinga di? Om dei trur på ålvoret?»

«Omvendinga?»

«Ja, for det må det vel vera. Eller er det berre ein ny flirt kanskje? Då må du akte deg so det ikkje går like gale som sist – dei er ikkje å lite på slike heilagmenne skal eg segja deg.»

Ho vassa i søle og vondskap. Snart fanns det ikkje flekken att som var rein.

Dei andre, tenkte ho, dei andre – veit dei òg noko? Kjende dei løyndomen hennar?
Ho måtte vita det.

«Er det fleire enn du og Åsa som veit noko? om meg?»

«Kva trur du?»

«Eg veit ikkje. No.»

[147] «Tenk deg om. Trur du slikt kan løynas? Utan at nokon kviskrar ikring deg? – Det var ikkje småplukk heller. Sjølve lensmannsdottera på kant med lova! Men det ligg vel i blodet truleg. Arvesynda.»

Då slo Ranveig. Og ho la godviljen til. Ho var frå seg av sorg og harm. Dette òg, dette òg – ikkje berre ho, men far òg!

Ho hørde ikkje meir kva Leif sa. Ho sprang heimover. Ho vilde skrike, gråte – ho åtte ikkje tårar. –

Ho tok arbeidet sitt, men måtte slutte. Ho freista skrive til faster – ho fann ikkje ord. Og ho skalv som i frost.

So tok ho på seg og gjekk ut att. Ho måtte gå, berre gå. Ho møtte mykje folk og kom i vegen for ein og annan. Dei gav vondt frå seg. Ho ansa det ikkje. –

Hadde ho verkeleg trudd at ho kunde koma seg undan? Ho skyna det ikkje no.

No *visste* ho at gjort gjerning spring ein ikkje ifrå. Den fylgjer som skuggen.

Lausrivne ord og hendingar flaug henne i tankane. Eit brysamnt fylgje, eit brysamnt fylgje –. Guds lov som dømer, Guds lov som dømer –.

All lyd ikring henne vart til ord, til bilete. Ho såg Anna Jenssen ein somardag dei kom frå presten.

«Eg trudde du visste det,» sa ho, «alle segjer det.» Det var Gunnarguten det galdt. No gjekk orda igjen.

Alle segjer det. Alle segjer det. Alle segjer det. Og faster sine Ord: «Gud ser alt –.» –

Som i ein draum for lenge sidan stod Ranveig framfor avgrunnen og rygde attende. I redsle.

[148] Ho såg seg sjølv i armane på Leif Jæger. Ho hørde dei fåfengde orda, og låtten. Ho hadde trudd det var gleda ein gong – den ho òg hadde rett til.

No stod ho med hendene tome. Moro hadde ho funne ei stund, lått og løgje – verdlause ting.

Gleda var noko endelaust mykje meir og rikare. Den var sjøve livet, tyktes ho kjenne. No.

Giftarmål

Dagane etter kjende Ranveig seg naken. Og ho hadde ingen ting å verja seg med.

Ho heldt seg unda folk. Ho kjende seg utrygg same kven ho kom saman med. Ho tyktes sjå tvil og vanvyrdnad alle stader.

Er det ikkje ho, sa augo. Visst er det ho, svara andre. Alle visste. Det var ikkje til å halde ut. –

Ho møtte klikken. Saman. Og kvar for seg. Dei snakka til henne. Vilde ha henne med. Men det var ikkje som før.

Låg det ikkje ei lita duld meining bak orda dei sa? Kva tenkte dei? Kva visste dei? – Ho vart ikkje med. –

Då jula kom, reiste ho til morbror sin att. Og til Ivar.

Ho hadde elles ikkje tenkt seg nokon stad i jula. Men det kom so brått for henne at ho vilde vekk frå byen. Ho vilde ha rein luft ikring seg. Og fred. –

[149] Ketil Hauge heldt jul hos skyldfolket sitt. Ranveig møtte han ved kyrkja juledagen. Og sidan møttes dei mange gonger både i prestegarden og hos sams kjenningar.

Han hadde fela med. Og dei hadde mange hugnadstunder saman.

Ranveig tok smått til å smile igjen. Og endå det kom for henne at Hauge kanskje hadde reist hit for hennar skuld – so gjorde ikkje det noko.

Med kvart kunde ho ikkje anna enn vera litt glad for det òg. Ho raudna når morbrorfolket terga henne. Og ho sakna Hauge når han vart borte ein kveld.

Var ho glad i han? Ho visste det ikkje. Men ho kjende seg trygg saman med han. Og ho elska musikken hans. –

Då han fridde til henne, visste ho ikkje straks kva ho skulde svara. Endå det kom ikkje uventa.

Ho vilde tenkje seg om. Og ho gjekk ifrå han. Ho gjekk inn i døyke granskogen. Det var so kaldt at det skreik under skorne.

Det minte henne om ein køyretur for lenge sidan. Det minte om Arvid. Om dagane heime.

Ho gjekk og tok fram minne for minne. Levde dei opp att. Og la dei vekk.

No var det lenge sidan ho hørde frå Arvid. Var han død? Var han gift? Ho visste ikkje.

Var det ho som hadde slutta skrive? Var det han? Ho visste ikkje det heller.

Dei hadde berre kome bort frå kvarandre – det visste ho. Og det var kanskje ikkje so mykje å syrgje over? Ranveig hustru og fraus. Ho snudde.

[150] Då ho møtte Hauge igjen, sa ho det var noko ho måtte fortelja han før ho svara. Kanskje attra han seg når han hørde kva ho hadde å segja. Men det fekk våge seg.

Ho fortalde om Arvid. Ikkje so mykje. Men nok til å førebu det som hende straks ho kom til Oslo. Det var det ho vilde fortelja – det var det ho *måtte* fortelja. Om barnet som måtte døy.

«Eg kan ikkje gå inn til noko samliv utan at du veit dette,» sa ho.

Ketil Hauge sa ikkje noko straks. Han sat og strauk eine handa hennar. Kanskje tenkte han seg om? Kanskje dømde han?

Ranveig kjende seg utrygg med eitt, og vilde reise seg.

Då heldt han henne fast. Kjære, sa han. Og han tok henne innåt seg.

Han kviskra små meiningslause ord. Han var glad. Og dette ho hadde fortalt, brydde han seg visst ikkje større om.

Ranveig kjende munnen hans mot sin. Ho gav seg over. Ho gret litt. Men det var vel fordi spaninga løyste seg opp.

Ho hadde grua seg for denne tilståinga. Ho hadde kjent det slik at ho måtte, både for si eiga skuld og hans. Kanskje var det eit vonbrot at han brydde seg so lite om det ho fortalde.

«Vi har vel alle eit og anna å trega,» sa han berre. So var det ikkje meir. – –

Hauge vilde Ranveig skulde vera i ro hos morbrorfolket til om våren. Då skulde dei gifte seg.

[151] Ein annan kunde alltid ta plassen hennar i veven og teiknesalen. Det var sakte ingen fåre soleis.

Det stakk til litt då ho tenkte på dette. Snart var ho vel gløymd der inne. Og det ho hadde kosta på seg, var kanskje fåfengt. Skulde ho ikkje likevel reise inn og fullføre utdanninga si før ho gifta seg?

Ho nemnde det til Hauge. Men han var so imot det. Og Ranveig gav seg med det. Ho såg berre litt undrande på han – som ho gruna på noko.

UNDER ANSVAR

1

[155] I lia straks utom byen låg den store skulen for åndsveike born. Ein hørde godt omen frå byen. Trikkane dura og klemta, bilane tuta og rasa forbi alt i eitt. Og i fjordgapet gjekk båtane til og frå.

Men sjølv var ein utanfor. Skulebygningen og parken var vel innhegna. Framfor sjølve skulen var leikeplassen med alt som høyrer ein skikkeleg leikeplass til. Bak skulen låg kjøkenhagen med lange gulrotsenger, med kål og selleri. Der fekk dei flinkaste borna hjelpe til. Der luka dei og grov og bruna seg i sola.

Eit steinkast frå skulen låg styrarbustaden. Det var ein liten villa med eigen hage. Der og var gulrotsenger og kål og selleri. Og der var ein stor kastanje som stod att frå gamle dagar – frå den tid Lia var privat eigedom og heim for ei ætt.

Kastanjen var so stor at den var som ein liten bustad for seg. Der stod bord og benker under greinene, som gav skugge i solsteiken og livd når vind og regnrusk gjorde det utriveleg elles i hagen.

Ingen stad likte Ranveig Hauge seg so godt som her. – Dei kom flyttande hit på nyåret før veslegjenta kom til verda. Og då våren og sola kom, leita Ranveig seg straks ned til den gamle kastanjen.

[156] Der sette ho barnevogna. Der sat ho sjølv med handarbeid eller bøker. Då skimta ho so vidt i leikeplassen og hørde skrålinga frå borna når dei styra på det likaste. Men ho såg dei ikkje. Og det var godt.

Ho likte ikkje å sjå dei. Ho freista stri imot denne kjensla av uvilje. Men det gjorde vondt kvar gong ho såg ein av stakkarane. Serleg første tida etter at ho kom hit.

Med kvart vande ho seg til dei. Sjølvsagt. Og Ranveig var like glad som Hauge for den gode posten.

Det hende borna skar seg eller slo seg. Og ho måtte hjelpe til. Ho gjorde det gjerne. Men det baud henne imot so ho kjende seg uvel ved det.

Når ho tenkte seg om, hadde ho visst alltid havt det slik. Alt defekt, alt som ikkje var naturleg vent, hadde bode henne imot.

Ein gong hadde det kome ein vanskapt kalv i fjøset på Landsem. Han såg ynkeleg ut, og alle skulde stad og sjå raringen. Ranveig var like nyfiken som hine og sprang med. Men ho tolde ikkje sjå han. Ho vart sjuk. Ho fekk kvalme og kasta opp. Og ho gjekk ikkje i fjøset på lenge. Endå ho visste at kalven var både død og gravlagd.

Ho hadde aldri sagt noko til Hauge om dette. Ho skjemdes ved det. Og ho gjekk med honom når han bad henne. Ho freista hygiene for borna so godt ho kunde. Men det var slikt ho måtte tvinge seg til.

Då veslegjenta kom, freista ho halde henne unda mest mogeleg. Første tida var det sjølvsgt. Men då vesle Kari tok til å gå, vart det verre. Ho var ikkje stor, før ho kravla seg utom den ringen der ho hørde heime.

[157] Og borna vilde gjerne sjå henne. Dei vilde ta i henne og lyfte på henne når ho vildra seg inn på leikeplassen.

Hauge sjølv tykte ikkje dette gjorde noko. Han ansa visst ikkje at dei var ufjelge å sjå til. Og Kari var so frisk og tidig ein gjentunge – ho greidde seg fint millom dei, meinte han.

Ranveig tagde. Ho var mykje klein denne tida. Ho gjekk med barn igjen, og nyrone hadde slege seg vrangle. Ho låg meir enn ho var oppe. Levde på diet, og lengta etter den dagen barnet skulde koma.

Somtid tenkte ho på døden, med di ho var so mykje sjuk. Men ho var ikkje redd. Døden var berre ein naturleg utgang – ei kvile no ho kjende seg trøyt og nedfor.

Då guten var fødd og det såg ut til at ho skulde koma seg igjen, var livet likevel som ei gåve ho fekk.

Ho gjekk og smilte til alle dei kjende og kjære ting. Ho gjekk i hagen og nikka *vel møtt* til kvar ny blom. Ho gjekk jamvel ubeden inn på leikeplassen og prata litt med borna og spurde kva dei hadde lært av nytt denne tida ho var borte.

Og Kari hang i armen hennar og var ei stor gjente på fem år. Ho kjende alle borna og fortalde dei om veslebroren som låg i vogga og ikkje kunde gå eller snakke. Og

borna kjende Kari og var vener med henne.

Det gjorde ikkje vondt lenger. For Kari var so vaken og kvik som barn kunde vera i den alderen.

Og Ranveig kjende det som ei jarnklo hadde slept taket i henne. No ho tenkte seg om måtte ^[158] ho likevel ha vore redd for korleis første barnet hennar skulde bli. Inst inne hadde oten lege og grave. No torde ho endeleg sleppe seg laus og vera *glad*. –

So hende det at vesleguten ikkje vilde seg. Han var liten og veik. Det var naturleg etter at mora hadde levt på diet so lenge, meinte dei.

Men då han endeleg tok til å vekse, var det helst hovudet som vaks. Det vart uformeleg stort, og i augo var det lite liv.

Då slokna gleda med kvart. Kari fekk springe som ho vilde. Det var vesle Tore som tok tankane og tida hennar Ranveig. –

Dei var hos dokter med guten. Ikkje berre hos ein, men hos mange. Ingen visste råd. Han lærde å gå. Han sa eit og anna ordet. Men meir vart det ikkje.

Der dei sette han, sat han. Leik og leikor brydde han seg lite om. Blad og teikningar såg han ikkje på. Han åt dei opp, dersom ingen passa han. Helst vilde han putte alt han fekk i munnen. Og togg og sikla gjorde han stødt.

Han var utriveleg å sjå på. Vart det meir med kvart som han vaks til. Og han kravde mykje tid.

Han var ein liten stakkar i seksårsalderen, og Kari var ei flink skulegjente på ti-elleve år. Dei var skulestyraren sine born og hadde det godt. Og det var berre dei to.

2

[159] Då sat Ranveig ein dag under kastanjen i hagen. Ho var bleik og såg sliten ut. Kari sprang til og frå med bringeber. Det var haust, og bringebera var nett mogne.

Tore sat i graset. Han sat og plukka med nokre byggeklossar, sat og grein smått og sikla og sutra.

Hauge stod der og vilde ha Ranveig med seg ut. Kari kom nett med to store ber i neven.

«Dette er dei største eg har funne i haust,» sa ho, «du far skal ha eitt, og mor det andre.»

Hauge tok imot og smilte.

«Takk, Karimor,» sa han.

«Enn Tore – har du ikkje noko til Tore?» sa Ranveig. Ho gav sitt til guten.

«Å jau. Eg skal plukke ei mengd. Straks.» Kari sprang av stad. Ho hadde ikkje hugsa Tore guten. –

«Bli med ut i sola, Ranveig,» bad Hauge, «kan vi ikkje gå ein skikkeleg tur? I dag har eg tid – det kan bli verre når skulen tar til igjen. Og eg minnes snart ikkje sist vi gjekk tur saman.»

«Eg kan ikkje godt gå frå Tore, veit du.»

«Kan ikkje gjenta ta Tore? Du treng då verkeleg ein god tur. Du blir bleik.»

Ranveig tenkte seg om. I grunnen skulde det smaka å koma seg ut. Drive etter vegen i godveret og late alle sorger fara.

«Kom no,» bad Hauge igjen.

«Eg veit ikkje,» drog Ranveig på det.

Hauge mørkna til.

[160] «Nei nei. Eg er vel ikkje serleg trøysam å gå saman med heller kanskje.»

Det skulde vera skjemt. Men Ranveig stivna til.

«Du er vel alltid trøysam nok,» sa ho. Og freista skjemte ho med. Men gleda ved turen var borte.

Og når ho vann tenkje seg om, kunde ho ikkje gå. Gjenta skulde til byen, trudde ho.

«Og Tore vil helst *eg* skal passe han, veit du.»

«Eg veit det.»

Hauge sa ikkje meir. Han gjekk.

Ranveig såg etter han. Ho trega at ho ikkje vart med. Men kvifor skulde han koma stikkande med dette om å vera trøysam? Kva meinte han med det? Eller meinte han ikkje noko? Og kvifor skulde ho ta seg nær av alle slike små halvdregne ord? Ho måtte då ein gong kunne venja seg til.

Ho treiv boka, vilde lesa. Og las blad etter blad. Til ho brått ansa at ho ikkje visste kva ho las.

Kari fór [ni8](#) her ikkje og smatt lenger heller. Berre Toreguten låg og krabba i sanden og hadde grisa seg til so han likna meir eit dyr enn eit menneske.

Då tok bråsinnet henne. Ho slo guten over fingrane.

«Din gris,» sa ho. Ho var reint frå seg.

Det var so meiningslaust alt. Heile livet ei einaste stor meiningsløyse. Kva var det med henne at ingen ting vilde lukkas? Ingen ting trivas ikring henne?

Kari sprang med far sin so snart høvet baud seg. Hauge gjekk sine vegar. Eller snerta med små halvdregne ord, minningar frå ei fortid som aldri fekk døy. Og ho – ho gjekk her og sleit med Tore. Dagar og år.

[161] Lat gjenta passe han, sa Hauge. Gjenta var vel ikkje meir huga til å passe han enn hine. Hauge sjølv vilde aldri ha han. Ranveig hadde merka uviljen meir enn ein gong, og lide ved det.

Han tolde mest ikkje sjå guten. Endå det var då hans òg. Og Tore hadde vel krav på kjærleik – likso mykje som alle dei framande borna i minsto. Skuleborna hadde

Hauge alltid ein smil og eit godt ord til. Men deira eigen stakkar –.

Ranveig var ikkje sint lenger. Ho var hugsprengd der ho såg inn i dei redde barneaugo. Ho trega at ho hadde slege dei små svarte fingrane.

No tok ho guten på fanget og gjølte med han. Ho hadde ein blyant og freista teikne dyr han skulde kjenne til. Hest og hund – «og sjå her kjem vesle pusekatten,» sa ho. Og teikna ein katt.

Ho visste ikkje anten guten ansa etter eller ikkje. Han lo då i minsto mot henne og kjende seg trygg igjen. Og det var *trygg* ein slik liten stakkar skulde vera. –

Frå leikeplassen hørde ho eit og anna ropet. Og lått. Dei som hadde vore heime på ferievitjing, tok til å samle seg att til eit nytt skuleår.

Ranveig var so van med skrålinga frå plassen at ho ansa det ikkje. Men no blanda det seg noko anna inn. Kviskring – og gråt visst?

Ho såg seg om. Var det nokon i nærleiken? Straks utanfor hagen stod eit parfolk med ein gut i tiårsalderen. Ein ny elev. Og foreldra var med han hit.

Ranveig hadde set mykje vondt og sårt når dei kom med dei stakkars mislukka borna sine, og gav [162] dei frå seg. Eller såg om dei. Men denne mora tok henne sterkare enn nokon før.

Ho gret so sårt. Kunde liksom ikkje sleppe guten. Ein framand ein kunde vel ikkje sjå at det var noko å sutre for – ein måtte heller vera glad til å bli fri slitet med ein slik tomsing som denne såg ut til å vera.

Han stod der likesæl med sløra augo og såg på mora. Og lydde kanskje etter borna som lo. Men han heldt fast i handa hennar, og skyna ikkje anna enn at det skulde han gjera. For det var han van med.

«No må vi gå,» sa mora.

«Gå,» sa guten. Og heldt fast.

«So må du hugse å vera snild gut,» bad mora.

«Snild gut,» tok guten opp att. Og gliste.

Det skulde vera smil, skyna Ranveig. Ho kulsa og kunde ikkje få augo frå desse tri.

Der kom ein av lærarane. Han helsa, tala litt med foreldra. Og tok so guten med seg.

Tok han berre. Let guten skrike, let mora stå igjen og gråte. Han gjekk berre med guten.

Og Ranveig visste at om ei stund var denne guten like glad som hine. Han vilde kjenne seg heime her. Som dei. Han vilde leike på plassen og bukke til henne når ho kom ut til dei. Heimen han kom ifrå og mora – dei vilde vera eit minne berre.

Og når han kom heim att ein gong? Kva vilde han då vera for mor si? Når ho hadde vant seg til at han var borte? Vilde han ikkje då vera ein framand, ein hjelpelaus – ein som gjekk i vegen og helst ikkje skulde syne seg for folket?

[163] Gud i himmelen, kva meining var det i dette? Kvifor måtte slike leva opp?

Ranveig reiste seg brått. Ho våga ikkje tenkje tanken ut. Då kom ho på vidåtta og vildra seg bort. Ho tok Tore ved handa og gjekk ut åt desse to utanfor. Ho bad dei med seg inn.

«Ein kopp kaffe drikk de alltid,» sa ho. «Og kanskje kjem mannen min heim straks, so er han med og syner dykk skulen. Det kan vel vera gildt å sjå kvar guten Dykkar skal vera.

Ho var lys og pratsam. Ho tala med mora om borna. Om leiken deira og livet frå dag til dag. Ho tala mykje.

«Dei plar like seg her,» sa ho. Og ho fekk mora til å fortelja om guten sin. Kva han kunde og kva han helst hadde lag til.

«Eg har sjølv ein slik liten stakkar,» sa Ranveig. Det skreik i henne, det kvinka og gret og klaga; men dette *måtte* ho segja. For si eiga skuld, og for Tore og for denne mora som nok vilde skyna og som kanskje vilde finne trøyst i sams lagnad.

«Kom hit, Tore, og hels på framandfolket.»

Men Tore vilde ikkje helse. Han hadde fått tak i nokre biletkort. Dei reiv han sund og åt opp.

«Korta,» sa han, og heldt leivningane opp mot mor si.

Ho sa ikkje noko. Rydda berre opp kring han og gav han ei kake å eta på. –

Og då Hauge kom att, gjekk ho med bort på skulen. Ho gjekk framleides og gav gode små ord til den slitne og forgråtne mora. Ho fekk henne til å smile til slutt, til å opne seg.

«Det ser so meiningslaust ut med slike som han ^[164]Arvid,» sa mora og gav litt av tankane sine ho med; «men eg har fire friske og flinke born òg. Og Arvid har allvisst lært meg å takke for *dei*. Eg hadde kanskje gløymt det om eg ikkje hadde havt han.»

Arvid. Ranveig hørde ikkje anna enn namnet. Det song imot henne. Ho såg etter karane – dei var langt borte, kunde ikkje høyre noko. Berre Kari hang i armen hennar og gjekk med.

«Heiter han Arvid?» sa Ranveig. «Det var eit vent namn. Han kjem nok til å trivas hos oss. – Min gut heiter Tore, han,» la ho til. Og raudna då ho merka ho sa *min*.

Men han *er* min, tenkte ho, min meir enn nokon annan sin. Ho tenkte det i trass. Det var slik. –

Ranveig tykte med eitt ho gjekk her og stal tid frå guten sin. No sat han kanskje åleine i stova – det var ikkje sagt kor påpasseleg gjenta kunde vera.

Ho tok avskil noko brått. Ho lova å ha eit auga med Arvid og kanskje skrive, so dei fekk høyre korleis det gjekk han. –

Tore sat på kjøkenet og åt vaflor då ho kom inn. Han skreik og slo seg vrang då Ranveig vilde ha han med seg.

«Lat han berre sitte,» bad gjenta, «han sit so roleg når han får sitte slik og plukke med eitkvart.»

So dreiv Ranveig inn. Åleine. Frå rom til rom. Rådlaus. Gjerandslaus. Slik ho hadde drive frå dag til dag i månader og år no.

Var det hennar skuld at guten hennar var slik? Var det straffedom? Gjerningane som fylgde? Guds lov som dømer. Guds lov som dømer den som drep –.

^[165] Ho kunde ikkje fri seg frå tankane. Dei mol og murra. Dei tvinga henne, valda uro, otte.

Eg er sjuk, tenkte ho, eg er galen som piner meg med dette. Tore kunde vel vorte slik om eg aldri hadde gjort noko gale. Og kvifor skal *han* lide for det eg har synda?

Det var Arvidnamnet som fekk henne til å minnas no igjen. Det som fekk henne til å mala oppatt alle vonde tankar. Om skuld. Om hemn. Eg, Herren din Gud –.

3

Hauge kom inn med posten. Det var brev frå Gudrun, syskinbarnet hennar Ranveig. Kunde ho få koma og vera hos Ranveig ei stund? Gå i huset? Ho hadde lese mykje, var bleik og veik. Og prestefolket, foreldra hennar, trudde ho hadde godt av å kvile ei tid. Dersom Ranveig vilde ta imot henne?

Ranveig gav brevet til Hauge. Utan å segja noko. Hauge las det og la det frå seg.

«Kva meiner du?» undras Ranveig.

«Dette må du gjera som du vil med.»

«Det veit eg vel,» sa Ranveig med eitt utolsam, «men eg vilde gjerne vita kva *du* vil?»

«Skulde det vera so om å gjera? No meir enn elles?»

«Kva veit du om ikkje eg vil – elles òg?»

«Du let deg ikkje merke med det i minsto.»

«So?»

«Det er ikkje lenger sidan i går. Eg bad deg gå ein tur med meg –.»

[166] «Og eg brydde meg ikkje om kva du vilde; meiner du?»

«Noko slikt ja.»

Kari sat og såg i eit blad. I eit lite glimt såg Ranveig gjentungen, lita og usæl. Utrygg. No sa far noko som gjorde vondt. Og mor svara. Små vonde ord som stakk.

Det var ikkje første gongen. Kari var vant. Men det gjorde vondt likevel. Ho skyna ikkje alle orda. Kjende berre når dei beit – når dei skulde bite.

Ranveig såg det. Ho skjemdes. Ho freista smile.

«Gudrun var so kvik. Det kunde kanskje gjera godt å få henne hit. – Eg skriv og segjer ho kan koma, eg.»

Ho fekk ikkje noko svar. Venta ikkje noko heller. Ho skreiv straks, nokre hjartelege ord. Du er velkomen, skreiv ho. Og ho meinte det.

«Du Kari spring bort i kassa med brevet. – Om nokre dagar er kanskje Gudrun her. Det skal bli gildt, du.»

«Er ikkje Gudrun so flink til å synge? Du sa det ein gong, mor.»

«Jau, ho er. Og ho kan so mange morosame songar –.»

Hauge reiste seg brått. Han la frå seg avisa, og gjekk ut.

Ranveig såg etter han. Kva var det no igjen? Hadde ho sagt noko som kunde mistydas?

Kari òg såg fortenkt etter far sin.

«Liker ikkje far Gudrun, trur du?»

«Eg veit ikkje. Eg trur då det. Men han kunde ha [167] eitkvart å gjera ute, veit du. Han gjekk visst på skulen no.»

«Han gjorde det. Eg såg det.»

Kari sa ikkje meir. Ho sprang med brevet.

Men Ranveig hadde fått noko å tenkje på. Ho vilde tala med Hauge. Dette gjekk ikkje lenger. Dei redde augo hennar Kari pinte henne. –

Og om kvelden gjekk ho inn til han. Han sat med kontorarbeid, slik han gjerne gjorde kvar kveld. Til det vart natt somtid.

Ranveig kjende seg lita. Ho hugsa når ho skulde inn til far før i tida – når det var noko om å gjera. Slik var det då òg. Ho var berre eit lite støvgrand som kunde blåsas bort med eit hardt ord eller tæras bort av vonde augo.

Men ho måtte inn. No som då.

«Eg vilde gjerne få tala med deg,» sa ho, «dersom du har tid –.»

«Var det noko serleg?»

«Ja.»

Han ordna vekk bøkene sine. Han budde seg til å høyre. Og Ranveig kjende kor ho stivna til og kaldsveitta.

«Eg veit ikkje korleis eg skal få sagt det eg vil – du gjer det so vanskeleg for meg,» freista ho skjemte.

«Eg veit det – eg gjer det vanskeleg for deg.»

Det kom tungt. Vondt. Frå ei verd som ikkje var hennar.

Ho kjende kor modet kvarv. Ho skyna ikkje korleis ho skulde få tak i han. Men ho måtte freiste.

«Vi kjem so langt frå kvarandre, Ketil. Eg veit ^[168] ikkje korleis det har vorte slik. Men eg har ei kjensle av at du mistyder alt eg segjer snart. Du legg ting i orda som eg aldri har tenkt –.»

«Er det berre eg som gjer det?»

«Nei. Eg veit ikkje. Kanskje mistyder eg orda dine òg. Men det er like gale. Det er verst for Kari, meiner eg. Ho blir utrygg.»

«Og det er mi skuld, meiner du?»

«Det er ingen si skuld. Minst av alt di. Sjølv sagt. Du er då korrekt nok i all di ferd –.»

«Men lite morosam, meiner du? Eg kan ikkje fjase og fjante og læ åt alt og inkje. Eller synge morosame visor. Eg kan ikkje svinge glaset og drikke dus med Gud og kvar mann –.»

Ranveig bleikna. Dette bar gale i veg.

«Eg veit ikkje av at eg fjasar og lær so mykje det gjer noko –.»

«Nei. Du har vorte utruleg still desse åra. Eg var ikkje stillinga vaksen.»

«Kva meiner du?»

«Meiner? Eg kunde lite gjeva deg av det du vona av livet. Det meiner eg.»

Han dreiv att og fram på golvet. Stana litt ved skrivebordet og la til rettes ein og annan småtingen. Og dreiv so igjen.

«Set deg,» bad Ranveig, «du gjer meg nervøs når du tråvar slik.»

«Eg høyrer best då. Du får tola det. Med det meir.» –

– «Kva trur du so eg har venta meg av livet?»

«Det kan eg ikkje vita so visst. Du har aldri fortalt meg det – det eg minnes.»

[169] «Menⁿ¹⁹ somt anna har eg fortalt deg. Om vonbrot og sorger –.»

«Somt anna har du fortalt, ja. Og somt har eg set. Resten kan eg tenkje meg.»

«Eg trur ikkje du kan tenkje. Ikkje rett. Eg skulde kanskje ikkje fortalt –.»

«Og eg skulde ikkje set –.»

«Kva skulde du ikkje set?»

«*Deg*. Det hadde vore best for deg. Og for meg med kanskje.»

«Vil du fortelja meg litt om kva du har set?»

«Ja. Eg har set *deg* – saman med kameratane dine. Eg har set deg lengte mot gleda. Eg har set kor alt tungt og vondt piner deg. Og alt *eg* kan gjeva deg, er tungt. Berre tungt. Arbeidet mitt er tungt. Sjølv er eg tung. – Ein som Leif Jæger kunde få deg til å læ, kunde gjera deg glad. Han var ikkje tung.»

Ranveig visste ikkje anten ho skulde gråte eller læ. Leif Jæger. Han hadde ikkje vore i tankane hennar det ho mintes.

«Kan du verkeleg tru eg lengtar etter gleda Leif Jæger kunde gjeva meg? Det meiner du ikkje, Ketil. So kleint kan du ikkje tru om meg.»

«Skulde det vera so kleint?»

«Ja. Det vilde vera kleint.»

Ho fann ikkje anna å segja. Ho gjekk bort til han. Ho smilte, litt utrygg. Ho var so ung og ven.

Ho syntes med eitt ho hadde funne veg. Ho såg Ketil som han var. Ein liten hjelpelaus gut. Svartsjuk. Han var ikkje korrekt og høgtideleg lenger. Og ho var ikkje redd.

[170] «Leif Jæger er ikkje verd veslefingern din, Ketil – det måtte du vita.»

Ho stod tett inntil han. Ho vilde han skulde sjå henne. Kjenne henne.

Men han rørde henne ikkje.

«Gå no, Ranveig,» sa han, hardt. «Eg – kunde gløyme meg.»

Ho var bleik. Augo brann svarte mot han.

«Eg vil ikkje gå.»

«Du skal. Eg veit kjærteikna mine piner deg. Og står du her lenger –.»

«Eg står. Eg står til du ser meg. Slik eg er. Ketil –.»

«Kvifor flytta du frå meg?»

Spursmålet kom som ei kaldvassbytte. Ranveig seig saman. Augo brann ikkje lenger.

«Eg flytta ikkje,» sa ho. Tonlaust.

«Ikkje frå heimen. Nei. Men frå meg.»

«Ikkje frå deg heller. Det var du –.»

«Eg?» Han lo kaldt. «Eg? Trur du ikkje eg merka redsla di? Trur du, du kunde løyne korleis du pintes kvar gong eg søkte deg? Og endå meinte du eg skulde bli? Å nei, du, eg har då skamvit.»

Han dreiv frå henne. Såg henne ikkje. –

Ranveig kjende seg sjuk. Han var lenger borte enn han nokon gong hadde vore.

Ho mintes. Å gud, kor ho mintes den første pinefulle tida etter at dei merka korleis Tore var.

Redsla hennar? Det var sant. Men det var ikkje redsla for Hauge, ikkje for samlivet. Det var redsla for å få fleire born. Slike som Tore. Fleire hjelpelause stakkarar.

[171] Ho sette seg. Og sat litt med hendene i fanget og stira framfor seg. Ho fann ikkje ord og visste ikkje kor mykje ho kunde fortelja. Kanskje vilde han ikkje tru? ikkje skyna? –

Han stana framfor henne.

«Gå no, Ranveig,» sa han roleg, «du skal ha takk for du kom. Men gå no. Eg vil helst vera åleine.»

Då gret Ranveig. Det var so vonlaust alt. Ho hadde gått hit med so sterk ein vilje til å jamne vegen. Kanskje hadde ho funne ein veg. Men jamne han dugde ho ikkje til.

Ho reiste seg.

«Eg skal ikkje uroe deg tidare,» sa ho stilt. Augo brann ikkje lenger. Men dei var blanke av tårar. Og kanskje var det trass i dei.

Ho skulde gå no. Og han skulde få vente før ho baud seg til ein annan gong.

Ho kasta litt med nakken. Det minte so om unggjenta. Hauge såg det. Han snappa etter veret. Han treiv henne over armane. Han tok henne innåt seg. Hardt.

«Bli,» kviskra han håst, «bli likevel. Eg tar det eg får.»

Han kysste henne. Vilt. Sanselaust. Han tok henne på armane og bar henne.

«Teg still,» bad han, «ikkje seg noko. No er du mi. Eg vil tru du er mi.»

Og Ranveig sa ikkje noko. Ho let att augo og let seg rive med. Ho let han tru.

Men det var ikkje slik ho hadde meint det då ho gjekk hit.

4

[172] Gudrun kom ein morgon med toget. Ranveig og Kari var nede på stasjonen og tok imot henne. Dei gjekk.

«Heimover lyt vi ta bil,» sa Ranveig.

«Er det so langt?» undras Gudrun. Ho var godt huga på ein tur no etter togreisa.

«Vi tar trikken,» meinte Kari, «og går det stykket som er att. Det blir endå ein fin tur.»

So skrangla dei i veg. Kari sat og såg på denne nye tanta eller kusina eller kva ho skulde kalle henne. Ho var berre ung. Nittan tjuge år. Og ho hadde eit djupt smilehol i eine kinnet.

Det var berre det eine. Men det verka som sprettande humør og som lått so snart ho smilte aldri so lite. Ein måtte sjå på det anten ein vilde eller ikkje.

«Synes du eg er stygg med di du ser so på meg?» Gudrun smilte mot Kari.

«Nei.»

«Liker du meg då?»

«Eg trur det.»

Då lo Gudrun.

«Hugsar du første gongen du kom til prestegarden heime, Ranveig? Då eg fortalde deg at Ivar var snildare enn du?»

«Om eg hugsar?»

Dei lo både. Dei mintes gamle dagar.

«Eg skulde elles helse deg so mykje frå Ivar. Han var heime no ein tur. – Du kan tru det er ei yndig kone han har fått. Kjenner du henne?»

[173] «Eg har so vidt helsa på henne. Dei var innom her då dei flytta til Oslo.»

«Enn so triveleg dei har det heime hos seg, meiner du. Eg kan ikkje tenkje meg to som høver betre i lag. Dei er glade som ungar. Det står over når ein får det slik.» –

Ranveig kjende seg veik med eitt. Minna kom veltande. Ivar. Han var glad no, hadde det godt. Ein lys og god heim.

Det var godt for Ivar. Han hadde det stridt heime ei tid. Gjev han aldri måtte kjenne seg åleine igjen!

Ho let att augo. Tårone pressa på. Kvifor kunde ikkje ho òg få lov til å vera glad? Til å læ og legge vekk sut og sorger? Utan at nokon mistydde og drap gleda med små vonde ord? Kvifor var det so vanskeleg alt?

Ho vann ikkje tenkje lenger. Trikken stana, so dei måtte ut. Det var godt. Det skulde so lite til før ho gav seg over og gret. Og ho vilde ikkje Gudrun og Kari skulde merke noko.

Gudrun var elles oppteken av alt det nye. Kari preika og fortalde. Med kvart vart Ranveig med i praten igjen. –

– Hauge sat og venta på dei med frukosten. «So stor og lang du har vorte,» sa han til Gudrun. Han helsa henne velkomen, og ynskte ho måtte trivas hos dei.

Ranveig spurde etter Tore. Ho vilde han skulde vera med inn og få mat.

«Kvifor det no då,» sa Hauge uviljugt; «han har fått mat på kjøkenet og sit roleg der.»

[174] «Han høyrer til saman med oss. Eg vil ikkje han skal gløyme det.»

«Han korkje gløymer eller hugsar det. Du kan vera trygg. Set deg du no. Du treng til å vera fri han ei stund.»

Dei stod mot ein annan. I kamp. Ranveig hadde tapt ein gong før. Ho tapte på nytt.

Ho raudna litt og sette seg. Ho såg dei vaktsame vare augo hennar Kari. Og tagde. Men ho plukka berre i maten. Og det var helst Hauge og Gudrun som prata.

«Hugsar du eg trudde du var nøkken?» lo Gudrun, «du kom beint opp or fossen –.»

«Kanskje *var* eg nøkken – og er det enno.» Han lo med Gudrun. Augo snerta sovidt Ranveig. Dei lo ikkje.

Ranveig hustra. «Eg trur vi reiser oss,» sa ho.

– Straks etter gjekk ho mot kjøkenet, skulde sjå etter Tore. Det kom for henne at guten måtte kjenne seg åleine. Ho kjende det som urett at han ikkje var inne saman med dei.

Men Tore likte seg i kjøkenet. Han rota i vedkassa, og skubba henne til side då ho vilde ta han med seg.

«Leikar han?» undras Ranveig. Ho vart ståande og såg på han. «Tru om han ikkje tenkjer å bygge noko med vedskione?»

Ho smilte til og var lukkeleg – ho tyktes sjå eit lite lysglimt. Kanskje kunde han bli bra med tida?

«Eg trur ikkje han tenkjer å bygge noko,» sa gjenta, «han kasta ned eit matstykke for seg i stad. Det er ^[175] det han rotar etter. Han held seg no roleg med' han leitar etter det.»

Der fann han det. Tilklina av bos. Han ansa det ikkje. Han stappa det i munnen og åt som det var.

«Nei men Tore då –.» Ranveig vilde ta maten frå han.

Då klora han henne. Og skreik. Og fekk maten. –

Ho gjekk inn igjen. Ho hørde Gudrun og Hauge i hagestova. Kari var der òg. Dei lo.

Ranveig snudde og gjekk opp åt seg sjølv. Ho var åleine. Ho vilde vera åleine. Sjølv Tore sakna henne ikkje. Og saman med Gudrun kunde Hauge læ – utan mistanke. Han hadde stunder til å prata om inkjevetta òg ⁿ²⁰ no. –

Ranveig stod ved glaset og såg utover fjorden. Ein storbåt kom sigande inn. Ho hugsa den tida ho gjekk og venta på tidend med storbåtane. Det var lenge sidan no.

Dei nervøse fingrane plukka med nokre roseblad som hadde falle, smuldra dei sund, klemde dei. Eg har set kor du lengta mot gleda, hadde Hauge sagt. Ja. Ho lengta mot gleda. Ho hungra etter glede. Etter song, lått – etter å kjenne seg fri og

trygg igjen. Ho lengta so det skreik i henne. Men ikkje slik som han meinte. Ånei, ikkje slik. –

Ho studde hovudet mot vindaugskarmen. Ei lita hjelpelaus jamring pressa seg fram over lippone. –

5

[176] – Det vart ikkje den hygge med Gudrun som Ranveig hadde gledd seg til. Ho var meir ujamn til sinns enn ho kunde minnas henne.

Ei stund var det ikkje anna enn moro og lått. Straks etter var det ikkje ein smil å få. Somtid syntes Ranveig sjå at ho hadde gråte. Og ho var huga til å spyrja om noko vanta? Men ho kom seg ikkje til.

Då kom Gudrun inn til henne ein dag og vilde tala med henne. Dei var to-eine – saman med Tore som sat og reiv sund gamle avisor.

Gudrun stod borte ved glaset og plukka med blomane. Ranveig såg fortenkt på henne.

«Kva var det so du vilde?» undras Ranveig.

Gudrun svara ikkje straks. Ho var bleik. Uroleg.

«Eg skal ha barn,» sa ho brått; «eg er viss på det no.»

Ranveig sa ingen ting. Ho heldt seg fast i stolen. Det susa og brusa kring henne. Ho sokk. Og sokk. Gjennom eit endelaust hav av kjenslor. Av pine. Ho var kvit.

Gudrun snudde seg til henne. Motviljugt.

«Du skynar det sakte ikkje, du –.»

«Veit mor di noko?»

«Nei. Og ho skal ikkje vita noko heller.»

Sjølve orda var so meiningslause. Dei hørde ikkje heime i denne klåre fine haustdagen. Dei hørde ikkje heime i stova her.

«Du må hjelpe meg, Ranveig.»

«Hjelpe deg –.»

«Eg vil ikkje ha barnet. Eg kan ikkje ha det –.»

[177] «Kan de ikkje gifte dykk?»

«Nei. Nei. – Han er gift, skynar du.»

«Gift? Å Gudrun –.»

Det kom som eit naudrop. Og brått låg Gudrun på kne framfor Ranveig. Med hovudet i fanget hennar. Ho gret.

«Eg visste det ikkje. Du skal tru meg, Ranveig, eg visste det ikkje. Han er glad i meg – han vil skiljas. Men eg kan ikkje ha barnet no. Å gud, eg kan ikkje. Ranveig, du skynar då det?»

Ranveig skyna. Ho sat og strauk Gudrun over håret. Ho sat og stira inn i gamle minne. Ei redslenatt. Og dagane etter. Jau, ho skyna.

«Det var difor du kom hit då?»

«Ja. Du har alltid vore so skynsam. Eg tenkte kanskje – eg veit ikkje kva eg tenkte. Men du kjenner so mange – eg meiner, det finns då dokterar som hjelper?»

Det bleike andletet var vendt mot Ranveig. Dei redde augo leita etter trøyst. Etter råd.

Ranveig svara ikkje straks. Ho hugsa Gudrun som lita gjente berre. Glad og kåt. So vaks ho opp og visste lite om kreftene som vaks med – i og ikring henne. Ein dag tok dei rådveldet –. Og no vildra ho seg kanskje bort?

Ranveig let att augo. Tårone tipla nedover kinna. Varme. Salte. Ho kjende att soga si eiga. Ho syntes ho måtte verja Gudrun, hjelpe henne. Hendene var mjuke og gode der dei tørka vekk tårone, og hjelpte henne opp.

«Set deg, barn, so får vi talas ved.»

«Vil du hjelpe meg, Ranveig? Kan du?»

[178] Ei lita von lyste opp det bleike forgråtne andletet.

«Ja. Eg vil hjelpe deg. Slik eg kan. Men set deg no.»

– Ranveig kjende seg underleg roleg og sterk med eitt. Ho visste kva ho vilde. Gudrun sat samankroppen i stolen. Hugsprengd.

«Kjenner du nokon?» kviskra ho. Og raudna.

«Nei. – Eg har ein gong kjent ein som var viljug til å hjelpe. Men eg vil ikkje møte han igjen. Og han er ikkje her.»

«Men då –.»

«Eg kan ikkje hjelpe deg som du vil. No. Når eg skal hjelpe deg, må det bli på min måte.»

«Men eg kan ikkje ha barnet. Eg kan ikkje –.»

«Du kan endå minder drepa det.»

«Men det er ikkje noko barn *enno*. Det er mest ingen ting. Enno. Det veit du då.»

«Nei. Eg veit ikkje det. Sit roleg, Gudrun, eg skal fortelja deg noko.»

Ranveig knytte hendene, so knuane var kvite. Det var ikkje noko lettarbeid ho hadde teke på seg.

«Eg har levt mest det same som du no ein gong. Det vart sagt til meg òg at det eg bar på, var berre ei vonlaus von. Det var ikkje noko barn. Slik som du segjer no. Eg trudde det. Kanskje var det sant. Det veit eg ikkje. Men – eg veit at Tore er ei vonlaus von. Han er ikkje noko barn som ei mor lengtar etter og vonar på. Han – nei, eg kan ikkje meir, Gudrun. Eg kan ikkje.»

«Ranveig då. Kjære –,» Gudrun visste ikkje kva ho skulde segja. Det var ho som måtte trøyste no.

[179] Ranveig sleit med seg sjølv. Ho måtte vera roleg. Måtte. Ho freista smile. Ein ynkeleg bleik liten smil.

«Du skal ikkje vera redd, Gudrun. Eg – det går snart over. Det har vore vondt med Tore, skynar du.»

«Eg skynar godt det, kan du vita.»

«Den gongen – eg kan ikkje koma ifrå at det var eit *barn* eg drap – eit liv eg tok. Og då Tore vart slik –.»

«Du vil då ikkje segja du trur Tore vart slik fordi –. Å Ranveig, Gud er ikkje soleis.»

Gudrun ropte det mest. Ho såg forfølt på Ranveig.

«Nei, eg veit det. Set deg berre roleg, Gudrun. – Eg veit elles so lite om Gud. Men eg trur ikkje han sit som ein domar med langt kvitt skjegg – og hemner seg. Det må du ikkje tru. Men eg veit so lite om livslovene òg. Det straffar seg kanskje å krenkje dei.»

«Livslovene? Kva meiner du med livslovene?»

«Eg veit ikkje visst. Det er so vanskeleg å få sagt det eg meiner. Fordi eg veit so lite. Det er mest kjenslor, skynar du. Eg *kjenner* at det finns krefter ein ikkje kan krenkje – ustraffa. Det er ikkje hemn. – Når du kjem borti ein høgspenteleidning og brenner deg – eller døyr, so er ikkje det hemn. Det er kreftene du ikkje kjenner til fullnads, som verkar. Som *må* verke. Skynar du meg?»

«Kanskje. Eg veit ikkje visst.»

«Når du tar livet av barnet ditt – eller drep fostret – då rører du ved krefter du ikkje kjenner. Det trur eg.»

[180] «Men eg kan ikkje, Ranveig. Eg kan ikkje ha barnet. Ikkje no.»

«Vi kan det vi må, Gudrun.»

«Men eg må ikkje. Eg vil ikkje. Du må hjelpe meg, Ranveig. Du må. Eg veit ikkje kva eg gjer dersom du ikkje hjelper meg.»

«Eg skal hjelpe deg.»

«Men du sa nett du vilde ikkje –.»

«Ikkje som du vil. – Bli her, Gudrun, ber barnet ditt fram. Og eg skal hjelpe deg.»

«Eg kan ikkje. Kan ikkje –.»

«Du må. For di eiga skuld – for framtida di –.»

«Framtida?» Gudrun var beisk då ho svara. «Framtida? Den er ikkje meir dersom eg får barnet. Det veit du. – Og med ein gift mann –.»

«Mannen har ikkje noko med dette å gjera. Det er deg, og barnet det gjeld. Det er *livet* det gjeld.»

Gudrun reiste seg. Seint. Ho gjekk til vindauga igjen, og vart ståande der og stira ut. Ender og då ryktes ho med, som i gråt. Eller frostelingar.

Ranveig såg på henne ei stund. Gjekk so bort til henne og tok henne innåt seg.

«Ikkje gjev deg over, Gudrun. Tenk over det eg har sagt. – Ein dag vil du takke meg. Eg veit det.»

Gudrun svara ikkje. Ho stod og studde seg mot vindaugskarmen. Ho hørde. Og hørde ikkje. Ho visste berre at ho fekk inga hjelp. At ho måtte leite etter andre utvegar. Når ho berre visste kvar ho skulde gå? Kva ho skulde gjera? Å gud –.

Ho snudde seg mot Ranveig.

«Eg skulde visst ikkje fortalt deg dette,» sa ho. Og freista vera likesæl.

[181] «Eg er glad du fortalde meg det.»

«Å glad –. Men du må ikkje segja noko, Ranveig, ikkje til nokon. Ikkje til Ketil heller. Du lovar meg det. Høyrer du?»

«Ja. Eg lovar det. Men so lovar du å tenkje over det eg har sagt.»

«Sjølvsagt skal eg tenkje. Eg *må* vel det.» –

Gudrun hadde gått. Ranveig rydda opp litt ikring Tore. Ho sette seg nedmed han ei stund, smilte til han, prata. «Vesle Toreguten,» sa ho.

Ho måtte syne han kjærleik, ho hadde endelause kjeldor å ause or. Og no rann dei over.

Ho såg med eitt denne guten òg som ei gåve, som ein rikdom. Ingen hadde kanskje lært henne å elske *livet* slik som han.

Ho fylgde Tore ut i kjøkenet til gjenta.

«Vil De sjå etter han ei stund?» bad ho. Og det gjorde ikkje vondt lenger. Ho hadde råd til å gå frå han. Og no måtte ho ha ro til å tenkje. –

Ho gjekk oppetter vegen. Gjekk fort, og svinga av frå riksvegen so snart høvet baud seg. Skogsvegen var fredeleg. Den gav ro til ettertanke.

Ho var ikkje i tvil om korleis ho vilde hjelpe Gudrun. Var ikkje i tvil om at barnet måtte leva. At ansvaret måtte takas. Fullt ut.

Men. Og der var eit *men*. Ho måtte tenkje med Gudrun òg. Ho kjende kor vondt det gjorde, kor vanskeleg det var. Ho kjende domen utover seg.

Ho har havt eit barn, kviskra det. Eit barn med ein gift mann. Og augo stakk. Nyfikne. Dømande. Alle stader.

[182] Lenger er vi ikkje komne enno, dei fleste av oss. Lenger kjem vi kanskje ikkje. Døme vil vi. Slå oss for brystet og segja med farisearane: sjå dette menneske!

Tankane tok Ranveig, so det lyste i augo. Det brann i kinna. Ho kjende seg sterk. Ho skulde vinne over farisearane, vinne over dei dømande. Ho skulde syne verda at livet er ukrenkjeleg, at det er heilag. At det skal vernas om det.

Ho gjekk og la planar for framtida hennar Gudrun. For barnet som skulde koma. Di meir ho tenkte, di gladare vart ho. Det var forunderleg.

Det var ikkje Gudrun det galdt mest no lenger. Det var Ranveig sjølv. Ranveig som skulde sone. Ranveig som skulde få leva livet sitt opp igjen. Det var *hennar* barn som skulde leva.

Ho gjekk som i sterkt lys. Ho smilte. Dette med Gudrun var ei gåve ho fekk – det var vegen ho skulde gå. Til livet.

Ho vilde tala med Gudrun alt i kveld. Vilde få henne til å sjå det som ho no. Gjera henne trygg og glad. Vesle Gudrun. –

Men då Ranveig kom heim, hadde Gudrun lagt seg. Ho var ikkje heilt bra, sa dei, og vilde helst sova.

6

Morgonen etter kom ikkje Gudrun ned. Det leid på føremiddagen, og endå var ho ikkje komen.

Ranveig gjekk og venta og vilde ikkje uroe henne. Ho hadde kika innpå til henne ein gong; men Gudrun sov, so ho sa ikkje noko.

[183] Stemninga frå dagen før var ikkje so lys lenger. Vanskane melde seg. Tanken på morbrorkona og kva ho vilde segja – kor vondt det vilde gjera – plaga henne. Men det var likevel slikt ein måtte igjenom. Vegen ein måtte gå.

Ranveig plukka inn siste rosone frå hagen. Ho gjekk og stelte og skulde gjera det hyggeleg for Gudrun. Til slutt syntes ho det måtte vera måte med soving.

Ho tok med seg kaffebrett og gjekk opp til henne. Kari var på skulen. Tore sat i kjøkenet. Hauge sjølv var på kontoret. Dagen var tindrande klår. Med ei minning om frost, om tidleg vinter.

Han sette seg fast i minnet hennar Ranveig slik at ho aldri gløymde han. Og slik frostklår luft minte henne alltid sidan om døden.

Hauge sat nett med noko rekneskap. Han hørde eit skrik av redsle, han hørde koppar som klirra og rauk sund. Og so jamring. Ei fælsleg jamring. Det var Ranveig.

Straks etter stod han inne på Gudrun sitt rom. Hos Ranveig. Ho var heilt frå seg sjølv. Ho sat med stive augo og stira framfor seg. Mot senga.

«Dette var ikkje meininga,» jamra ho, «det var ikkje slik eg meinte det. Dette vilde eg ikkje.»

Ho gret ikkje. Men heile ho var eit einaste skrik. Det var vondt å sjå. –

I senga låg Gudrun. Ho hadde sovna for godt. Det bleike andletet var roleg, med ein skugge av smil. Ikkje spor av redsle, eller kamp. Berre ro.

Kva hadde hendt? Og korleis hadde det hendt?

[184] Hauge hadde ikkje stunder til å gruna på det. No. Han måtte hjelpe Ranveig. Måtte få henne til ro. Han vilde ha henne med seg ned. Men ho ansa det ikkje.

«Eg meinte det ikkje slik,» sa ho hjelpelaust, «eg vilde det ikkje slik –.»

«Kva vilde du ikkje?» Spursmålet kom kvast. «Kva meinte du ikkje?»

Ranveig hørde ikkje otten bak orda. Ho hørde berre det kvasse tonelaget, og flytta seg unda.

Ho tenkte ikkje på at orda hennar kunde mistydas. Ho visste ikkje at Hauge ei ørlita stund var livredd for alt vondt.

«Ho skulde ha barn,» sa ho stilt. Ho sat og tukla med fingrane sine, sat og tvinna dei. Og fann ikkje ro.

«Skulde Gudrun?»

Med kvart fekk Hauge Ranveig til å fortelja. Han spurde. Ho svara. Utan liv, utan tone. Ho svara berre. Ho sat lama og leita seg fram til orda ho måtte bruke. Dei var so lite levande.

Men dei var der. Og med kvart vekte dei henne. Det kom noko hardt innbite over andletet. Ho tok åt seg handa som Hauge sat og heldt i.

«Vi må vel melde dødsfallet,» sa ho. «Hente lækjar òg [121](#) kanskje. Og syrgje for at foreldra får bod.»

Ho reiste seg. Hauge såg litt undren på henne. Ho var heilt roleg å sjå til no.

Men det var berre å sjå til. I henne rasa stormen. I henne var det natt.

Ho hadde funne som ei meining i meiningsløysa i går. Ho hadde set skimten av ein veg. Kanskje [185] var det meining i hennar liding for lenge sidan òg? Skulde ho ikkje lære å skyna?

Utan den redslenatta hadde ho ikkje skyna Gudrun no. Kanskje hadde ho dømt henne som dei fleste andre vilde døme? Og hjelp hadde ho kanskje ikkje tenkt på?

Eller kanskje hadde ho hjelpt henne slik ho bad om? Til å drepa fostret? Til liv for seg sjølv i minsto?

Ranveig stana opp ved tanken. Ho snappa etter veret. Tanken tok henne. Om ho ikkje hadde gått lidingsvegen sjølv – då hadde ho kanskje hjelpt. Då hadde Gudrun levt.

Og det var ikkje sagt ho hadde lide ved eit fosterdråp. Det var ikkje sagt ho hadde kjent det som urett. Som synd.

Kanskje hadde Gudrun havt ein innsats å gjera i livet? Noko til gagn for land og folk? Og no kom ho ikkje lenger. No var det ikkje berre ei vonlaus von som var borte – det var eit menneske. Ei glede for sine. Ei stor og lys von.

Kanskje heng vi fast i gamle fordomar? Er det dei som valdar lidinga? Som skaper synda?

Natura sjølv øyder med liv – kvifor ikkje med menneskeliv? Har dei større verd enn noko anna? Har ikkje det eine verd med det andre?

Når dei sette ut born dei ikkje ynskte, so var det naturleg for dei. Dei kvidde seg ikkje. Dei var fri fordomane. Kanskje held vi på og slit oss laus frå fordomane igjen. Tar att *retten* over livet? Vårt eige og andres? So var det ikkje synd lenger. Ikkje noko livsspørsmål. Berre eit samfundsspørsmål.

[186] Berre å leva frå dag til dag. Få mest mogeleg ut av livet – av livsnytning, av ære, av makt.

Tankane tumla i hovudet hennar Ranveig. Dei krydde fram, gav ikkje fred.

Ho fylgde Hauge ned. Ho drakk kaffen han gav henne. Ho svara eit eller anna på det han spurde om. Mest på slump. Ho gjekk som i sjevne.

Var ikkje Gud? Hadde han ikkje skapt oss i biletet sitt? Var vi dyr saman med andre dyr? Med drifter utan hemningar? Var det berre å rasa fram i livet – etter eigne lover?

Eller sulka vi gudsbiletet i oss når vi gjorde det? Når vi braut lovene *Hans* og gjorde oss til herre over livet?

Eg *veit* det er ein Gud til. Ranveig tyktes høyre Anna si røyst der ho låg på dødslægjet. Eg *veit* det er ein Gud til.

Vilde han ikkje ta imot offeret hennar, då ho vilde sone med å hjelpe Gudrun – hjelpe henne til liv. Fanns det ikkje tilgjeving? Var det difor Gudrun måtte døy?

Gud. Kvar var han? Kven var han? Kva kravde han av henne? Synda som ikkje kan tilgjevas – var det denne? Sorgene ein gjorde seg – var dei berre innbiling? Berre skrømt i eigne tankar?

Ho gjekk seg på Tore, såg guten og kjende han ikkje straks. So vakna ho til og *såg* han. Ei vonlaus von. Ho gjekk unda i redsle. Var dette gudsbilete? Var dette livet? Svar meg, Gud. Dersom du *er*, so svar meg no! –

Ho hørde ollen frå leikeplassen, hørde rop og [187] lått.

Ho heldt for øyro – og hørde det lel. Ho såg for seg dei skeive skakke ufjelge borna. Med sløra augo. Utan tanke, utan medvit. Men *livet* hadde dei rett til. Livet.

Eller hadde dei ikkje? Var det berre gamle fordomar som heldt liv i dei? Som kjælte for dei. Som skapte retten?

Var det synda som kom att? Synda som ikkje kunde tilgjevas? Synda gjennom mange ættleder – mot natura, mot Gud. Eg, Herren din Gud –.

Var Gudrun, var ho, var alle ein lekk i skapartanken. I skirslinga. Mot det fullkomne? Og måtte vi alle fullbyrde gjerninga vår – sone, eller leva vidare?

Kvifor måtte du døy, Gudrun? Kvifor gjorde du dette? – Det skreik i Ranveig. Eg blir galen, tenkte ho, eg blir galen. –

Ho stana framfor Hauge. Såg på han, lenge.

«Trur du på Gud?» sa ho.

«Ja. Eg trur på Gud. Det veit du.»

«Kvar har du han då? Kvar skal eg leite etter han?»

«Kom deg til ro no, Ranveig. Legg deg og kvil ei stund. Vi kan ikkje gjeva oss over for dette.»

«Du svarar meg ikkje. Kvifor gjer du ikkje det? Kanskje veit du ikkje kvar du har Gud, du heller?» Det siste kviskra ho. I redsle.

Brått sette ho seg ned. Studde hovudet i hendene og klaga seg. «Eg har so vondt i hovudet. Eg har so vondt, so vondt –.»

Ho let seg leide som eit barn. Ho gret litt. Og la seg då Hauge sa ho skulde. Men då han kom med [188] ein tablett for hovudverken, sa ho nei. Og varde for seg.

«Nei. Eg vil ikkje. Eg kunde døy. Eg vil ikkje døy. Lat meg vera, Ketil.»

Han let henne vera. Men han sette seg nedmed senga og freista tala henne til ro. Sa små kvardagslege ting om alt og inkje. –

Og med kvart kvarv redsla or augo. «Eg blir so trøytt,» klaga ho seg. Hauge stelte med henne, pakka ikring henne, og sat med handa hennar i si.

«Sov no, kjære,» sa han. Og verkeleg dorma ho til litt. –

Då ho vakna, var ho klårare.

«Er det – var det – min veronal ho tok?» Orda sleit seg fram. Dei måtte segjas, fordi tanken hadde plaga henne.

«Ja. Det var den. Ho visste vel du hadde liggande for svevnløysa –?»

«Ja. Ho visste det. – Eg undras – om ho tenkte det slik? eller – om det var – barnet?»

«Det kan vi ikkje vita. Det same er det vel òg,» sa Hauge, uviljugt.

Ja, det same var det vel òg. Men tanken krinsa om det likevel. Flaug på vidåtta ei stund. Og kom attende hit. Korleis hadde ho tenkt det? Kva hadde ho meint? Var det fostret ho vilde drepa?

Ranveig såg på Hauge igjen. Grunande.

«Trur du det er synd å drepa barnet sitt? Som foster meiner eg – i mors liv?»

«Det veit eg ikkje?»

«Veit du ikkje?»

[189] Ranveig sette seg beint opp og ned. So med seg vart ho. «Veit du ikkje?» tok ho oppatt.

«Nei. Eg gjer ikkje det. Kanskje er det synd. Som det er synd å drepa ei von. Men då må det vel vera synd å hindre livet i å bli liv òg? Eller når reknar du at livet tar til?»

«Kva meiner du?»

«Kimen til liv er vel òg liv. I røynda. Eller meiner du ikkje det? – Når eg ynskjer born, og du nektar å føde dei, når du nektar dei liv – då drep du voner. Stort meir er vel ikkje eit foster heller. Enn ei von. Ei von i vokster kanskje. Men er det so stor skilnad? Når du nektar dei vilkår til vokster?»

Han sa det roleg. Beiskt. Det var tankar han hadde tenkt. Mange gonger. Det var livet hans. Og ho hadde ikkje set det. Hadde ikkje tenkt på hans voner. Eller vonbrot. Hadde ikkje tenkt på hans liv i det heile.

Og ho klagar over Gud! At han ikkje hadde tilgjeving. At han ikkje vilde ta imot offeret hennar. Ei stund hadde ho tenkt på Kain. Kain som ikkje fekk offerrøyken til å stige til vers. Slik var det med henne òg. Offerrøyken la seg nedåt, vilde ikkje til vers. Ikkje til Gud.

Men kva var det so ho hadde tenkt å ofre? *Ofre?* Ingen ting. Mindre enn ingen ting. Ho hadde tenkt å gjøle for si eiga redsle, for si eiga skuldkjensle. Framleides. Seg sjølv hadde ho tenkt på. Seg sjølv. Og ho var sjølv sin eigen Gud. –

Tankane valt innover henne. Dei kom som syner. Som lynglimt i natta. Ho såg seg sjølv i all sin blinde sjølvkjærleik. Ho sjølv og all hennar ^[190] sorg og pine – det hadde vore livet. Ketil hadde ho ikkje set før. Ikkje mannen og mennesket.

No sat han her og var like hjelpelaust einsam som ho. Med sine tankar, sine kjenslor. Med si liding.

Ho tok handa hans og la henne mot kinnet sitt. Det sprang fram kjeldor i henne, av kjærleik og medkjensle. Ho måtte vera god med han.

På ein reint forunderleg måte kjende ho gudstanken i seg. Ho såg verda, såg striden millom godt og vondt, millom urkreftene. Dei var i alt og alle. Gud og Mammon. Himmel og helvete. Allkjærleik og sjølvkjærleik.

So har Gud *elska* verda at han gav son sin – ordet vart med eitt levande for henne. Ho kjende det som pine, som fysne. Dette var livet. Dette var meininga i livet. So har Gud *elska* –. –

Ho stira inn i tankar ho ikkje meistra. Det vart uklåre kjenslor. Og tankane botna ikkje. Men ho kjende det som fekk ho ein skimt av sjølv livsmysteriet. So har Gud *elska* verda –. –

– Hauge såg redd på henne. Denne uhuglege stiringa, denne stivna smilen – kva tenkte ho på no?

«Var det hardt det eg sa?» bad han for seg.

Ho såg på han. Vakna til. Ho måtte tenkje seg om før ho hugsa kva han hadde sagt.

«Hardt? Nei. Eg har berre ikkje set det slik. Eg veit ikkje om du har rett. Men det har vel so lite å segja i grunnen. Trur du ikkje?»

«For deg kanskje –.»

«Du har rett. For meg. No.»

Ho hustra. Og flytta seg nærmare.

[191] «Ver god mot meg,» bad ho. –

Ei stund etter vilde ho inn til Gudrun.

«Trur du, du skal det? Enno?»

Jau, ho vilde. Ho var ikkje redd lenger. Ho tenkte ikkje på skuld – eller kva som *kunde* ha hendt, om alt hadde vore annleis. Det var langt vekk, alt. Ho var forunderleg roleg.

«Bli med,» bad ho.

Og so stod dei der oppe igjen. Det var kvelden no. Ei «søster» hadde stelt og pynta Gudrun til siste ferda. Rosone stod her inne og felte blad for blad. Gjennom det halvopne glaset hørde ein so vidt byen. Men her inne var det fred. No.

Ranveig tok til å skjelve. Ho såg på Gudrun. Ho tenkte på all låtten hennar. Alle songane. Livet hennar. No var det ikkje meir.

Åjau, det var. Likevel. Det låg og dirra ikring henne. Det var i minna. Det kunde ikkje døy. Gudrun sjølv kunde ikkje døy.

Ranveig tenkte ikkje tankane. Ho kjende det berre. Slik var det. Og so kom tårone. Stilt, utan at ho ansa det. Sidan auka dei på, til gråt. Til klage.

Hauge let henne gråte ut. Han visste at tårone vilde mildne – dei vilde gjeva Ranveig ro. Og kvile med kvart.

Kjærleg og omtenkjam førde han henne ut. Til Kari og Toreguten. Og han tok Tore ved handa og smilte til han.

«No går vi ein runde i hagen, alle fire,» sa han, «før vi held kveld. Du Kari, spring inn etter kastet hennar mor.»

[192] Ranveig let seg leide. Det var trygt og godt å kjenne omtanken. Ho var som eit lite barn som skal lære å gå igjen. Dagen i går var so langt borte, han var mest ikkje til å nå i. Den gongen var livet noko heilt anna. Det var slump og meiningsløyse.

No vakna ho med kvart. Og såg det stige fram, sterkt og rikt. Og mangslunge. Det tok til å bli meining i det. Det var allvisst råd å leite seg fram til ei meining.

– «Vi følgjer vel Gudrun heim?» sa ho brått.

«Det kan du vita vi gjer. Eg tenkjer morbrorkona di treng den trøysta ho kan få. Og eg trur du vil ha godt av turen.»

«Takk, Ketil. – Eg – det er godt å vera hos deg.»

Ho raudna. Men dette måtte ho segja. Til mennesket Ketil Hauge. Til den einsame mannen.

7

Det var i gravølet etter Gudrun ho fekk vita at Arvid var heimkomen. Ivar hadde møtt han i Oslo ein dag.

«Han blir heime her no,» trudde Ivar.

Ranveig hørde det. Ho raudna. Ho kjende kor hjarta tok til å banke, hardt og uroleg. Det var hundrad ting ho vilde spyrja om. Men ho kom seg ikkje til.

Ho hadde ikkje noko med Arvid å gjera. Ikkje no lenger. Kanskje var han gift? Venteleg var han det. Og ikkje var det sagt ho fekk sjå han heller.

[193] Tru om han reiste til heimbygda? Til Landsem?

Ranveig tykte med eitt ho skulde vore der ein tur. Det var so lenge sidan ho hadde set om faster og Mette. Og Gunnarguten.

Han var ein stor og staut landbrukskar no – kandidat til fylkesagronomstillinga der heime, visste Ranveig.

Ho visste meir. Ho visste Gunnar gjekk og bar på ein draum om å bli mann på Landsem med tida. Garden hadde gått i handel desse åra. Ein dag kjem kanskje min tur òg, hadde Gunnar sagt sist Ranveig var heime.

Augo hans lyste ved tanken. Han var so lik far. Ranveig måtte smile til han. Ho trudde visst han vilde nå målet han stilte imot. Og det var ho glad for. Dette hadde ho sagt til han.

Men no skulde ho vore heime og set korleis dei hadde det. Korleis det gjekk med planane hans Gunnar? Korleis det gjekk med Landsem? Ho skulde vore heime hos faster ein tur før det vart harde vinteren.

Men ho fekk seg ikkje til å tala med Hauge om det. Dei var i prestegarden tri dagar til ende. Og kvar dag gjekk Ranveig og verkte og vilde spyrja om ikkje ho kunde reise om Landsem på heimtur no? Om ikkje Hauge hadde tid sjølv, so – ho kunde so godt reise åleine.

Ho gjekk og tinga med han, i tankane. Ho ordla seg fint og smeikjande, og tykte dette måtte gå. Dette måtte han òg finne naturleg.

Men når ho kom bort til han, når ho møtte dei gode ålvorsame augo hans og kjende omtanken hans ^[194] – då kvarv alle dei fine orda. Og ho fann dei ikkje att.

Fordi ho visste det var korkje faster eller Gunnar som drog henne. Det var ikkje heimlengten. Det var vona om å møte Arvid, om å høyre noko om han. Det var dei gamle minne som drog.

Tru korleis han tala? Tru om han kjende henne att? Om den brune luggen hans låg nedi panna og småhoppa når han vart retteleg ivrig? Det var alt dette som drog. –

«Skulde det ikkje høve nett å reise om Landsem no på heimturen?» sa Ranveig kvelden før dei skulde reise heim. Ho såg ikkje på Hauge då ho sa det. Ho kaldsveitta av spaning, og tvinna fingrane nervøst om einannan.

«Nei, det kan det ikkje vera tale om no,» sa Hauge med ein gong, «eg er for dårleg budd heime til det, veit du.»

«Ja, men om eg reiste –.» No var det sagt.

«Vilde du gjerne?» spurde Hauge. Han var varm i augo og smilte mot henne. Han vilde gjera henne glad, skyna ho.

«Eg vilde gjerne set om faster,» sa Ranveig. «Ho blir gamal no – og det er ikkje sagt kor mange gongene –.»

Ho sa det fort, so ho snåva i orda. Ho såg ikkje på Hauge. Men han ansa det ikkje.

«Eg vilde so gjerne du skulde få fri litt,» sa han, «og det turvte vel ikkje ta fleire dagane. Men – det er so vondt å reise heim utan deg,» sa han med eitt. Ranveig skyna at no gav han mykje av seg sjølv.

^[195] Ho smilte til han. Litt bleikt.

«Eg blir med heim kan du vita. Det var berre ein flygetanke no vi var på desse traktene lel.»

«Det er ikkje vondt for deg å vera med meg heim, veit eg?»

Då lo ho mot han. Ho smaug seg inn i armane hans og var kjælen.

«Nei, det er ikkje vondt. Eg hadde vel kome til å sakne både deg og borna, er eg redd. Vi reiser i lag ein gong når du kan få det til. Og no reiser vi heim. So snakkar vi ikkje meir om det.»

Ho trudde kanskje sjølv det ho sa. Ho såg i minsto ingen annan veg. Og då var vel denne den rette? – –

– Ho hadde kome seg til ro heime. Kari gjekk på skulen. Og Tore sat gjerne i daglegstova hos henne, når ho heldt på med eit eller anna handarbeid. Eller las.

Han var for liten til å vera med i undervisninga borte på skulen enno. Hauge hadde meint han kunde vera med på internatet i vinter, saman med dei minste. So fekk ho meir fri. Og fekk koma seg heilt.

Men det vilde ikkje Ranveig.

«Eg skal sleppe han når han må på skulen,» sa ho. «Men lat han vera heime no – saman med oss, Ketil. Han er då vår gut.»

Ho bad. Og Hauge bøygde seg for bøna.

«Eg vilde berre det beste for deg,» sa han.

Ho visste det. Han vilde berre det beste for henne. – –

Ein dag sat Ranveig i stova med ei bok og [196] drøymde seg reint bort. Tore sat i golvet med ein haug gamle avisor ikring seg. Han gnavla på ein brødiskalk.

Då ringde det. Gjenta let opp. Nokon spurde etter fru Hauge. Om ho var heime?

Den røysta –? Ranveig sansa ikkje meir kvar ho var. Ho stira mot døra.

Arvid? tenkte ho.

«Arvid,» mest ropte ho då den framande kom inn.

«Du kjenner igjen meg då,» sa han. Og helsa.

Ja, ho kjende igjen han. Augo, munnen, luggen – heile karen kjende ho igjen.

Dei stod og såg på kvarandre. Utan ord. Det var berre dei to.

Endeleg vakna Ranveig til og hugsa kvar ho var – og kven ho var.

«Set deg,» sa ho litt hjelpelaust, og sette til rettes ein stol.

«Takk.»

Men han sette seg ikkje. Han dreiv litt på golvet, såg på eit maleri. Og vart var Tore.

«Er han din?»

«Ja.» Ranveig raudna. «Hels på mannen, Tore,» sa ho.

Tore såg på henne, sløvt. Men helsa ikkje. Han var so oppteken med å rive sund ei avis no.

«Ver snild gut og hels på mannen, Tore,» lokka Ranveig. Ho kjende seg usæl. Ho skjemdes ved Tore, og vilde ikkje vera ved det.

«Han er – han er ikkje heilt normal,» sa ho. I trass.

«Stakkar. Lat han berre vera,» sa Arvid. Han stod og såg på henne. Og på Tore.

[197] «Stakkar,» sa han igjen. Men det var liksom ikkje til nokon.

Kva skulde ho segja? Kva skulde ho gjera? Ranveig fingra litt med boka ho las i. Ho la saman nokre papir. So tok ho Toreguten med seg og leidde han ut i kjøkenet.

«Eg kjem straks att,» sa ho, og smilte litt uviss til Arvid.

«Vil De koke kaffe,» bad ho gjenta, «og anse etter Tore litt? – Eg har fått framand. Ein gamal kjenning heimanfrå,» la ho til. «Han har vore i Amerika –.»

Kvifor står eg og segjer alt dette, tenkte ho, kva kjem det henne ved? Eg har då ikkje gjort noko gale. –

Ho svinta innom soveromet. Ho retta på håret og tenkte på om ho skulde skifte kjole? Den mørke blå med kniplingskragen klødde henne so godt.

Men det vilde vel sjå underleg ut? Berre for ei lita kvardagsleg vitjing slik? Og kva måtte ikkje Arvid tru?

Ho gjekk inn som ho var. Ho gjekk frå det eine til det andre. Ho skulde duke kaffebordet.

«Ja, for du drikk vel kaffe,» sa ho. Og var husmor.

«Ja takk. Men eg vil heller tala med deg.»

«Vi pratar til kaffen,» smilte ho litt nervøst, «og no kjem Ketil straks.» –

Hauge kom. Han drakk kaffe i lag med dei. Han sa det som måtte segjas – om veret, om Amerika og arbeidsvilkår der. Arvid svara, og fortalde litt.

Men det vart ingen samtale.

[198] «De må orsaka,» sa Hauge og reiste seg so snart han for skam skuld kunde, «det ligg for so mykje arbeid borte på skulen –.» Dermed gjekk han.

Ranveig visste han laug. Det låg ikkje for noko arbeid. Han hadde nett gledd seg so til å vera fri i ettermiddag. Han hadde tala om det ved middagsbordet. Og orda frampå om ein tur i det nye snøføret.

No tenkte han ikkje på tur meir. No gjekk han og tråva fram og tilbake der borte på kontoret. No hadde han det vondt.

Ranveig tyktes sjå han. Ho stridde striden med han, hørde fotstega – fram og tilbake. Utan ro. Ho hustra.

«Det blir kaldt,» sa ho. Og la innpå omnen.

Dei hadde ein stor gamaldags vedovn i stova. Det knitra og spraka so triveleg i den, og det lyste frampå golvet. Det fylgde gjerne slik heimehygge med denne sprakinga. I dag pinte det berre.

Arvid hadde sete og set på henne ei heil stund. Og tenkt.

«Du gifta deg du,» sa han brått.

Ranveig skvatt til. Ho freista læ.

«Ja. Det vart til det.»

«Du orka ikkje vente?»

«Eg – eg visste til slutt ikkje kva eg skulde vente på. Du skreiv aldri –.»

«Nei. Nei. Det var vel ikkje større å vente på heller,» mulla han.

Han dreiv bort til glaset og stod der ei stund og såg ut. Då han snudde seg mot henne igjen, var han heilt roleg.

[199] «Du må orsaka at eg kjem slik busande på deg. Eg visste sjølvsagt du var gift. Og helst skulde eg vel ikkje ha kome. Men – eg vilde so gjerne sjå deg att, Ranveig.»

Det siste kom mjukt.

Ranveig tok til å skjelve. Ho ynskte han måtte gå no. Og ho vilde han måtte bli.

«Eg er glad for du kom,» sa ho endeleg. Fatigsleg.

Ho visste ikkje meir å segja. Ho skulde spurt om so mykje, om arbeidet hans, om mora – og om han var gift? Men nei, det var han ikkje. Han hadde ingen ring. Og elles so kunde han ikkje vera gift. Han hadde vel ikkje vore her då.

Då stod han tett ved henne. Augo hans brann mot henne.

«Møt meg i byen ein dag,» bad han, «eg må få tala med deg. Skikkeleg. Her kan eg ikkje. Høyrer du?»

Ho hørde. Ho visste at no skulde ho segja nei. Ho visste at no gjekk Ketil Hauge der borte på skulen og hadde det vondt. For hennar skuld. Og med god grunn. Ho *visste* so mykje. Ho visste alt. Men det galdt liksom ikkje.

«Eg skal koma,» sa ho. –

For ho måtte vel kunne tala med han, varde ho seg sjølv då ho vart åleine. Det var vel ikkje noko gale i å talas ved? Dei hadde då vakse opp i lag.

Men ho sa ikkje noko til Hauge om dette. Dei nemnde i det heile ikkje denne vitjinga, nokon av dei.

8

[200] Ranveig hadde møtt Arvid i byen. Dei hadde talas ved.

«Du har aldri vore glad i den mannen,» sa Arvid. Han meinte Hauge.

«Ikkje som eg skulde kanskje,» sanna Ranveig med.

«Ikkje som i meg?»

«Nei. Ikkje som i deg.»

Det tente ikkje til noko å dylja det. Det var slik. Hadde alltid vore slik. Alltid vore Arvid. Det var han meir enn nokon annan. No òg.

Han var mannen. Han var alt ho lengta mot. Han var den ho elska. No som då ho var ung.

«Men kvifor?» sa Arvid, «kvifor venta du ikkje? Korleis kunde du gifte deg?»

«Eg skynar det ikkje,» sa Ranveig. Det var sant. Ho skyna det ikkje. No.

Alt ho hadde levt, alt ho hadde lide var ingen ting mot dette at ho ikkje hadde venta. At ho ikkje hadde havt tru og tolmod. Men ho måtte orsaka seg òg.

«Eg skal fortelja deg noko,» sa ho. Og ho fortalde om første vinteren sin i Oslo. Om barnet hans – som ikkje fekk leva.

Med kvart ho fortalde, levde ho opp igjen redslone, pina. Det var vondt. Men det gjorde godt å få fortelja det til Arvid. Han vilde skyna henne.

Ho hadde vorte med han på romet hans. Ho sat der og stira framfor seg, og fortalde. Til slutt fortalde ho om Gudrun.

«Men kvifor må det vera slik,» klaga ho, «kvifor er det skam å få barn?»

[201] «Det er vel ikkje skam –.»

«Nei. Men om eg hadde fått barnet den gongen, då hadde det vore skam – det veit du. Det visste Gudrun òg. Det veit alle som prøver å bli kvitt det.

Teoretisk preikar alle om det heilage moderkallet. Men i praksis? I praksis let vi møderne forkomas og borna døy. Eller har du ikkje set dei stikkande nyfikne augo, Arvid? Har du ikkje høyrte kviskringa omkring ei kvinne som skal bli mor? Når ho ikkje er gift då.

For når ho er gift er det inga skam. Då finns det ikkje skam lenger. Kari er inga skam, ikkje Tore heller –.»

Ho slo brått hendene for andletet og stunde. Nei, Tore var inga skam –.

«Eg har tenkt so mykje på dette,» heldt ho fram igjen, «på det eg gjorde den gongen. Om det var synd?

For meg er det synd, sa Anna ein gong – ja, du hugsar då klokkar-Anna? – for meg er det synd, sa ho, då eg vilde ha henne med meg i teatret. For meg –. For meg har dette vore synda. For meg har det vore synda. Eg kan ikkje fri meg frå det. Og eg må bera fylgjone.

Nei, lat meg tala, Arvid; eg har aldri møtt nokon eg kunde tala med om dette. Og det har pint meg so. –

Eg har tenkt so på dei unge som veks opp *no*. Dei ser kanskje annleis på dette. Dei ser det ikkje som synd. Berre som eit samfundsspørsmål. Når dei ikkje kan ta barnet – eller vil ha det – so kvittar dei seg med det. Og er ferdige med *det*.

[202] Dei blir ikkje plaga av skuldkjenslor og hefte av vondt fylgje. Dei kjenner det ikkje som synd lenger. Trur du vel?»

«Eg veit ikkje. Eg har aldri tenkt over dette –.»

«Men du sa ein gong – hugsar du? om Mette og far – kvifor hindra dei det ikkje, sa du. Det var naturleg for deg òg å tenkje det.»

«Det var kanskje det. Eg tenkte vel elles ikkje større over kva eg sa den gongen.»

«Trur du ikkje det blir betre å vera til når vi får vekk skuldkjensla då? – Eg har tenkt so på Gudrun – og på Kari, mi eiga vesle gjente –.»

«Du har havt det vondt, Ranveig; du har bore for tung ei bør. No tenkjer vi ikkje meir på dette.»

«Men eg *må* tenkje på det. Eg må få tala om det. Ein gong. – Veit du, når eg tenkjer på Kari, so ynskjer eg i grunnen ikkje ho skal bli fri skuldkjensla heller. Ikkje heilt fri. Det kjem for meg det må bli ei vond tid å leva i det òg. Trass i alt. Når kroppen sine krav er dei viktugaste –.»

Arvid smilte mot henne.

«Men slik er det vel no òg, Ranveig. Tenk deg om. Vi når ikkje til noka åndeleg høgde heller, utan at kroppskrava blir stetta.»

«Nei, det er vel so. Til ein viss grad er vi dyr. Vi treng luft og lys, vi må ha mat og varme –.»ⁿ²²

«Vi må ha kjærleik med –.»

Den mjuke, varme røysta – den var so fårleg nær. Hendene hans heldt om hennar. Vi må ha kjærleik, sa han.

Ranveig let att augo som mot for sterkt lys. Ho kjende seg veik.

[203] «Eg må gå no,» bad ho, «eg må gå heim. Kanskje ventar dei på meg.»

«Du skal ikkje gå. Du skal vera hos meg. Alltid. Det er hos meg du høyrer til. Det veit du.»

Han heldt hendene hennar fast i sine. Han vilde ikkje sleppe.

«Lat meg gå heim til mannen din. Lat meg tala med han. Han må gjeva deg fri – han har ingen rett til deg. Har aldri havt det. Det er meg du elskar.»

«Men Kari – og Tore –.»

«Tore kan du ikkje slite med lenger lel. Han vil ikkje sakne deg ein gong –.»

«Eg veit ikkje, Arvid. Eg kan ikkje sjå. No. Eg må få tenkje –.»

«Du har tenkt for mykje som du har. Du har gått berre og tenkt og gruvla i mange år. Men livet skal levas det, Ranveig. Og du skal ut i sola. Ut or berget. Du skal vera glad igjen.»

Ho måtte smile gjennom tårone som vilde bryte fram alt i eitt. Han var so ivrig. No småhoppa luggen. Den var ikkje so mørk brun lenger, det var nokre grå hår i laget med – ho måtte stryke handa si gjennom dei.

«Vi reiser til Amerika,» sa han, «eg kan få arbeid der når eg vil. No. So tar du opp vevnaden din. Tar med deg fargane her heimanfrå. – Vil du eg skal måle for deg ein liten heim – din og min. Hegna av blomar. Logn som eit dunklædt reir. – Det er fint derover òg, kan du tru! Eg har set nokre solnedgangar der –.»

«Fargane var kanskje ikkje dei som helst fylgde med –.»

[204] «Å jau då, dei vilde leike i hugen din –.»

«Saman med minna?»

Ranveig var kvit då ho sa det. Ei lita stund hadde ho vore med i tankane hans, i lengten, i vonene. Ei lita stund hadde ho trudd på lukka. Men so høyrde ho fotsteg, fram og tilbake. Kvilelause. Dei og vilde fylgje henne.

Minna? Arvid slepte hendene hennar. Han sa ikkje meir. Han gjekk bort til glaset. Han stod og såg ut på ein annsam by. Folk som gjekk heim, folk som gjekk på arbeid – kvar med sine sorger, med si glede og von. Livet i dag. Og morgondagen? Ingen visste om den.

«Men dette er meiningslaust,» sette han brått i og snudde seg mot henne, «det er i dag vi skal leva. Ikkje i går eller i morgon. I dag er livet ditt og mitt. I dag lever vi. Kva veit vi om noko meir? Kva anna er det som gjeld? –

Du lever i det som har vore. I går. Det er synd av deg. Det er det som er synda. Kan du ikkje sjå det, Ranveig? – Minna kastar vi over bord, og går inn til dagen og sollyset. Til lukka. Du vil fylgje meg, Ranveig? Seg ja. Du *må* segja ja.»

Han vilde ta henne i armane sine. Ho var hans. Men ho skuva han til side.

«Lat meg tenkje meg om,» bad ho, «lat meg gå heim no.»

«Men du vil koma att? Du vil møte meg igjen?»

«Ja. Eg vil møte deg igjen. Endå eg veit eg gjer urett. Nei, lat meg gå no, Arvid.» –

– Ho *gjekk* heimover. Endå vegen var lang.

Trikkane dura forbi henne, bilane ylte og susa [205] forbi, folk hasta kvar til sitt. Berre Ranveig hadde god tid. Eg kjem tidsnok heim, tenkte ho.

Men med kvart var det som dette yrjande livet trengde seg inn til henne og tvinga inn på henne ein raskare rytme. I dag er livet, dagen i dag er vår, tok det smått til å

synge i hugen hennar.

Arvid sine ord, Arvid sin iver tok henne. Livet skulde levas. Livet er i dag.

Ho måtte til side for ein brun hest som kom imot henne. Bjølleklangen, hesten, snø-yret – alt minte henne om Landsem. Ei ung gjente hang i armen på ein gut, såg han opp i andletet, lo. Dei var unge, lukkelege. Ranveig måtte sjå etter dei. Livet i dag.

Ho tok til å drøyme. Om det som var. Om det som kunde bli. Om ein ny liten heim. Ho dekte veggene med tjeld og putor, ho planta blomar – og sola vermdde. Slik hadde ho drøymt ein gong før. Det var lukka den gongen. No drøymde ho igjen.

Det snødde smått. Snøkrystallane la seg i håret hennar, krølla det og vart liggande der som doggdropar. Ranveig ansa det ikkje.

Ho gjekk fort no. Gjekk i takt med rytmen frå byen. Ho smilte og var raud i kinna. Ho tenkte på Arvid. Snart skulde ho sjå han igjen. Snart skulde dei møtas.

Mange slag tankar og minne flaug henne gjennom hugen. Ho hørde dombjølleklangen heime, ho gjekk i Småhaugane og plukka tyteber, gamlepresten myste til henne over brillone. Og far – far stod og såg på henne og undras om den vesle skåla var so mykje verd? –

[206] Då vakna Ranveig or draumane sine. Ho var heime. Og Kari kom springande imot henne.

«Er du der, mor?» ropte ho. «Vi har leita so etter deg. Både far og eg. Vi har vore so redde. Kvar har du vore so lenge?»

Kvar hadde ho vore? Ho såg Hauge bak Kari – ottefull, glad. Han vilde spyrja –. So tok han seg i det. Og tagde. Han såg berre på henne. Han snudde og gjekk inn. Til seg sjølv.

«Eg var i byen,» hørde Ranveig seg sjølv segja, «eg møtte nokon og vart hefta.»

Ho stira mot døra der Hauge gjekk inn, hørde stega hans, såg augo. Dei minte om far sine.

Far. Er ho no so mykje verd – er ho no so mykje verd, kviskra det i henne. Skreik det til slutt – er ho no so mykje verd? Å gud, kvar hadde ho vore? –

«Har de verkeleg leita etter meg?» sa Ranveig og la armen sin kring dei smale gjenteakslene. Ho hadde hengt av seg ytterklæda og strauk håret or panna.

«Ja. Eg trur far har vore her tjuge gonger den siste timen og spurt etter deg. No vilde han vi skulde gå imot deg. Og so kom du. Tore har spurt etter deg òg. Han slo Laura då ho vilde stelle han, han skreik og ropte mor. Til slutt måtte far ta han.»

«Venta Tore òg?»

«Ja. Det er ikkje noko triveleg heime når du er borte, mor.»

Ranveig kunde berre trykke gjentungen inn til seg. Ho freista smile.

«Men no er eg heime, Kari. So no er det vel bra.»

[207] – Straks etter bad ho om ikkje Kari vilde hjelpe Laura litt med kveldsmaten.

«Og stell det litt ekstra hyggeleg i kveld, du – for far. – Eg vil so gjerne få kvile meg litt. Eg har fått slik hovudverk – eg gjekk kanskje for fort –.»

Ho måtte få vera åleine ei lita stund. Måtte få slite seg gjennom verste striden åleine. For det vart visst inga reis med henne. Det vart visst ingen ny heim. Ho visste det no – livet er ikkje berre i dag. Det er i går og i morgon med.

9

Dagane som kom, var vonde. Somtid låg lukka og lo like ved henne. Berre riv deg laus, lokka ho. Riv deg laus og kom. Pina er stutt, lukka er lang. Riv deg laus og kom.

Andre gonger stira ho ned i avgrunnen. Vil du bli sæl, må du hogge alle fåfengde draumar av, ropte det mot henne. Kva gagnar det deg om du vinn all verda, men tar skade på sjela di? Kravet var over henne. Gud eller Mammon.

Nei, ikkje Mammon. Ikkje om ho gjekk med Arvid heller. Gud var der like fullt. For Arvid hadde vel òg krav? Det var han ho hadde lova først. Det var han ho hadde svike. Skulde det ikkje vera rett å gjera det godt att? Når ho kunde.

Ein ny liten heim lokka. Den låg der i solskinet og smilte mot henne. Der var gleda, der var lukka. Ei skål fyllt til randa.

Men er ho no so mykje verd? Ranveig hustra.

[208] Tunge kvilelause fotsteg fylgde henne. Ei lita gjente undras kvar mor var? – Er ho no so mykje verd?

Ranveig wilde. Og wilde ikkje. Ho var som bunden millom to ville hestar. Ho wilde slitas sund. Same kor det gjekk. Reiste ho med Arvid, wilde noko bli att her. Vart ho her, wilde noko reise med.

Ho møtte Arvid i byen. Ein gong. Fleire gonger. Han bad. Han trygla. Han wilde tala med Hauge. Straks. Men ikkje no, bad ho. Ikkje enno. Ho måtte få tid på seg.

Når ho var saman med Arvid var alt so greidt – det var berre å rive seg laus då. Berre å segja ifrå at no wilde ho ikkje meir. No måtte ho få vera fri. Og fri fekk ho sjølv sagt.

Men når ho kom heim var det uråd. Det var tusen trådar som batt. Det var Tore. Og det var Kari. Augo hennar Kari tok til å bli so utrygge igjen. Ho kom ikkje springande meir og ropte mor, kvar har du vore? Ikkje om Ranveig vart lenge heller.

Ho gjorde seg lita og usynleg. Ho gjekk og stelte med Tore. Og budde seg til å ta mor sin plass, kom det brått for Ranveig ein dag. Det stakk til so vondt i hjarta med det same. Ho såg Kari sitte i golvet og freista leike med Tore. Ho smilte til han og var endelaust tolmodig når han ikkje skyna kva ho vilde. Ho var ei lita mor. Ho vilde bli det.

Ho fór so stilt med alt sitt. Når Ranveig bad henne om noko, sprang ho som ei pil. Vilde vera snar, vilde gjera det vel. Og augo spurde kvar gong om det var bra. Om mor likte henne no?

Hauge hadde flytta frå henne igjen. «Eg har so [209] mykje ekstraarbeid,» sa han, «eg er nøydd til å sitte oppe om kveldane –.»

Ho var glad for det straks. Ho fekk vera åleine. Fekk ro til å tenkje. Til å drøyme.

Men med kvart pinte det henne. Ho fekk ikkje sova. Kjende seg uvel. Og alt som tidast måtte ho tenkje på den einsame mannen der borte på kontoret. Han hadde ikkje noko ekstraarbeid. Ranveig visste det. Han gjekk berre unda.

Ho gjekk dit bort ein kveld, skulde tala med han. Då tenkte ho at avgjersla var betre enn alt. Ho hadde budd seg til å ta avskil. Og Arvid hadde ringt om dagen. Han heldt ikkje ut å gå slik og vente lenger.

Ranveig stod utanfor kontordøra. Ho skalv. Då høyrde ho fotstega. Fram og tilbake. Tunge, kvileause. Det var ekstraarbeidet. Ho visste det. Ho slepte dørlinka og gjekk attende. Ho kunde ikkje no.

Då hende noko ein dag. Ho måtte gå til sengs. Ho tolde ikkje maten. Ho hadde vore litt skral ei tid, hadde tenkt å tala med dokter om det òg. Men hadde kvidd seg og kanskje gløymt det for alt det meir som plaga henne.

No låg ho her. Og Kari kom stiltrande med vatn. Ho undras om mor var mykje dårleg? Om dei ikkje skulde hente dokter? Eller far kanskje? kom det utrygt. Vesle omtenksame Kari.

No var ho nede i telefonen. Ranveig kunde høyre henne. «Nei, ho kan ikkje koma no. Ho er dårleg. Eg skal be henne ringe. Javel.»

Straks etter var ho oppe hos Ranveig igjen og fortalde at ingeniør Berge hadde ringt. «Du måtte ringe [210] straks du kom opp,» sa Kari. Ho var raud og brydd. Ho såg ikkje på mor si. Og straks etter gjekk ho ned.

Ranveig låg att åleine. Ho tenkte på Kari, på dei redde augo hennar. Ho mintes henne som lita –.

Brått visste Ranveig kva som feilte seg. Ho sette seg i senga. Det kom som i eit lynglimt. At ho ikkje hadde skyna det før! At ho ikkje hadde tenkt på det!

Ho skulde ha barn. Ho skulde vera mor igjen.

Ho vilde rope på Kari, på Hauge. Ho måtte ha nokon om seg. Måtte tala med nokon. Tanken tok veldet av henne. Alt anna kvarv og vart til inkjes. Straks. Det fanns ikkje tvil. Ho visste det var slik. Men at ho ikkje hadde tenkt på dette før!

Med kvart kom minnet igjen. Og tankane kom veltande. Ho ropte ikkje på Kari, ikkje på nokon. Ho la seg attende i senga. Ho måtte tenkje no. Måtte tenkje på Arvid –.

Med dette vart alt annleis. Ho kunde ikkje bli fri. Det nye barnet batt fastare enn noko anna. Det var der alt. Det levde i henne. Det kravde sin plass. I heimen. Saman med sine. Ho hadde ikkje noko val lenger.

Gong på gong tenkte ho det same. Ho hadde ikkje noko val lenger, hadde ikkje noko val –. Draumane ho nyss hadde drøymt, vart uverkelege. Dette nye fyllte henne. Gjorde henne glad. Og redd. Ho tenkte på Tore, og otten låg der på lur og vilde kjøve henne.

Men ingen ting var som den gongen ho skulde ha Tore. Ho var fysisk sterk no. Trass i alt. Og ho måtte vel kunne bera fram eit friskt barn. Sjølve [211] tanken på dette nye barnet gjorde henne forunderleg glad. Ho hadde ei sterk kjensle av samanheng. Ho skulde få tena livet igjen.

Som den fælslege dagen då Gudrun var død, såg ho vegen igjen. Såg skimten av livsmysteriet. Ho var ikkje i tvil lenger. Ho visste kvar ho skulde gå.

Då det leid på dagen, stod ho opp og gjekk til byen. Ho måtte tala med Arvid.

Ho kom inn til han. Og han såg det var noko. Han trudde ho endeleg hadde gjeve seg – det han heile tida hadde trudd ho vilde gjera. Han kom imot henne – glad.

«Eg blir ikkje med deg,» sa Ranveig med ein gong. «Nei, ver roleg. Set deg,» bad ho då Arvid vilde fara opp.

«Eg skal ha barn,» sa ho.

Ho stod framme ved bordet. Arvid bad henne sette seg. Men ho vilde ikkje. Ho stod og såg framfor seg og leita etter det ho meir vilde segja.

All uvisse var som stroken av henne. Alt Arvid sa, alt han bad og freista overtelja – det spratt av mot dette rolege «eg veit eg gjer rett når eg blir her. Hos mine.»

«Men du kan ikkje rive over det bandet som bind oss saman, Ranveig. Det må du kjenne. Det har aldri vore nokon annan enn du – for meg.»

«Det bandet som batt oss saman, reiv eg over då eg drap barnet ditt.»

Sjølv dette sa ho roleg. Det var slik.

Arvid vilde ruske i henne, vilde få henne til å vakne, til å sjå –.

[212] «Du må då sjå at dette er meiningsløyse,» ropte han. «Det er då vi som høyrer saman. Det er meg du elsker –.»

«Eg veit ikkje det so visst. Ikkje no lenger. Eg synes mest denne tida har slite ut evna mi til å elske. Slik som du meiner.»

«Det er berre no du synes dette. Du er veik, du har havt det vondt –.»

«Set deg, Arvid. Lat meg få tala roleg med deg. Det er sant eg har havt det vondt. Men eg vil få det vondt framleides om eg fylgjer deg no. – Det er mange måtar å drepa born på –. Nei, lat meg bruke dei verkelege ord – for eg meiner dette. Når eg tar tryggleiken og gleda bort, då drep eg *barnet*. Eg er på god veg til å gjera det med Kari no. Det såg eg i dag. – Du sa ein gong vi måtte ha kjærleik. Og det må vi. Men ikkje berre til oss sjølve.»

«Alt dette er berre ord, Ranveig – eller tankar du har tenkt i all di rådløyse. Dei kan vera vene – men det er ikkje *livet*. Du vil vakne ein dag, og hungre etter livet –.»

«Eg vil få mange tunge stunder. Trur du ikkje eg veit det? Men du tar i miss når du meiner at dette ikkje er livet. For det er det. For meg er det livet. Og for oss alle. Vi ser det kanskje ikkje likt alle, men ein gong vil vi sanne at det er kjærleiken som er livet. – Eg veit ikkje korleis eg skal få sagt deg det eg meiner. Har du set kornet om hausten når det duvar i solgangsbris. Det er vent. Det er livet i dag. Men dersom kornet vil leva vidare, må det døy. Det må gjeva seg sjølv og vekse opp på nytt or molda. Dette er kjærleik.»

[213] «Men dette har ikkje noko med oss å gjera, med deg og meg. Dette er ord –.»

«For meg er det ikkje berre ord. For meg er det livet. Og eg vil tena skapartanken. Eg veit den er kjærleik. Endelaus kjærleik. Ein dag vil du og sjå, Arvid. Og då vil du skyna meg.»

«Eg vil aldri i verda sjå. Eg vil ikkje skyna.» Han sa det i sorg. I trass. Ein liten gut som ikkje fekk viljen sin. –

Ranveig stod og leita etter meir ho skulde sagt. Då ho gjekk heimanfrå var det so mykje – no fann ho ikkje att orda. Eller dei høvde ikkje, vart berre ord.

Ein tanke fall henne inn. Ho måtte smile. Litt sårt kanskje. Ei lita strofe av ei gamal vise låg og dirra inni henne – venteleg var det den som tvinga fram tanken. «Det er eg som ber sorgi so tunge –.»

«Hugsar du Margit Hjuksevisa, Arvid? Om ho som gjekk i berget i mange år og lengta mot sol og glede. Lengta heim. Kyrkjeklokkone ringde henne or berget ein dag. Men dei ho let etter seg der, gret og klaga. Ho fekk ikkje fred, ho måtte tilbake.

Slik vilde det gå med meg òg. Eg vilde ikkje få fred. Eg vilde øyde livet ditt, i staden for å gjeva deg lukka.»

«Dette skal du lata meg døme om.»

«Dette må eg døme om. Slik eg ser det. – Eg kan ikkje reise vekk utan at det klagar og græt etter meg. Det veit du. Og klaga vil fylgje meg. Alltid. Om du hadde set Kari i dag –. – Og so dette vesle barnet – du vil ikkje kunne gløyme at det ikkje er ditt. Sjølv om du trur det no.»

[214] «Det turvte vel ikkje bli – korkje mitt eller ditt –.»

Han sa det seint. Kvart ordet sleit seg fram. Og verka som piskeslag.

Ranveig vart kvit. Ho stira på Arvid. I redsle.

«Dette meiner du ikkje,» sa ho, «dette meiner du ikkje –.»

Ho stunde høgt. Ho knytte nevane mot munnen, måtte ikkje skrike.

«Dette meiner du ikkje,» kviskra ho igjen.

«Nei, eg gjer ikkje det heller.» Han dreiv att og fram på golvet. Stana til slutt framfor henne. «Nei, eg meiner det ikkje. Endå eg trur ikkje det vilde vera synd. – Har Vårherre gjeve oss vitet, so er det vel for at vi skal bruke det.»

Han dreiv frå henne att. Stod litt og såg på byen. Og tenkte.

«Synd?» sa han endeleg beiskt, «kva veit vi om synd? Når ei mor ikkje har mat og klæde åt ungane sine – er det då synd å nekte dei livet? Kva vil livet bli for dei? Anna enn naud og styggedom – og synd til slutt? Og du vil døme mora som drep – er det ikkje slik du liker å segja det?»

«Eg vil ikkje døme nokon – minst av alt ei mor som ikkje ser nokon annan utveg. Men det samfundet som ikkje gjev betre vilkår for møderne – det vil døme seg sjølv ein dag. Det trur eg. Far din sa eit ord som eg minnes, og som eg trur på – kanskje du og minnes det? Han er gamal han som temmer, sa han.»

«Eg hugsar det. Eg hugsar mykje anna òg –.»

Han var ikkje hard og beisk lenger. Han stod ^[215]tett ved henne. Han såg ned i det bleike forpinte andletet, med dei store sorgfulle augo.

«Vesla,» sa han mjukt.

Då såg Ranveig på han med augo som rann fulle av tårar.

«Lat meg gå no, Arvid,» bad ho, «ikkje gjer det tyngre for meg enn det er. Eg orkar ikkje so mykje.»

Ho gav han handa. Ho smilte ein modig liten smil.

«Ein dag om mange år,» sa ho, «når du sit derover med borna dine – då vil du kanskje fortelja dei soga om Margit Hjukse – om den norske gjenta som gjekk tilbake til haugen.»

«Om henne som gjekk tilbake og spreidde sol og lukke ikring seg – der det elles ikkje var noka sol. Ja, eg vil fortelja om henne. Og om akset som luter mot jorda og veks opp igjen fordi det gav seg sjølv –. Å Ranveig, eg kan ikkje sleppe deg. Eg kan ikkje –.»

Ein liten augneblink var ho redd han skulde bryte saman. Og ho visste ikkje om ho var sterk nok til å gå då. Han måtte ikkje, måtte ikkje halde henne fast no. Og han gjorde det ikkje.

«Takk likevel fordi du kom,» sa han, «fordi eg fekk sjå deg. Som du var. Som du er. Alltid. Vesla.»

Han slepte hendene hennar. Og Ranveig smaug ut. Stilt. Ho gjekk med små ustøe steg. Ho gjekk heim.

10

[216] Ranveig gjekk inn til Hauge og vilde tala med han. Han sat med noko skriving og såg so vidt opp då ho kom.

«Var det noko du vilde?» sa han.

Ho svara ikkje straks. Ho såg på håret hans. Det hadde gråna. Eller hadde han vore so grå før òg?

Ho sat med hendene knepte fast i einannan. Ein liten korsberar som måtte gå vegen sin.

«Det er noko eg må fortelja deg,» sa ho endeleg. Ho var so inne i sitt – ho ansa ikkje at Hauge bleikna og hogg nevane i stolen.

«Eg har venta det,» sa han. Tonlaust.

«Eg skal ha barn,» sa Ranveig. Ho ansa endå ikkje etter kva han sa. Ho var stupende raud.

Han såg på henne. Ikkje glad. Men slik at ho hustru og kjende seg naken. Ho vart uroleg. Ottefull.

«So vil du vel reise straks venteleg,» sa han endeleg.

«Eg vil ikkje reise. Eg vil vera her. Hos deg.»

«Hos meg?»

«Ja. – Barnet skal vel helst vera hos far sin,» freista ho skjemte.

Men det var ikkje skjemt. Det var alt det som måtte segjas. Det var bøn om skynsemd. Det var Ranveig sin strid, hennar siger. Det var hennar framtid no. Dersom –

Han må ikkje segja noko, tenkte ho, bad ho – han må ikkje segja at det ikkje er hans, at det ikkje kjem han ved, han må ikkje, må ikkje – då går eg Gudrun sin

veg – då kan eg ikkje meir –. –

[217] Kanskje kjende Hauge kva ho tenkte, og tok seg i vare. Kanskje hadde han nok med sin eigen strid, og tenkte sine egne tankar. Han hadde ikkje havt det godt.

Dei såg på kvarandre. Lenge utan ord. Ranveig var kvit. Ho venta.

«Er det berre barnet som må vera hos far sin?» sa Hauge endeleg.

Ranveig let att augo ein augneblink. Spørsmålet skar gjennom henne. Det kravde svar.

«Det er eg som bed om å få vera hos deg,» sa ho stilt. «Saman med deg og borna.»

«Vil du det?»

«Ja.» –

Spaninga løyste seg opp, og gjorde henne veik. Ho var redd ho skulde sige saman, og ho vilde ikkje gjeva seg over. Ho ynskte han vilde syne henne glede, noko av seg sjølv. Men han stod der berre, og no visste ho ikkje kva han tenkte.

«Skal eg få spyrja deg om ein ting til?» sa han igjen. Mest motviljigt høyrdes det.

«Ja?»

«Var det mykje vondt for deg då du skyna du skulde ha barn – var det eit stort vonbrot meiner eg?»

«Nei,» sa ho straks og lyste opp litt, «eg vart glad. Eg er glad. Er ikkje du, Ketil?»

«Jau.»

Men han lo ikkje imot henne. Ordet sleit seg fram. Og brått låg han å gruve over skrivebordet. Og gret. Den store sterke mannen gret som eit lite barn.

Først vart Ranveig redd. So gjekk ho bort til han. Ho strauk håret hans. Gong på gong.

[218] «Ketil,» bad ho, «Ketil då –.»

«Eg har vore so redd,» stunde han, «eg har havt det so vondt –.»

Då han fekk roa seg igjen, stod han med armen om akslene hennar og såg ut over byen og fjorden. Båtane ylte der ute, dei kom og gjekk. Og her nede på leikeplassen skråla borna. Dei såg eit par av dei som sloss om eit par skeisor.

«Vil du ikkje reise bort ei stund,» sa Hauge med eitt, «so du ikkje går her og ser på dette. No.»

«Eg vil helst vera her,» sa Ranveig då ho hadde tenkt seg om litt. «Hos deg,» la ho til. Og kjende det som no skar ho siste bandet over. Ho såg etter ein storbåt der ute, og tenkte at no kom dei ikkje med bod og helsing til henne meir. Ho var ferdig med det. Ho smilte til Hauge.

«Borna gjer meg ikkje noko no lenger,» sa ho igjen. «Det ufjelge ved dei når ikkje inn til meg – og det hjelpelause vil eg gjerne hjelpe deg med. Dersom eg får lov,» la ho til.

Ho fekk lov. –

Dagen etter sat Ranveig og Kari og småprata med kvar si sauming. Det spraka i omnen og lyste frampå golvet. Det tok til å skumas. Men Ranveig vilde ikkje tende lyset endå.

«Eg vil fortelja deg noko,» sa ho, «du som er so stor og flink ei gjente, skynar det nok.»

Ho sat og såg inn i glørne. Ho mintes då ho sjølv var ei lita gjente, alt det ho stridde med, alt det ho hørde og lite skyna. Alt ho gjekk åleine med og undras på. Ho såg på Kari.

«Eg skal ha eit lite barn når det lid om ei tid,» sa ho.

[219] Kari raudna. Ho svara ikkje noko, såg berre til sides på mora. Og so inn i glørne att. Lysskjeret kasta glans over henne.

«Det er ikkje noko lettarbeid å bera fram eit lite barn,» heldt Ranveig fram, «det skynar du sakte. Difor vilde eg spyrja deg om ikkje du vil hjelpe meg litt. Med å passe Tore, og elles òg?»

Kari svara endå ikkje. Ho smaug seg berre tettare inn til mor si. Ho sat på kne med hendene sine i fanget hennar.

«Gruar du mykje?» kviskra ho, blygt. Ho var ei lita kvinne.

«Nei. Eg gjer ikkje det. Eg er glad.»

«Eg òg er glad, mor.»

Ranveig måtte sjå ned på gjenta si. Andletet stråla mot henne. Eg òg er glad, sa ho.

Kari skyna kanskje ikkje alt. Men det skyna ho klårt, at mor var her. At mor skulde vera her. Og no gav mor henne ein av sine eigne dyre løyndomar. Eg skal ha eit lite barn, hadde ho sagt. Difor stråla Kari mot henne. –

«Trur du det blir ein liten gut?» undras Kari om litt.

«Eg veit ikkje. Vilde du gjerne det?»

«Ja. Eg trur det. Det vilde vera so gildt for far –.»

«Kanskje blir det ein gut, du.»

Både Ranveig og Kari tenkte på Tore no. Og dei visste det. Men det var ikkje noko å tala om.

Dei sat i lysskjeret frå omnen. Ein kubbe fata i, den lyste opp ei stund. Og slokna so med kvart.

Noter

[n1.](#) «Ne-ei.»] *rettet fra:* «Ne-ei. (manglende anførselstegn)

[n2.](#) glaset.] *rettet fra:* glaset,

[n3.](#) Når] *rettet fra:* Nar

[n4.](#) fårleg.] *rettet fra:* fårleg (manglende punktum)

[n5.](#) sagt.] *rettet fra:* sagt (manglende punktum)

[n6.](#) par] *rettet fra:* pår

[n7.](#) òg] *rettet fra:* og

[n8.](#) låg og stira] *rettet fra:* låg stira

[n9.](#) òg] *rettet fra:* og

[n10.](#) å] *rettet fra:* a

[n11.](#) òg] *rettet fra:* og

[n12.](#) lenger.] *rettet fra:* lenger,

- [n13.](#) òg] *rettet fra: og*
- [n14.](#) òg] *rettet fra: og*
- [n15.](#) òg] *rettet fra: og*
- [n16.](#) meir?»] *rettet fra: meir? (manglende anførslestegn)*
- [n17.](#) vyrde.»] *rettet fra: vyrde. (manglende anførselstegn)*
- [n18.](#) fór] *rettet fra: for*
- [n19.](#) «Men] *rettet fra: Men (manglende anførselstegn)*
- [n20.](#) òg] *rettet fra: og*
- [n21.](#) òg] *rettet fra: og*
- [n22.](#) varme –.»] *rettet fra: varme –. (manglende anførselstegn)*
-

Sigrun Okkenhaugs *Den vene skåla* er lastet ned gratis fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på bokselskap.no